


# Vestnes kommune



## Årsmelding 2016





# Innhald:

---

Side	5		Innleiing ved administrasjonssjefen
Side	6		Organisasjonskart
Side	7	Kap 1	Vestnes kommune som arbeidsgjevar
Side	14	Kap 2	Sentraladministrasjonen og servicekontoret
Side	18		Politiske møte og politisk verksemd i 2016
Side	23	Kap 3	Barnehagane
Side	30	Kap 4	Grunnskulen
Side	40	Kap 5	Barne- og ungdomstenestene
Side	47	Kap 6	Vaksenopplæring og flyktningteneste
Side	52	Kap 7	Kultur og fritid
Side	62	Kap 8	Helse, omsorg og velferd
Side	74	Kap 9	Bu- og habiliteringstenestene
Side	85	Kap 10	Tekniske tenester
Side	92	Kap 11	Eigedomsdrift
Side	99	Kap 12	Økonomi og rekneskap



# INNLEIING VED ADMINISTRASJONSSJEFEN

---

Som framsida viser var det kommunale året 2016 prega av reformer; for Vestnes sin del politireform og kommune- og regionreform. Året var også prega av samferdsledebatt; særleg europavegen E39 mellom Vik i Vestnes og Julbøen i Molde. Desse store sakene er i avgrensa grad omhandla i årsmeldinga då dei i mindre grad har prega heile kommuneorganisasjonen og drifta her. I hovudsak er det på administrasjonssjef og politisk nivå dette er handtert, samt i media.

Lesaren av denne årsmeldinga vil få ei oversikt over kor omfattande den kommunale verksemda er, kor mangearta oppgåvane er, og kor mange ambisiøse arbeidstakrar og leiarar vi har.

Av politiske saker som vart igangsett i 2016, og som også vil prege åra framover, kan nemnast:

Bygging av nytt helse- og velferdssenter, samt bygging av ny felles ungdomsskule for heile kommunen. Desse sakene, samt kommunereforma, er omtala under kapittel for politiske møte og politisk verksemrd.

Kommunestyret gjorde den 22.juni følgjande vedtak:

*På grunnlag av lokalpolitiske prosessar og innbyggjarhøyringar vedtek Vestnes kommunestyre at Vestnes skal halde fram som eigen kommune med moglege grensejusteringar.*

Fylkesmannen, som kom med sin uttale den 3.oktober, var samd i at Vestnes på kort sikt skal halde fram som eigen kommune.

Denne avgjerda vil i åra framover prege planlegginga vår. Kommunen skal stå åleine, men er helt avhengig av gode naboforhold. Dette gjeld naboar i alle retningar sjølv om våre hovudsamarbeid går mot Romsdal.


Administrasjonssjefen vurderer det slik at kommunen har to forhold som vil prege kommuneorganisasjonen framover:

- Alle fagområde vil kreve kompetanseutvikling for å møte endra og nye behov.
- Digitalisering på alle tenesteområde.


Det blir først og fremst ei leiarutfordring å møte dette dei komande åra.

Den kommunale drifta har gått på det jamne i 2016. Det er svært positivt at vi fekk eit overskott i 2016. Spesielt med tanke på at vi grunna nedgang i folketalet ikkje fekk så stor auke i skatteinntektene som mange andre kommunar, og at vi avskreiv uteståande fordringar som ikkje lenger var reelle.

Vestnes, 27.mars 2017

  
Tone Roaldsnes  
administrasjonssjef

# VESTNES KOMMUNE - ORGANISERING



# KAP 1 VESTNES KOMMUNE SOM ARBEIDSGJEVAR

---

Dette kapitlet omhandlar alle fagområda for Vestnes kommune som arbeidsgjevar.

## 1.1 IA avtalen

---

Vestnes kommune er IA-bedrift. Dette inneber at kommunen har plikter og rettar etter IA-avtalen. Som IA-bedrift har kommunen tilgang på ordningar og tiltak som tilrettelegging og økonomisk støtte frå NAV som skal bidra til at tilsette med redusert arbeidsevne kan bli verande i arbeid og hindre fråfall.

Samarbeidsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv bygger på IA-avtalen for 2014 – 2018 og har som overordna mål å betre arbeidsmiljøet, styrke jobb-nærværet, førebygge og redusere sjukefråvær, samt hindre utstøyting og fråfall i arbeidslivet.

Vestnes kommune har både i 2015 og 2016 hatt fokus på delmål 1 i mål- og handlingsplanen, som er å redusere sjukefråværet.

Målet om å redusere sjukefråværet vart ikkje oppnådd i 2016. Det totale sjukefråværet var 10,3 % mot 9,7 % i 2015. Både på det administrative og politiske nivået har det vore sterkt fokus på tiltak som kan redusere fråværet.

## 1.2 Sjukefråvær, -oppfølging av sjukmeldte

---

Dei tre delmåla i IA-avtalen er:

1. Reduksjon av sjukefråvær
2. Personar med redusert funksjonsevne
3. Avgangsalder.

I mål- og handlingsplan for 2016 – 2017 skal kommunen fortsatt fokusere på delmål 1) sjukefråvær.

To arbeidsmiljøprosjekt vart starta opp våren 2016 og skal halde fram til våren 2017. Desse prosjekta kom i stand i samband med eit større arbeid knytt til organisasjonsgjennomgang og innsats for arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær, jf. vedtak i kommunestyret, sak 102/16. Systematisk oppfølging av sjukemeldte skal føre til at sjukefråværet går ned på sikt. Prosjekta har fokus på både kulturelle og strukturelle faktorar.

Det har vore ei generell auke i sjukefråværet i 2016. Truleg har influensasesongen bidrige til at einingar med tradisjonelt låg fråværsprosent ligg høgare i 2016 i tillegg til langtidsfråvær. Elles er det generelt barnehagane og delar av helse og omsorg som trekker opp fråværsprosenten.

## Sjukefråvær 2016

Einingar med mindre enn 10 tilsette er samla (små einingar kan ha høg fråværsprosent med t.d. éin tilsett i langtidsfråvær).

Fråvers-prosent 2011	Fråvers-prosent 2012	Fråvers-prosent 2013	Fråvers-prosent 2014	Fråvers-prosent 2015	Fråvers-prosent 2016
9,9	<b>8,6</b>	<b>9,8</b>	<b>9,9</b>	<b>9,7</b>	<b>10,3</b>

Totalt for kommunen	Barns sjukdom	Eigenmeldt sjukefråvær	Legemeldt sjukefråvær	Sjukefråvær Heile 2016: 10,3%	Sjukefråvær heile 2015: 9,7 %
<b>Eining for eigedomsdrift</b>	<b>0,1</b>	<b>0,6</b>	<b>2,0</b>	<b>2,7</b>	<b>1,9</b>
<b>Tekniske tenester</b>	<b>0</b>	<b>0,7</b>	<b>2,5</b>	<b>3,2</b>	<b>2,5</b>
<b>BUT</b>	<b>0,1</b>	<b>0,7</b>	<b>6,2</b>	<b>7,1</b>	<b>6,6</b>
<b>Heimetenestene</b>	<b>0,3</b>	<b>1,2</b>	<b>8,3</b>	<b>9,8</b>	<b>10</b>
<b>Sjukeh/Trygdeh/sent.kj</b>	<b>0,1</b>	<b>1,2</b>	<b>11,5</b>	<b>12,8</b>	<b>11,3</b>
<b>Hellandtunet</b>	<b>0,2</b>	<b>1,2</b>	<b>10</b>	<b>11,4</b>	<b>10,2</b>
<b>Bu- og habilitering</b>	<b>0,1</b>	<b>1,1</b>	<b>13,2</b>	<b>14,4</b>	<b>14,1</b>
<b>Kulturskule/bibl/frivillig</b>	<b>0,2</b>	<b>0,8</b>	<b>7,3</b>	<b>8,3</b>	<b>6,4</b>
<b>Hlland skule/SFO</b>	<b>0,4</b>	<b>1,0</b>	<b>6,8</b>	<b>8,2</b>	<b>7,3</b>
<b>Tresfjord skule SFO/ Tresfjord barnehage Skørgen barnehage</b>	<b>0,2</b>	<b>0,5</b>	<b>18,1</b>	<b>18,8</b>	<b>10,3</b>
<b>Tomrefjord skule/SFO</b>	<b>0,8</b>	<b>1,2</b>	<b>7</b>	<b>9</b>	<b>6,9</b>
<b>Fiksdal Oppvekstsenter</b>	<b>0,3</b>	<b>0,8</b>	<b>7,6</b>	<b>8,7</b>	<b>9,3</b>
<b>Hlland barnehage</b>	<b>0,3</b>	<b>1,2</b>	<b>11,2</b>	<b>12,7</b>	<b>11,9</b>
<b>Tomrefjord barnehage &amp; Gardstunet barnehage</b>	<b>0,9</b>	<b>1,1</b>	<b>7</b>	<b>9</b>	<b>9,2</b>
<b>Legesenter, servicekontor, NAV kommune</b>	<b>0,2</b>	<b>0,9</b>	<b>5</b>	<b>6,1</b>	<b>4,2</b>
<b>Sentraladm.</b>	<b>0,3</b>	<b>1,2</b>	<b>6</b>	<b>7,5</b>	<b>5,7</b>

## 1.3 Uttak av pensjon

---

Pensjonstype	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Alderspensjon	11	8	8	10	16	18	11
AFP	7	2	11	10	13	10	9
Uføre-/attføringspensjon KLP	21	38	21	19	36	32	27

Talet på tilsette som tek ut alderspensjon og AFP er redusert i 2016. Begge dei to føregåande åra hadde auke. Av dei som tok ut AFP, var det 6 som tok ut heil AFP.

Talet på dei som etter eitt år med sjukefråvær søkte uførepensjon frå KLP eller SPK er lågare enn i 2015. Av dei 27 som søkte fekk 13 delvis uførepensjon.

## 1.4 Verneteneste

---

Vestnes kommune er delt inn i 30 verneområde med eitt verneombod for kvar verneområde. Hovudverneombodet (HVO) er Kirsti Skjegstad.

HVO har deltatt i verneombodsmøte, AMU, arbeidsmiljøkonferanse, HVO konferanse og IA-konferanse i 2016.

## 1.5 Tillitsvalde

---

Vestnes kommune har 12 ulike tillitsvald-organisasjonar og 4 av dei har tilsette med frikjøp av tid. Det er faste månadlege møte mellom administrasjonssjefen og organisasjonane.

## 1.6 BHT (bedriftshelseteneste)

---

STAMINA er BHT leverandør. STAMINA er både landsdekkjande og lokal aktør.

2016 hadde BHT fylgjande aktivitet:

- Sjukefråværsarbeid
- Planlegging og tilrettelegging
- Systematisk HMS
- Arbeidshelse
- Ergonomi

- Psykososialt arbeidsmiljø
- Fysisk, kjemisk, biologisk arbeidsmiljø
- Almennhelse

## 1.7 Varsling/konflikthandtering

---

Kommunen har utarbeidd rutine for varsling og konflikthandtering. Rutinane er slått opp på alle arbeidsplassar. Kommunen har ikkje hatt varslingssaker i 2016.

## 1.8 Avvik/ skademeldingar

---

Avvik blir registrert internkontrollsystemet Risk Manager. Talet på registrerte avvik har hatt ein stor auke i 2016. Det skuldast at vi har hatt fokus på bruk av systemet og opplæring av alle leiarar i 2016.

År	Registrerte avvik	Restansar
2016	196	1
2015	21	0
2014	11	0

### Personskademeldingar

Alle personskadar som skjer i arbeid blir registrert.

År	Tal meldte skadar	Tal til legebehandling	Fråværsdagar grunna skade
2016	24	5	24
2015	41	9	14
2014	11	Manglar data	42
2013	173	Manglar data	Manglar data

## 1.9 Likestilling – tiltak for å fremme likestilling og hindre forskjellsbehandling

---

Etter kommunelova § 48 skal kommunen i årsmeldinga “*redegjøre for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven og i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven.*

## Tal på tilsette i Vestnes kommune

Tal på kvinnelege og mannlege tilsette er omlag uendra frå 2015 til 2016.

Kjønn	Årsverk 2013	Årsverk 2014	Årsverk 2015	Årsverk 2016
Kvinner	467	486	486	482
Menn	108	108	106	105
<b>Sum</b>	<b>575</b>	<b>594</b>	<b>592</b>	<b>587</b>

### Deltid

Totalt er det tilsett 475 personar i deltidsstilling. Dei fleste av desse er kvinner og arbeider i pleie og omsorg. Frå 2015 til 2016 har det grunna opprydding i inaktive stillingar, vore nedgang i talet på kvinner i fulltidsstillingar.

### Stillingsprosent

	Menn			Kvinner		
	2014	2015	2016	2014	2015	2016
<b>Fulltid</b>	74	75	70	233	237	218
<b>Deltid</b>	57	50	56	421	410	419
<b>Totalt</b>	131	125	126	654	647	637

### Likestilling

Kvinner utgjer 83,5 % av dei tilsette. Vel 2,5 % av dei har leiande stilling. Menn utgjer 16,5 % av dei tilsette. Her har 4,8 % leiande stilling.

Kjønnsbalanse			Sum kvinner og menn
	Menn	Kvinner	
<b>Totalt</b>	126	637	763
<b>Leiarnivå</b>	6	16	22

## 1.10 Betryggande kontroll og høy etisk standard

Etter kommunelova §48 skal årsmeldinga omfale følgjande forhold:

*5. I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten..... Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten.*

Vestnes kommune sine “**Etiske retningslinjer**” vart gjennomgått og revidert av kommunestyret i 2012. Kommunen har eigne interne retningslinjer for “**Handtering av inhabilitet i administrasjonen**”.

Ein høg etisk standard er målet i all tenesteyting. Det vert mellom anna arbeidd med dette på følgjande måtar:

- I ein del einingar er det utarbeidd system for refleksjon over praksis. Nokre einingar har teke i bruk **“Etikkhandboka”** utgitt av Kommuneforlaget. Her ligg det også “refleksjonskort” med etiske problemstillingar. I tillegg har Vestnes kommune utarbeidd eigne refleksjonskort, og desse er tekne i bruk. Kommunens eigne refleksjonskort er utarbeidd for refleksjonar kring sjukefråvær/nærvær og arbeidsmiljøet på arbeidsplassen. Fleire einingar rapporterer om at dei vil ta i bruk refleksjonskorta på ein meir systematisk måte enn før.
- Administrasjonssjefen har gjennomgått delegeringsreglement og rutinar for handtering av mogeleg inhabilitet. Dette har blitt gjort i eige møte med deltaking av leiarar og saksbehandlarar.
- Kommunen har hatt møte med organisasjonen «Samarbeid mot svart økonomi». Organisasjonen er forankra både i KS, NHO, LO, Skatteetaten m fleire. Både tilsette, tillitsvalde og politikarar deltok i møtet. Tiltakslista «Ti grep mot svart arbeid vart gjennomgått». Administrasjonssjefen arbeider med temaet og har som målsetting å legge fram ei sak til politisk behandling for å forankre dette arbeidet i Vestnes kommunestyre.

## 1.11 Rekruttering og kompetanse

---

Kommunen har gjennom opplæringskontoret delteke i yrkesmesse, og vi legg opp til å ha ei meir aktiv rolle inn mot rekruttering i 2016, der kommunen sjølv deltek.

I tabellen nedanfor er det teke med kompetansegevande opplæring i 2016 for tilsette i Vestnes kommune.

Kompetansegevande opplæring- vidare og etterutdanning	Antall tilsette
Logopedutdanning 4 år	1
Desentralisert barnehagelærarutdanning	0
Matematikk 1	2
Rektorutdanning	1
Leiarutdanning i helse- og sosialtenesta	2
Avanser klinisk sjukpleie	2
Miljøarbeid og tverrprofesjonalitet	1
Miljøterapi/demensomsorg	1
Trygg legemiddelhandtering	4
Sjukepleiarutdanning	1
Vernepleie, deltak 4 år	4
Vernepleie	1
Helsefagarbeidar - lærling	4
Helsefagarbeidarutdanning	10
SOR-kurs – mestring og mangfold	70
Opplæring helse- og omsorgstenestelova	140
Vidareutdanning i saksbehandling og tenesteyting	2

Fleirkulturell forståing	1
Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning	2
Barne- og ungdomsarbeidar lærling	2
Barne- og ungdomsarbeidar - privatist	2
Nasjonal utdanning for styrarar	2
Vidareutdanning for ped.leiarar – språkutvikling og språklæring	1

## 1.12 Medarbeidarundersøking

---

Det vart i 2016 gjennomført medarbeidarundersøking for alle tilsette. Vi nytta då 10-faktor undersøkinga, som er KS sin medarbeiderundersøking. (Sjå faktorinndelinga under).

Denne medarbeiderundersøkinga er ny, då vi i 2014 nytta ein anna undersøking. Vi har derfor ikkje samanliknande data frå føregåande år. Andel svar var på 54%. Totalt fekk 850 tilsette tilsendt undersøkinga. Vi fekk svar frå 463 tilsette. Både fast tilsette og vikarar deltok.

Undersøkinga er splitta på einingsnivå. Kvar eining set opp handlingsplan for si eining i etterkant av undersøkinga. Samla for heile Vestnes kommuneviser resultatet at vi ligg nokså likt med landsgjennomsnittet.

Faktor	Navn	Vestnes	Norge	Beskrivelse
Faktor 1	Oppgavemotivasjon	4,2	4,3	Motivasjonen for oppgavene i seg selv, det vil si om oppgavene oppleves som en drivkraft og som spennende og stimulerende. (Også kalt indre jobbmotivasjon)
Faktor 2	Mestringstro	4,2	4,3	Mestringstroen gjenspeiler hver enkelt medarbeiders tiltro til egen kompetanse og muligheter til å mestre utfordringer i jobbsammenheng.
Faktor 3	Selvstendighet	4,1	4,2	Medarbeiderenes opplevelse av å ha mulighet til å jobbe selvstendig og gjøre egne vurderinger i jobben sin, basert på egen kompetanse, og innen en definert jobbrolle.
Faktor 4	Bruk av kompetanse	4,2	4,2	Medarbeiderenes opplevelse av å få brukt egen jobbrelevante kompetanse på en god måte i sin nåværende jobb.
Faktor 5	Mestringsorientert ledelse	3,8	3,9	Ledelse som vektlegger at den enkelte medarbeider skal få utvikle seg og bli best mulig ut fra sine egne forutsetninger, slik at medarbeideren opplever mestring og yter sitt beste.
Faktor 6	Rolleklarhet	4,3	4,3	Høy rolleklarhet innebærer at forventningene til den jobben medarbeideren skal gjøre er tydelig definert og kommunisert.
Faktor 7	Relevant kompetanseutvikling	3,4	3,7	Relevant kompetanseutvikling er avgjørende for at medarbeiderne til enhver tid er best mulig rustet til å utføre sine oppgaver med høy kvalitet, og er avgjørende for kvaliteten på de tjeneste som leveres, uansett hvilken type tjeneste vi snakker om.
Faktor 8	Fleksibilitetsvilje	4,5	4,4	Medarbeiderens villighet til å være fleksibel på jobb og tilpasse sin måte å jobbe på til nye behov og krav.
Faktor 9	Mestringsklima	3,9	4,1	I et mestringsklima motiveres medarbeiderne av å lære, utvikle seg og gjøre hverandre gode, fremfor å rivalisere om å bli best.
Faktor 10	Nytteorientert motivasjon	4,7	4,7	Motivasjon for å gjøre noe nyttig og verdifullt for andre, også kalt prososial motivasjon, er en viktig drivkraft for mange og har en rekke godt dokumenterte, positive effekter.

# KAP 2 SENTRALADMINISTRASJON OG SERVICEKONTOR

---

## 2.1 Oversikt over sektoren

---

### Servicekontoret:

Postmottak, arkiv, politisk sekretariat, sentralbord og kundemottak, eigedomsskattekontor, bustøttekontor.

### Sentraladministrasjonen:

Løns- og personalkontor, administrasjonssjefen si leiargruppe, beredskapskoordinator, allment kulturarbeid, tenestekontor (helse-omsorg).

Vestnes kommune har avtale med Molde kommune om rekneskapsstenester og skatteoppkrevjing. Vestnes kommune har samarbeid med kommunane Rauma, Aukra, Midsund og Molde på IKT-området. Molde kommune er vertskommune for samarbeidet. Nessest, Eide og Fræna vurderer å slutte seg til dette samarbeidet.

### Tal på tilsette

	Tal Årsverk 2015	Tal Årsverk 2016	Ev. merknader
<b>Sentraladministrasjonen</b>	<b>12,4</b>	<b>13,4</b>	Auke med 1 kommunalsjef fra sept. 2016 Slått saman sentraladm. og servicekontor fra 2017
<b>Servicekontor</b>	<b>6,86</b>	<b>6.86</b>	

## 2.2 Resultatmål

---

### Sentraladministrasjonen

Målområde	Styringsindikatorar	Status 2016	Mål 2017
<b>Teknologi/IKT</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>Min Vakt/min timeplan – auka bruk av programmet</li><li>Andel tilsette som har tilgang til bruk av RiskManager avvikssystem</li><li>Andel bruk av RiskManager HMS/avvik</li><li>Andel bruke rekrutteringsmodul</li><li>Andel bruke kompetansemodul</li><li>Andel bruk fravær og ferie</li><li>Andel bruk av personalmeldinger</li><li>Alle rutiner ligg i RiskManager</li></ul>	PO+skule 100 Ca 50 50 0 0 0 10	barnehage 100 100 100 100 90 100 100
<b>Brukarar/elever/ pasientar –</b>	Ingen brukarundersøkingar på området		

	<p>Andel dagsverk med sjukefråver servicektr/sentr.adm:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eigenmeldt</li> <li>• Legemeldt</li> </ul> <p><b><u>Andre forhold i organisasjonen 2016:</u></b></p> <table> <tr> <td>Antal brannøvingar rådhuset</td> <td>1</td> <td>1</td> </tr> <tr> <td>• Antal saksbehandlarkurs</td> <td>0</td> <td>2</td> </tr> <tr> <td>• Andel avklarte sjukepengerestansar mot NAV</td> <td>100</td> <td>100</td> </tr> </table>	Antal brannøvingar rådhuset	1	1	• Antal saksbehandlarkurs	0	2	• Andel avklarte sjukepengerestansar mot NAV	100	100	<p><b>1,2</b> <b>6,1</b></p>	<p><b>0,5</b> <b>2,0</b></p>
Antal brannøvingar rådhuset	1	1										
• Antal saksbehandlarkurs	0	2										
• Andel avklarte sjukepengerestansar mot NAV	100	100										

## Servicekontoret

Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2016	Resultat 2016	MÅL 2017
<b>Teknologi/ IKT</b>	<p>Utarbeide rutinebeskrivelser for arbeidsoppgåver/system</p> <p>Avlevering personsensitivt arkiv til IKA (Vergemålsarkiv, MORS, klientarkiv barnevern og PPT)</p> <p>Avlevering Riksarkivet</p> <p>ROR IKT – bestillarutval også lokalt</p> <p>Arkivplan</p> <p>Tilskot tilpasning (Husbanken)</p> <p>Tilskott etablering (Husbanken)</p>	<p>Ta i bruk dok.modul i RiskManager</p> <p>Avlevere vergemålsarkiv, klientarkiv, barnevern, MORS</p> <p>Opprette lokal bestillarutval</p> <p>Oppretta digitalisering-gruppe</p>	<p>Ikkje gjennomført</p> <p>Avlevert personsensitivt vergemålsarkiv og barneversarkiv</p> <p>Oppretta forliksrådarkiv</p> <p>Utkast til plan</p> <p>Tildelt restpott</p> <p>Tildelt restpott</p>	<p>Alle rutiner i RiskManager</p> <p>Avlevere personsensitivt arkiv.</p> <p>Avlevere forliksrådarkiv</p> <p>Utkast til plan</p> <p>Tildelt restpott</p> <p>Tildelt restpott</p>
<b>Brukarar/ innbyggjar “opplevd kvalitet”</b>	Kvalitet på nett Med ny nettside i 2015 (Målt med antal stjerner der 6 er best)	Arbeide vidare med prosjektet – lage kravspek	ROR-ikt-kommunane arbeider med dette	Arbeide vidare i ROR-ikt med prosjektet.
<b>Sak- arkiv system</b>	Nytt sak- arkivsystem med noark 5 kjerne for å tilfredsstille krav til lagring og digital kommunikasjon med innbyggjarane. Gjeld alle ROR-ikt kommunane	Lage kravspek	ROR-ikt-kommunane arbeider med dette	Lage kravspek, anskaffe og sett i gang til 01.01.2018
<b>Teneste “objektiv kvalitet”</b>	<p>Andel saker behandla innan fastsett tidsfrist:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bostøtte</li> <li>• Startlån</li> <li>• Tilskott til etablering/tilpassing</li> <li>• Drosjelappar</li> <li>• Infolandsaker</li> <li>• Skjenkesaker</li> </ul>	<p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p>	<p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p>	<p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p>

## 2.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

---

### Sentraladministrasjonen

- Samanslåing av sentraladm. og servicekontor
- Moglege nye interkommunale løysingar
- Nye IT system og sjølvbetjening
- Må rekruttere nye medarbeidarar i nær framtid
- Høgt krav til kompetanse

### Servicekontoret

Endringar i forvalningslova og e-forvaltningsforskrifta inneber at digital kommunikasjon skal vere hovudregel for kommunikasjon med innbyggjarane. Det vert etablert eit felles register over innbyggjarane sin digitale kontaktinformasjon og reservasjonsstatus. Frå 2016 er det obligatorisk for alle statlege verksemder og kommunar å bruke dette registeret.

For å nå måla og halde seg oppdatert, må vi få på plass nytt sak- arkivsystem, ny portalløysing og ta i bruk fleire modular i økonomisystemet vårt. Dette krev mykje arbeid og blir samkjørt gjennom bestillarutvalet i ROR-IKT. Det er krevjande å få nok tid til å sette seg inn i nye krav og standardar.

## 2.4 Kva har vi oppnådd i 2016?

---

### Sentraladministrasjonen – løn og personal

- Ajour med rapportering til andre offentlege instansar, KLP, SPK.
- Ajour med registrering av sjukmelding og løpende krav om refusjon oversendt til NAV.
- Har totalt hatt 100 tilsetjingssaker i 2016. Ferievikarinntak i pleie og omsorg tek mykje tid.
- Personalavdelinga har i sitt arbeid med utlysing og tilsetjing i stillingar og vikariat starta opp og teke i bruk ny modul for rekruttering «Rekrutteringsmodulen» i Visma
- “Møteplassen”. Oppfølgingsarbeid ved sjukefråvær kvar månad.
- Starta 2 arbeidsmiljøprosjekt som går over eitt år; 1) “Arbeidsplasskultur” i 3 av einingane; Kulturskulen, Hellandtunet og Kariplassen A i BUHAB og 2) “Sterkere tilbake” i barnehagane. Prosjektansvar/leiing ligg til personalavdelinga.
- Gjennomført kurs for leiarar, tillitsvalde og verneombod: “Arbeid og psykisk helse”.
- Risk Manager (avvikssystem) – opplæring og rutineinnlegging.

### Servicekontoret

- I 2016 har vi journalført og kvalitetssikra ca 18 025 dokument/filer.
- Arkivet behandla 16 større innsynssaker og hadde om lag 750 innsynsførespørslar frå postlista. Rettleia og kursa saksbehandlarar i bruk av sak-/arkivsystem og dokumenthandtering.
- Verjemålsreforma: I 2016 fikk vi avlevert arkivet til IKA (Interkommunalt arkiv).
- Har ikkje hatt kapasitet til å halde heimsida oppdatert – Prioritering: nyhende.
- Eigedomsskattekontoret: 4 klager på eigedomsskatten i 2016.

- Folkeavstemming om kommunesamanslåing: Dette blei gjennomført som eit vanleg val, samt tre dagar med førehandssteming. Valet har kravd mykje ressursar av servicekontoret sine tilsette våren 2016. Gjennomføringa av folkeavstemminga og oppteljing gjekk fint utan problem eller avvik.
- eHandel -plattforma vart teke i bruk hausten 2016. Vi har katalogar frå 11 leverandørar og 2 nettbutikkar. Vi har oppretta 73 forbrukseiningar med bestillarar og godkjennarar samt gjennomført kurs for alle.
- Sak-/arkiv – Oppdragsbeskriving for nytt sak- arkivsystem er utarbeidd, – arkivleiar er frikjøpt i 40 % stilling av ROR IKT for å delta frå fagområde arkiv i hovudprosjektgruppa.
- Behandling av søknader om sals- og skjenkeløyve – 25 stk.
- Gjennomføring 2 stk etablerarprøver og 3 stk kunnskapsprøve.
- Behandla 62 førespørslar frå Infoland (meglaropplysningar), alle vart levert innafor tidsfristane. Om lag same antal som i 2015.
- Husbanksaker:
  - I 2016 var det i gjennomsnitt 93 mottakarar av bustøtte.
  - Startlån 2016: 4 startlån er innvilga til bustadkjøp og total utbetaling er kr 2,2 mill. 3 saker har status som aktive førehandsgodkjenningar. Dette utgjer kr 653.000. 8 saker har fått avslag, i 3 saker er det av ulike årsakar ikkje gjort vedtak. Tildelingsutvalet har hatt 6 møter i 2016, samt at enkeltsaker har vore vurdert utanom møta.
  - Tilskott til etablering: 5 tilskott er betalt ut, 1 sak har fått avslag.
  - Tilskott til tilpassing: 1 tilskott er betalt ut, 2 saker har fått avslag.
- 174 personar får "drosjelappar"/transportteneste for funksjonshemma (22 nye i 2016)
- 19 innvilga ledsagerbevis.
- 30 vedtak om parkeringsløyve for forflytningshemma.
- Kommunale eigedomsavgifter. Vi mottek datafiler for renovasjon og slamtømming frå ÅRIM. Fakturering av kommunale eigedomsavgifter har gått som planlagt, 14 180 fakturaer er utsendt for kommunale eigedomsavgifter og eigedomsskatt.

## 2.5 Rekneskap 2016

---

Driftseining	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016			Budsjett 2016	Avvik 2016	
		Utgifter	Inntekter	Netto		i kroner	og i %
Politisk styring, næringsutv.	6310	7355	1025	6330	6229	101	1,6
Sentraladministrasjonen	10076	12709	1910	10799	10761	38	0,4
Servicekontor	2 977	4 219	1 370	2848	3395	-547	-16,1
Fellesutgifter	5180	17182	2484	14698	12837	1861	14,5
	24543	41464	6789	34675	33222	1453	4,4

- Meirforbruk på knapt 1,5 mill. kr, dette utgjer 4,4%

- Årsak: fellesutgiftene vart høgre enn budsjettet. Dette skuldast at ein i 2016 måtte avskrive diverse tap på utesåande fordringar, av dette vart 2,5 mill. utgiftsført på fellesutgiftene (sjå nærmere omtale kap 12).
- Fellesutgiftene auka frå 5,2 mill. kr i 2015 til 14,7 mill. kr i 2016, auke på 9,5 mill. kr. Årsak til dette er at i 2015 vart det tilbakeført pensjonsutgifter på 6,1 mill kr, mot berre 0,4 mill. kr i 2016. Dette vart inntektsført på fellesutgifter og reduserte netto. utgiftene tilsvarande myke i 2015. I tillegg kom tapsføringa på 2,5 mill. kr i 2016.
- Servicekontor hadde ei innsparing på kr 547.000,-. Sparte lønsmidlar ved vakans og sjukefravær.

## 2.6 Politiske møte og politisk verksemd i 2016

---

Utval	Tal på møte/saker i 2016
Kommunestyre	12 møte/141 saker
Formannskap	10 møte/130 saker
Planutval	12 møte/128 saker
Valstyre	5 møte/17 saker
Administrasjonsutval	4 møte/21 saker
Råd for funksjonshemma	6 møte/30 saker
Eldreråd	7 møte/34 saker
Ungdomsråd	9 møte/45 saker
Næringsfondsutval	3 møte/35 saker
Sakkunnig nemnd	2 møte/8 saker
Sakkunnig ankenemnd	1 møte/4 saker
Arbeidsmiljøutvalet	4 møte/21 saker
Sentrumsnemnd	2 *
Kontrollutvalet	5 møte/39 saker
Ad hoc skulestruktur	6 møte *
Ad Hoc Økonomi	1 møte *

\* Antal saker blir ikkje tellt på same måten som i andre utval.

I antal saker er godkjenning av innkalling og godkjenning av protokoll medtekne då dei ligg i same nummerserie som andre saker som er til behandling.

## 2.7 Kommunereforma i 2016

---

### **28.januar 2016:**

Vedtak om å starte forhandlingar med siktemål å inngå ein intensjonsavtale om samanslåing:

a. Rauma – Vestnes

b. Landkommune på Sunnmøre

Vedtak om rådgjevande folkeavstemming.

### **14.februar 2016:**

Formannskapet gjer vedtak om å avslutte forhandlingar om landkommune.

### **22.februar 2016:**

Kommunestyret vedtok om å gjennomføre utvida innbyggarhøyring i tillegg til rådgjevande folkeavstemming.

### **14.april 2016:**

Godkjenning av intensjonsavtale mellom Rauma og Vestnes.

### **Innvolering av innbyggjarane:**

**Innbyggarhøyring:** 2014 i regi av Sunnmøre Regionråd. Høyring ved OPINION i april 2016.

**Folkemøte:** 22.06.15, 19.04.16, 20.04.16 og 21.04.16.

**Eldrerådet:** informasjon v/administrasjonssjefen i februar 2015

**Tillitsvalde:** løpende informasjon frå administrasjonssjefen.

**Ungdomsskulen:** undervisningsopplegg, møte med ordførar og varaordførar i april 2016.

**Ungdomsrådet:** informasjon og dialog med politisk leiing i fleire møte.

**Informasjonsbrosjyre** til alle husstandar i april 2016.

### **Resultat av innbyggarhøyringar:**

Vestnes gjekk til rådgjevande folkeavstemming med berre 1 intensjonsavtale, og altså berre 1 samanslåingsalternativ ( Rauma - Vestnes).

### **Folkeavstemming 25.04.2016:**

Valdeltaking: 36,22 %

Vestnes – Rauma: 11,6 %

Vestnes åleine: 59,7 %

Blanke stemmer: 28,7 %

### **Innbyggarhøyring – offentleg kjend 25.04.2016- gjennomført medio april:**

Positive til samanslåing: 57 %

Ønskjer at kommunen skal så åleine: 38 %

### **Valt alternativ for dei som er positive til samanslåing:**

Romsdal inklusive Molde: 17 %

Vestnes – Rauma: 20 %

Landkommune Sunnmøre: 15 %

Mot Ålesund: 5 %

## **Skilnad i føretrekt alternativ utfrå alder (for dei som er positive til samanslåing):**

### **Innbyggjarar over 60år:**

Vestnes åleine: 42 %  
Vestnes/Rauma: 20 %  
Romsdal inkl Molde: 11 %  
Sunnmøre regionkommune: 5 %  
Landkommune Sunnmøre: 18 %

### **Ungdom under 30 år:**

Vestnes åleine: 25 %  
Vestnes/Rauma: 28 %  
Romsdal inkl Molde: 25 %  
Sunnmøre regionkommune: 0 %  
Landkommune Sunnmøre: 5 %

## **Føretrekt alternativ for dei som er imot samanslåing, men som MÅ velje:**

Vestnes/Rauma: 65 %  
Romsdal inkl Molde: 9 %  
Sunnmøre regionkommune: 3 %  
Landkommune Sunnmøre: 17 %

Kommunestyret sitt endelege vedtak 22.juni 2016:

1. *På grunnlag av lokalpolitiske prosessar og innbyggjarhøyringar vedtek Vestnes kommunestyre at Vestnes skal halde fram som eigen kommune med moglege grensejusteringar.*
2. *Vestnes kommunestyre ser at endringar i kommunikasjonsmønster etter realiserte og eventuelle framtidige samferdselsinvesteringar kan auke samarbeidet med nabokommunar, og kan på sikt også medføre endringar i kommunegrenser. Dei mest aktuelle kommunane for Vestnes no vil vere Ørskog eller Rauma. Ei slik samanslåing vil berre vere tenleg dersom basisteneseter og spesialtenester med beredskapspreg vert nært tilgjengeleg for våre innbyggjarar.*

## **Fylkesmannen kom med si tilråding 03.10. 2016.**

Han rår til at Vestnes på kort sikt held fram som eigen kommune. I tilrådinga på lang sikt omtalar han Vestnes og Rauma på følgjande måte:

**Rauma og Vestnes:** *Utfordringar i den kommunale oppgåveløysinga og omsynet til ei positiv samfunnsutvikling tilseier at Rauma og Vestnes bør vidareføre og forsterke samarbeidet mot resten av kommunane i Romsdal. Hovuddelen av kommunane sine samarbeidsordningar er i dag retta mot Molde og Romsdal, og med realisering av Møreaksen vil det aktualisere samanslåing med Nye Molde kommune. For Rauma vil kommunikasjonsprosjekt over Langfjorden vere ei viktig utvikling for å knytte kommunen nærmare saman med regionsenteret Molde.*

## 2.8 Skulestruktur 2016 – arbeid i ad hoc utval

Skulestruktur vart på ny sett på dagsorden i 2016. Kommunestyret oppretta eit ad hoc utval som skulle gi tilråding i saka. Det vart halde 6 møte i utvalet. Det vart gjennomført synfaring ved Helland og Tomrefjord skular. Utvalet vurderte barnetalsutviklinga i kommunen, gjekk gjennom resultata for grunnskulane i Vestnes, samt relevante nasjonale og lokale styringsdokument for grunnskulen. Det vart utarbeidd mulige strukturalternativ, samt økonomiske vurderingar av desse. Ad hoc utvalet arrangerte høyringsmøte i kommunestyresalen den 18.februar 2016. Ungdomsrådet, rådsorgana i grunnskulen og tillitsvalte var inviterte. Høyringsdokument vart utsendt den 10.mars 2016. Høyringsfrist 29.april 2016. Innan fristen vart det innkome 15 høyringssvar. Rådsorgana ved alle skulane har gitt uttale.

Vestnes kommunestyre gjorde vedtak i saka den 22.juni 2016:

1. *Vestnes kommunestyre fastset skulestruktur som vist i modell 2A i høyringsdokumentet som ligg vedlagt denne saka.*
2. *Administrasjonssjefen blir beden om å legge fram sak hausten 2016 med alternative lokaliseringar for ein ny felles ungdomsskule for heile kommunen sentralt i Vestnes. Planar for ny kulturskule skal inkluderast i arbeidet, men skal leggast fram som eiga sak.*
3. *Skulestrukturen skal takast opp att når ny felles ungdomsskule for heile kommunen er på plass.*
4. *Det skal gjerast minimalt med rehabilitering på grunnskulane i planleggings- og byggeperiode for ny felles ungdomsskule. Dette gjeld tiltak utover det som allereie er vedteke.*

### Plassering av den nye felles ungdomsskulen:

Kommunestyret vedtok den 25.november at den nye felles ungdomsskulen skal plasserast på grusbana ovanfor Helland skule og Vestneshallen.

GRUSBANA VED IDRETTSHALLEN



## 2.9 Nytt helse- og velferdssenter

---

Det vart i 2016 gjennomført eit konseptstudium med ekstern bistand frå WSP Norge. Formannskapet var styringsgruppe for studiet, administrasjonssjefen prosjektleiar. Prosjektet hadde omfattande involvering av tilsette, tillitsvalde og eldreråd/funksjonshemmaråd. Kommunestyret godkjente i møte den 15.desember 2016 konseptrapporten der følgjande funksjonar vart vedteke lagt inn i det nye bygget:

- 16 institusjonsplassar (rom på 25 m<sup>2</sup> + bad 7 m<sup>2</sup>)
- 32 plassar som omsorgsbustad (4 grupper av 8 rom på 25 m<sup>2</sup> + bad 7m<sup>2</sup>)
- Base for heimetenestene
- Tildelingskontor
- Legesenter
- Bibliotek
- Kantine/kafe (flytte dagens kafe i aktivitetssenteret)
- Møtesenter

Dette prosjektet blir eitt av dei største prosjekta kommunen skal gjennomføre.

Kommunestyret sa mellom anna dette om vidare framdrift:

*Administrasjonssjefen får fullmakt til å engasjere prosjektleiar og konsulenthjelp til å hjelpe til med det vidare planleggingsarbeidet i forprosjektet og opsjon for fortsettjing i gjennomføringsfasen. Formannskapet skal i perioden fram til forprosjekt er ferdig halde fram som styringsgruppe for prosjektet og haldast løpende orientert om framdrifta i planarbeidet.*



Foto: Milda Lunde Stene

# Kap 3 BARNEHAGANE

## 3.1 Oversikt over sektoren

Kommunale barnehagar	Tal på plassar	Årsverk	Tal tilsette	Godkj. plassar	Barn over 3 år	Barn under 3 år	Heiltids plassar (omrekna)	Kostnad Pr. plass
Fiksdal barnehage	18	4,16	6	24	15	3	16,4	151.127.-
Tomrefjord barnehage	36	6,7	9	36	17	12	25,9	126.363.-
Gardstunet barnehage	42	8,80	13	42	19	13	30,7	141.017.-
Helland barnehage	150	27	29	150	69	40	118,3	Inkl. Skorgen 1. halvår 118.853
Tresfjord barnehage	30	5,50	7	36	15	10	20,7	137.934.-
<b>Totalt kommunale bh</b>	<b>276</b>	<b>52,16</b>	<b>64</b>	<b>288</b>	<b>135</b>	<b>78</b>	<b>212</b>	<b>127.681.-</b>
<b>Private barnehagar</b>								
Vike Montessoribarnehage	36	6,50	8	42	18	9	24,1	*154.515.-
Tryggheim barnehage	48	11,9	19	48	32	9	39,0	*137.443.-
<b>Totalt private bh</b>	<b>84</b>	<b>18,4</b>	<b>27</b>	<b>90</b>	<b>50</b>	<b>18</b>	<b>63,1</b>	<b>143.965.-</b>

Tal frå årsmelding i Basil pr. 15.12.2016.

\*Tilskot til dei private barnehagane er også inklusiv kapitalkostnadar på kr 8.800.- pr. plass ved Tryggheim barnehage og kr. 17.400.- pr. plass ved Vike Montessoribarnehage.

Kapitalkostnadane er basert på årstalet på bygget, difor ulike satsar her.

## 3.2 Resultatmål for barnehagane

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2016	Resultat 2016	MÅL 2017
Teknologi/IKT	Bruke digitale verkty i barnehagen.	Felles erfaringss- deling i bruk av nettbrett.	Erfarings- deling på einingsleiar- nivå februar 2017.	Kjøpe inn oppdatert utstyr og gj.føre opplæring
Brukarar – Brukar- undersøking “opplevd kvalitet”	<b>Opplevd kvalitet - brukarundersøking (foreldre).</b>  <b>Totalresultat :</b>  <b>Enkeltindikatorar: Skala 1-6, der 6 er best.</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>I kva grad foreldra opplever at personalet syner omsorg for deira barn</li> <li>I kva grad foreldra opplever at barna deira har godt venskap med andre barn</li> <li>I kva grad foreldra er fornøgde med samarbeidet mellom barnehagen og heimen</li> </ul>	Nasjonalt nivå 2015  5,1	Undersøking oddetalsår, Resultat 2015  4,9	Nasjonalt nivå.  Vi går over til å nytte UDIR sin brukar - undersøking frå november 2017. Vel oss ut nye indikatorar.
Teneste “objektiv kvalitet”	<b>Objektivt målt kvalitet</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Andel barn med vedtak om spes.ped. hjelp (både i komm. og private barnehagar)</li> <li>Andel årsverk ped. leiarar med midlertidig dispensasjon i kommunale barnehagar</li> <li>Andel tilsette med barnehagelærarutdanning i kommunale og private barnehagar</li> </ul>	4,0 %  10 %  36 % (landsgj.sn)	3,9%  8,8%  32,3%	4,0%  8%  36% (landsgj.sn)
Organisasjon	<b>Andel (%) dagsverk med sjukefråver:</b> <b>Helland barnehage</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Eigenmeldt</li> <li>Legemeldt</li> </ul> <b>Tomrefjord og Gardstunet barnehagar –</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Eigenmeldt og legemeldt</li> </ul> <b>Fiksdal oppvekstsenter –</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Eigenmeldt og legemeldt</li> </ul> <b>Tresfjord oppvekstsenter –</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Eigenmeldt og legemeldt</li> </ul> For små einingar til å oppgi prosent	1,5  10,0	1,2  11,2	1,2  10,0
Økonomi	<b>Omfang av overtid (i tusen kr)</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Helland barnehage</li> <li>Tomrefjord barnehage</li> <li>Gardstunet barnehage</li> <li>Fiksdal oppvekstsenter, barnehage</li> <li>Tresfjord oppvekstsenter, barnehage</li> <li>Skorgen barnehage</li> <li>Totalt</li> </ul> <b>Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Helland barnehage</li> <li>Tomrefjord barnehage</li> <li>Gardstunet barnehage</li> <li>Fiksdal oppvekstsenter, barnehage</li> <li>Tresfjord oppvekstsenter, barnehage</li> </ul>	60  20  20  20  20  20  160	76  11  16  20  18  10  151	60  20  20  20  20  100

### **3.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar**

---

- Det er mange to-språklege/fleirkulturelle barn i barnehagane. Vi må vere bevisste i høve kva tilbod vi gir til barna som skal lære norsk, og det å ha nok gode språkmodellar.
- Pr 15.12.2016 blei det innrapportert 24 barn som minoritetsspråklege i dei kommunale barnehagane og 3 i dei private barnehagane. Vestnes kommune fekk 119 000.- kr i tilskot til tiltak for å betre språkforståinga for desse barna i 2016.
- Gjennomsnittsalderen på barna i barnehagane er lav.
- Det er vedtatt at ved behov må ein ta inn eitt ekstra barn pr. avdeling utan å auke personalressursen. Dette fører til auka press på personalet og mindre vaksenkontakt pr. barn.
- Meir endringar i barnegruppene i løpet av barnehageåret både pga til- og fråflytting og inntak ved nyttår. Medfører større grad av tilvenning gjennom heile barnehageåret.
- Barnehagane sökte om 2,6 årsverk knytt til barn med nedsett funksjonsevne, jf. barnehagelova sin § 13. Desse midlane er i stor grad knytt til medisinske diagnosar og språkutfordringar. Sektoren fekk 2,3 årsverk som blei fordelt ut til barnehagane.
- Sjølv om vi i dei kommunale barnehagane har rekruttert inn barnehagelærarar under utdanning til alle stillingar som krev barnehagelærarutdanning, må det søkjast dispensasjon fra utdanningskravet for desse heilt til dei er ferdig utdanna. I dei kommunale barnehagane er det innvilga dispensasjonar i til saman 1,6 årsverk som pedagogisk leiar, i dei private barnehagane 0,6 årsverk. Vi har ingen dispensasjonar fra utdanningskravet som styrar.
- Nesten alle som tidlegare heitte assistenter i barnehage har no fagbrev som barne- og ungdomsarbeidrarar.
- Ein del i barnehagesektoren jobbar også deltid. Det kan til tider føre til at det er vanskeleg å få den ønska flyten i arbeidet. Dette gjeld både pedagogar, fagarbeidrarar og assistenter.
- Høgt sjukefråvær pregar fortsatt barnehagesektoren, spesielt med vekt på langtidsfråvær, men det er også stor variasjon mellom einingane.
- Vestnes kommune tilbyr jule- og påsketilbod ved Helland barnehage for alle dei kommunale barnehagane. Alle kommunale barnehagar har sommarstengt i 4 veker.
- Barnehagesektoren har vanlegvis godt samarbeid med andre sektorar som skulane, helsestasjonen, PPT, barnevern m.m. Samarbeidet har hausten 2016 vore utfordrande på bakgrunn av personalsituasjonen i PPT og barnevern.
- Barnehagane er lærande organisasjonar i stadig utvikling og endring og jobbar langsiktig med å utvikle kvaliteten ved å fordype seg i prosjekt over tid.
- Barnehagane har god kontakt med høgskolemiljøet ved å ta imot studentar til øvingsopplæring.
- Det blir opplevd som utfordrande å få gjennomført fysiske utformingar knytt til utvida småbarnsavdelingar. T.d. inngjerding, soveskur, lager til vogner m.m.
- Gardstunet og Tomrefjord barnehage opplever at det går lang tid frå ein melder behov for vaktmestertenester til desse blir utført.
- Dei økonomiske rammene er stramme. Og med utvida barnegrupper kjenner personalet på at dei ikkje strekk til, dei meiner det blir meir tilsyn enn pedagogikk. Dette kan og påverke sjukefråveret.

### **3.4 Kva har vi oppnådd i 2016?**

---

- Alle med rett til barnehageplass fekk tilbod. Til hovudopptaket 01.03.2016 kom det inn 55 søknader, 48 stk. under 3 år, og 7 stk. over 3 år. Alle som ønska å starte i august 2016 (53 stk.) fekk tilbod om plass. 4 stk fekk ikkje innvilga 1. prioriteten sin.
- Fleire barn fekk opptak ved nyttår ved omgjering av 3 åringane (dei som fyller 3 år i tida 1/1-31/7) til storbarn.
- Vestnes kommune gjennomførte tilsyn i tråd med tilsynsplanen 2015-2019. Det vart gjennomført eigenmeldt tilsyn med alle barnehagar i november 2016. I tilsyna blei det avdekt 1 lovbro og 2 merknadar.
- I prosjektet "Den gode barnehage i Vestnes" har vi utarbeidd 4 standardar:

Barnehagane i Vestnes er gode når:

1. vi legg vekt på tidleg innsats
2. det er godt foreldresamarbeid
3. både barn og vaksne har eit godt psykososialt miljø
4. barnehagen er ein stad for leik, læring, danning og omsorg.

I 2016 har vi arbeidd med standard nr. 3. Utarbeidd beste praksis på kommunenivå og barnehagenivå. Det blir og arbeidd med tiltaksplan mot mobbing i barnehagane.

- Det er etablert refleksjonsgrupper i alle barnehagar.
- Vi har rekruttert internt til alle stillingar som krev barnehagelærarutdanning. To personar som arbeider i dei kommunale barnehagane er i gang med utdanning. Ein einingsleiar og ein assisterande styrar er i gang med «Nasjonal styrarutdanning» gjennom Udir.
- Ein pedagogisk leiar er i gang med vidareutdanning gjennom Udir: «Språkutvikling og språklæring»
- Vi har 2 lærlingar i kommunale barnehagar og 2 tilsette tok fagbrev som praksiskandidatar i 2016.
- Tresfjord oppvekstsenter, barnehage, hadde midlertidig leiing første halvdel av 2016, her fekk vi rekruttert inn assisterande styrar frå eige personale.
- Skorgen barnehage blei leia av einingsleiar ved Helland barnehage frå 01.01.2016 – 31.07.2016.
- Skorgen barnehage blei lagt ned 31.07.2016.
- Ny avdeling – 8. avdelinga, ved Helland barnehage blei tatt i bruk frå nytt barnehageår - august 2016.
- Gardstunet og Tomrefjord barnehagar fekk midlar – 21 000.- kr. til svømmeopplæring.
- Barnehagesektoren i Vestnes fekk kr 99 000.- i kompetansemidlar frå Fylkesmannen knytt til arbeidet «Den gode barnehage i Vestnes»
- Vi fekk avslag frå Fylkesmannen på søknaden om midlar til eit folkehelseprosjekt ved Tresfjord oppvekstsenter, barnehage.
- Alle tilsette i barnehagesektoren fekk tilbod om kurs i relasjonskompetanse med Jan Spurkeland i august 2016.
- Romsdalsk barnehagestemne med blei arrangert 10. oktober med 600 deltagarar. Alle tilsette i barnehagane i Vestnes deltok der.
- «Sterkare tilbake» er eit prosjekt pågåande i dei kommunale barnehagane knytt til arbeidet med sjukefråveret.

- Endringar i barnehagelova blei vedtatt frå 01.08.2016. Dei viktigaste endringane var knytt til regelverk for barn med særskilte behov. Her blei deira rettar flytta frå opplæringslova til barnehagelova. Det blei vedtatt fjerning av fritak i foreldrebetaling ved spesialpedagogisk hjelp. PP tenesta sine oppgåver i barnehage blei spesifisert. Og ein opnar for statleg tilsyn med barnehagar.
- Asylmottaket lagt ned frå 01.12.2016, dette førte til oppseiling av 5 barnehageplassar.
- Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga førte til reduksjonar i foreldrebetaling på til saman kr 548 729.- .
- I kommunale og private barnehagar blei det gjort vedtak om spesialpedagogisk hjelp på 890 timer med pedagog og 5 344 timer med assistent.

## 3.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

---

- Fokus på god balanse mellom aktivitet og kvile for barna
- Tannpuss etter frukost. Status om barn si tannhelse frå tannpleiar ein gong pr. år
- Fokus på stell og hygiene. Kroppen som gjennomgåande tema.
- Fokus på sunt kosthald i tråd med retningslinene for mat og måltid utgitt av Sosial- og helsedirektoratet. Inkludert sunne alternativ til bursdagsfeiring.
- Uteleik og turar i naturen til alle årstider.
- Aktivitetar i idrettshall/gymsal. Musikk, rørsle, dans, drama og leik.
- Køyrer programmet "Mini-Røris" som er eit rørsleprogram for barn i barnehage.
- Tilpassa opplæring og spesialpedagogikk.
- Førstehjelpskurs for personalet. Ergonomikurs for personalet.
- «Sterkare tilbake» Prosjekt gjennom Stamina.
- Alle barnehagane har fått Henry-dokka, førstehjelp for førskulebarn.
- Tomrefjord og Gardstunet barnehage tilbyr svømmeopplæring for førskulebarna.

## 3.6 KOSTRA-tal på området

---

KOSTRA tal - barnehage	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Nto. driftsutg pr innb. i kommunen	6 703	7 963	7 954	7 099	7 662	7 971	7 636
Nto. driftsutg pr innb. 1-5 år	139 079	141 769	137 534	126 824	130 193	141 498	125 219
Brutto dr. utg pr. oppholdstime, komm. barneh.	66	63	62	60	65	61	62
Andel barn 1 - 5 år med barnehageplass	88,3	92,6	91,5	92,1	91,1	94,2	86,4
Andel barn 1 - 2 år med barnehageplass	75,6	84,0	82,6	77,4	82,7	85,6	75,5
Andel barn 3 - 5 år med barnehageplass	96,8	97,8	97,2	99,3	95,7	99,6	93,8
Andel barn med meir enn 33 timar pr veke	88,6	96,8	97,3	96,6	95,7	98,5	97,9
Andel barn med mindre enn 33 timar pr veke	11,4	3,2	2,7	3,4	4,3	1,5	2,1
Andel barn i kommunale barnehagar	75,8	47,3	49,3	53,5	42,3	43,2	31,6
Andel minoritetsspråklege barn	9,6	12,5	14,5	4,9	17,7	13,4	8,7

<b>Antall oppholdstimar pr årsverk</b>	11 430	11 111	11 270	10 958	11 513	11 879	10 141
Andel ansatte med barnehagelærarutdanning	32,3	33,1	36,0	23,8	34,1	31,1	22,3
Andel styrarar og ped pers med førskuleutd	88,2	88,3	91,9	65,3	89,1	79,0	69,6
Andel menn i barnehagen	2,6	4,7	7,8	5,3	0,7	9,2	3,4
Andel barn med ekstra ressurs/styrka tilbud	13,5	16,3	17,6	9,3	22,2	16,0	15,0
Leke- og opphaldsareal pr barn, m <sup>2</sup>	7,4	5,9	5,7	7,1	4,9	5,4	5,3

- Kostnaden i barnehagane ligg om lag som snitt i landet og i Møre og Romsdal.
- Ein større andel enn snittet har redusert oppholdstid.
- Ein forholdsvis stor andel går i kommunale barnehagar, langt høgre enn gjennomsnitt for landet.
- Andel barn som går i barnehage er også lågare enn snittet.
- Andel menn i barnehagane er låg.

### Utvikling 2011 – 2016

<b>Nokre KOSTRA tal</b> - barnehage	2011	2012	2013	2014	2015	2016	<b>Endring</b> <b>i %</b>
							11 - 16
Andel barn 1 - 5 år med barnehageplass	92,8	94	88,4	91,2	91,5	88,3	-4,8
Andel barn 1 - 2 år med barnehageplass	77,1	76,8	72,8	77,4	76,1	75,6	-1,9
Andel barn 3 - 5 år med barnehageplass	102,7	103,6	98,2	100	100,0	96,8	-5,7
Andel barn med meir enn 33 timarpr veke	74,0	80,7	87,0	88,7	93,2	88,6	19,7
Andel barn med mindre enn 33 timar pr v.	26,0	19,3	13,0	11,3	6,8	11,4	-56,2
Andel ansatte med førskuleutdanning	22,9	19,5	25,4	26,8	31,7	32,3	41,0
Andel styrarar og ped pers m førskuleutd	69,4	56,1	68,2	68,4	81,1	88,2	27,1

### Barnetal i barnehagane

	Antall barn					Omrekna til heiltidsplassar				
	2012	2013	2014	2015	2016	2012	2013	2014	2015	2016
0 - 2 år	98	108	106	96	90	85,4	98,2	96,6	88,5	83,9
3 - 6 år	233	217	213	205	200	214,5	204,6	200,0	195,6	191,1
<b>Sum</b>	<b>331</b>	<b>325</b>	<b>319</b>	<b>301</b>	<b>290</b>	<b>299,9</b>	<b>302,8</b>	<b>296,6</b>	<b>284,2</b>	<b>275,0</b>

- Skorgen barnehage vart lagt ned frå 1. august 2016. Samstundes vart ei ny (8. avdeling) teke i bruk ved Helland barnehage.
- Barnetalet har gått ned siste åra, og det er vel også grunnen til at vi greidde å avvikle Skorgen barnehage og likevel gje tilbod til alle som hadde rett på plass.
- Fødselstal i 2016 kan tyde på at det kan bli ein liten auke i barnetalet neste år.

### 3.7 Økonomisk resultat 2015

Driftseining	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016			Budsjett 2016	Avvik i kroner	2016 og i %
		Utgifter	Inntekter	Netto			
Tomrefjord barnehage	3 595	4 703	1 434	3 269	3 210	59	1,8
Tresfjord barnehage	2 717	3 978	1 120	2 858	2 999	-141	-4,7
Helland barnehage	12 134	17 873	5 107	12 766	12 976	-210	-1,6
Fiksdal barnehage	2 567	3 011	531	2 480	2 576	-96	-3,7
Gardstunet barnehage	3 997	6 551	2 226	4 325	4 316	9	0,2
Skorgen barnehage	2 954	2 005	632	1 373	1 381	-8	-0,6
Fellesutgifter	3 648	4 796	1 214	3 582	3 559	23	0,6
Private barnehagar	8 342	9 121	149	8 972	8 957	15	0,2
<b>Sum barnehage</b>	<b>39 954</b>	<b>52 038</b>	<b>12 413</b>	<b>39 625</b>	<b>39 974</b>	<b>-349</b>	<b>-0,9</b>

- Barnehagesektoren har eit mindreforbruk på kr 349.000,-. Tilsvarande var det eit meirforbruk på 2,4 mill. kr eller 6,4 % i 2015.
- Samla er barnehageutgiftene redusert med over kr 300.000,- frå 2015 til 2016.
- Dette er eit positivt resultat og har nok samanheng med god økonomistyring frå barnehagane, men også at barnetalet er gått ned og dermed mindre press på økonomien.
- Nedlegging av Skorgen barnehage gav også økonomisk spareeffekt.
- Frå hausten 2015 vart det innført ordning med redusert foreldrebetaling for barn der familieinntekta var låg. Den vart noko utvida i 2016 og gav heilårseffekt. Barnehagane fekk i 2016 redusert inntektene med kr 552.000,- som følgje av dette.
- Ekstra ressurs til barn som av helsemessige årsaker treng ekstra tilsyn og eller spesial pedagogisk hjelpe utgjorde kr 3.850.000,-, og vert ført få fellesutgiftene.
- Tilskott til tryggheim barnehage var vel 5,3 mill. kr og Vike barnehage vel 3,7 mill. kr.



Riving av Kirkebøen, Fiksdal barnehage

## KAP 4 GRUNNSKULANE OG SFO

### 4.1 Sektoren sine hovudoppgåver

Kommunale grunnskular		Tal på elevar pr.01.10.2016			
		1.- 4.klasse	5.- 7.klasse	Ungdomsskule	SFO
Fiksdal Oppvekstsenter/SFO		27	18	-----	13
Tomrefjord skule/SFO		85	67	77	36
Helland skule/SFO		144	113	143	95
Tresfjord Oppvekstsenter/SFO		16	19	-----	5
<b>Totalt elevtal kommunale grunnskular</b>					

Private grunnskular		Tal på elevar pr.01.16.2015			
		1.- 4.klasse	5.- 7.klasse	Ungdomsskule	SFO
Vike Friskule/SFO		37	30	-----	26

Ansvar	Tal årsverk *	Tal årsverk	Tal årsverk
	Undervisning/adm.	Assistentar	SFO
Fiksdal Oppvekstsenter	6,2	1,5	0,8
Tomrefjord skule/SFO	26,4	4,6	2,3
Helland skule/SFO	40,3	5,3	5,49
Tresfjord skule/SFO	5,1	0,8	0,5
<b>Sum</b>			



Foto: Marianne Nordvik

Mellomtrinnet på Båten

## 4.2 Resultatmål grunnskule og SFO 2016

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2016	Resultat 2016	MÅL 2017
Teknologi IKT	<ul style="list-style-type: none"> <li><b>Skriftleg vurdering i alle fag på Pedit, elevmappe.</b></li> <li><b>Felles IKT-plan for elevane i den kommunale grunnskulen i Vestnes.</b></li> <li><b>Helland og Tomrefjord skule – innkjøp og opplæring i pedagogisk bruk av interaktive tavler i klasserommet.</b></li> <li><b>Innføring av FEIDE</b></li> <li><b>Kjøp av PC og programvarer</b></li> </ul>	Skulane tek dette i bruk  Felles IKT-plan i grunnskulane  Avklare event. Innkjøp  Oppstart prosess ROR-IKT  Årleg innkjøp	Teke i bruk  IKTplan tatt i bruk  Ikkje prioritert  Prosess i gang  Årleg innkjøp	-----  IKTplan tatt i bruk  Ikkje prioritert  Alle skulane tek dette i bruk  Årleg innkjøp
Elevar/ foreldre “opplevd kvalitet”	<b>Opplevd kvalitet – brukarundersøking</b> Skala 1-5, der 5 er best.  <b>Elevundersøkinga (94,6% deltaking)</b> Her er det målt snitt på elevsvar 7.- og 10.årssteg <ul style="list-style-type: none"> <li>Fråvær av mobbing på skulen</li> <li>Score trivsel på skulen</li> <li>Score på fagleg rettleiing</li> <li>Eleven si oppleving av meistring av arbeidsoppgåver i samband med undervisninga</li> </ul> <b>Foreldreundersøkinga 2016 – Skule (26,8 % deltaking)</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>I kva grad er føresette nøgd med kommunikasjonen mellom heim og skule</li> <li>I kva grad opplever føresette at barnet deira får nok faglege utfordringar på skulen</li> <li>I kva grad opplever føresette at sitt barn får oppgåver på skulen som han/ho greier å løyse åleine</li> <li>I kva grad opplever føresette å vere informert om kva som kan takast opp på konferansetimen/utv.samtalens om sitt barn</li> </ul> <b>Foreldreundersøkinga 2016 – SFO</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Barnet mitt trivst på SFO</li> <li>Personalelet på SFO medverkar til eit godt sosialt miljø for barna</li> <li>Personalelet på SFO medverkar til eit fysisk</li> </ul>	Nasjonalt nivå  Resultat 2015	4,7 4,3 4,7 4,0  4,4 4,4 4,4 4,5  4,3 4,2 4,2	Nasjonalt nivå  4,9 4,4 4,3 3,9  4,3 4,3 4,3 4,4  4,3 4,2 3,8

	<p>trygt miljø for barna</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Føresette opplever eit godt samarbeid med personalet på SFO</li> <li>• Føresette opplever å få tilstrekkeleg med informasjon om SFO-tilbodet</li> <li>• Føresette opplever at tilbodet om leksehjelp i SFO-tida fungerer bra for barnet</li> <li>• Måltidet på SFO er sunt</li> </ul>	4,3 4,1 3,2 3,6	3,9 4,3 4,0 4,1 3,5	
<b>Teneste “objektiv kvalitet”</b>	<p><b>Objektiv målt kvalitet - skule</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartleggingsprøve 2.kl. leseferdigheiter Andel elevar som scorar over bekymringsgrensa Å lese og forstå</li> <li>• Kartleggingsprøve 2.klasse rekneferdigheiter Andel elevar som scorar over bekymringsgrensa  Andel elevar på meistringsnivå 2 og 3. Totalt 3 nivå, der 3 er høgast. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nasjonale prøver, lesing 5.klasse</li> <li>• Nasjonale prøver, rekning 5.klasse</li> </ul> </li> </ul> <p>Andel elevar på meistringsnivå 3,4 og 5. Totalt 5 nivå, der 5 er høgast.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nasjonale prøver, lesing 8.klasse</li> <li>• Nasjonale prøver, rekning 8.klasse</li> <li>• Spesialundervisning, andel elevar</li> <li>• Grunnskulepoeng</li> <li>• Standpunktcharakterar <ul style="list-style-type: none"> <li>- Norsk hovudmål, skriftleg</li> <li>- Norsk sidemål, skriftleg</li> <li>- Engelsk, skriftleg</li> <li>- Matematikk, skriftleg</li> </ul> </li> </ul>	Nasjonalt nivå resultat  81,2 78,2  74,6 76,9	Resultat 2016  89,04 75,7  78,2 67,9	Nasjonalt nivå
<b>Organisasjon</b>	<p><b>Andel dagsverk med sjukefråver:</b></p> <p>Tresfjord Oppvekstsenter:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Eigenmeldt og legemeldt</b></li> </ul> <p>Helland skule:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Eigenmeldt</b></li> <li>• <b>Legemeldt</b></li> </ul> <p>Tomrefjord skule:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Eigenmeldt</b></li> <li>• <b>Legemeldt</b></li> </ul> <p>Fiksdal Oppvekstsenter</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Eigenmeldt og legemeldt</b></li> </ul>		Under k-snitt  1,0 6,8  1,2 7,0  Under k-snitt	Under k-snitt  Under k-snitt Under k-snitt  Under k-snitt Under k-snitt  Under k-snitt

<b>Økonomi</b>	<b>Omfang av overtid (i tusen kr)</b>		5	-----
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Helland skule</li> <li>• Tomrefjord skule</li> <li>• Tresfjord oppvekstsenter</li> <li>• Fiksdal Oppvekstsenter</li> </ul>		8 2 1	----- ----- -----
<b>Økonomisk resultat ( i forhold til tildelt budsjett) %</b>			102,95 98,96 100,39 96,03	100 100 100 100
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Helland skule</li> <li>• Tomrefjord skule</li> <li>• Tresfjord Oppvekstsenter</li> <li>• Fiksdal Oppvekstsenter</li> </ul>			

### 4.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

---

I grunnskulane i Vestnes er utviklingstreka noko vi må sjå på over fleire år. Fakta om denne utviklinga finn vi ved å hente inn opplysningar frå KOSTRA, GSI, Skoleporten, VOKAL, m.m. For 2016 ser status slik ut:

- Andel elevar som har spesialpedagogisk vedtak  
**Historikk: 11,7 % = 2013, 11,8 % = 2014, 7,9% =2015 og 9,0% = 2016**  
Ei positiv endring i 2015, der større andel av elevane i Vestnes kommune sine grunnskular no får mindre spesialundervisning og meir tilpassa opplæring. Vi har oppnådd målet med at fleire elevar går frå spesialundervisning til tilpassa opplæring. Prosenten gjekk noko opp igjen for 2016.
- Elevundersøkinga viser høg trivsel blant elevane og lite mobbing.
- Foreldreundersøkinga skal gi ei vurdering av elevane sitt læringsmiljø og samarbeidet mellom heim og skule/SFO, der resultatet frå 2016 viser at vi ligg om lag på landsgjennomsnittet. Undersøkinga skal gjennomførast anna kvart år for å følgje same intervall som brukarundersøkinga elles i kommunen. I 2018 vil det bli gjennomført ei ny foreldreundersøking i skulen/SFO.
- Faglege resultat på nasjonal prøve 5.klasse er over nasjonalt nivå i lesing og under i rekning. 8.klasse under nasjonalt nivå i både lesing og rekning.  
Tiltak: systematisk bruk av kartleggingsresultat, vidareutdanning og faggrupper i basisfaga.
- Standpunktcharakter:  
små endringar, der vi ligg litt under gjennomsnittet for landet. Det er betring i resultatet for matematikk samanlikna med 2015.  
Tiltak: systematisk bruk av kartleggingsresultat, vidareutdanning og faggrupper i basisfaga.



Foto: Marianne Nordvik

### Utfordringane som grunnskulane har, og vil møte framover:

- Økonomisk stram ramme
- Oppretthalde/forbetre læringskvaliteten i skulen

### **Utvikling i elevtal 2008 – 2016**

	Skuleår							
	09 – 10	10 – 11	11 – 12	12 – 13	13 – 14	14 - 15	15 - 16	16-17
Fiksdal	52	49	42	38	49	48	53	45
Tomrefjord	272	268	260	264	241	243	229	229
Helland	364	367	368	405	390	398	403	400
Tresfjord	119	119	104	48	41	37	38	35
<b>Sum</b>	<b>807</b>	<b>803</b>	<b>774</b>	<b>755</b>	<b>721</b>	<b>726</b>	<b>723</b>	<b>709</b>

- Elevtalet i dei kommunale skulane har gått ned i heile perioden, med til saman 98 elevar eller 12,1 %.
- Det har vore ein reduksjon i elevtalet på 14 elevar frå 2015. Ei av årsakene er nedlegginga av asylmottaket, som førte til at elevar busett der flytta til andre kommunar.

### **4.4 Kva har vi oppnådd i 2016?**

Målet har vore å kunne oppretthalde og helst forbetre læringskvaliteten i skulen: Verkemiddel vi har valt å arbeide med for å realisere målet er:

#### Felles satsingsområde for å styrke **læringskvaliteten** i skulen:

- Tidleg innsats og tilpassa opplæring med fokus på å styrke den ordinære opplæringa.
- STL (skrive seg til lesing). Tekstskaping på datamaskin. Innført i 1.klasse haust 2013 og vidareført til 2.klasse 2014 og 3.klasse 2015.
- SOL, systematisk observasjon av lesing. Vidareføring.
- VOKAL, ein portal for registrering av resultat frå alle kartleggingsprøver, nasjonale prøver og symjing.
- Læringsplattforma Pedit, vurdering undervegs.
- Nasjonal satsing, *ungdomstrinn i utvikling*. Dei fire kommunale skulane deltek i dette utviklingsarbeidet, der skulane i Vestnes har fokus på satsingsområdet klasseleiing/læringsleiing.
- PPT tettare på med rettleiingsarbeidet i skulen.
- Vidareutdanning av undervisningspersonalet. Inneverande år er det to lærarar som tek vidareutdanning innan fagfelta matematikk.
- Ein rektor har byrja på leiarutdanning (rektorutdanning).

### Felles satsingsområde for å styrke **det psykososiale miljøet** i skulen:

- Manifest mot mobbing, markering på alle skulane.
- Vestnes har vore **MOT kommune** sidan 2005. Evalueringa viser at skular med MOT over tid reduserer mobbing, trakassering, narkotikamisbruk og alkoholbruk i ung alder.
- **Trivselsprogrammet.** Dette er eit program som er utvikla av firmaet Trivselsleder AS. Elevar i 4. - 10. klasse blir nominert og valde av medelevane til å vere trivselsleiarar. Trivselsleiarane har deltatt på leikekurs, og deretter har dei fått ansvar for å legge til rette for aktivitetar i friminutta. Mange lærarar var med på kurs med firmaet for å få vist aktivitetar ein kan bruke saman med elevane.

Frå markeringa av partnarskap mot mobbing ved Tomrefjord skule hausten 2016



## 4.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- 
- Det helsefremmende arbeidet er forankra i skulen sine planar. t.d. aktivitets- og trivselsplanar
  - Haldningsskapande klassemiljøprogram: *Det er mitt val*, Trivselsleiarordninga, MOT
  - Fagleg kompetanseheving av lærarane
  - Samarbeid heim – skule
  - Samarbeid med andre instansar som t.d. PPT, barnevern og skulehelsetenesta
  - Sjå resultat over tid, arbeide systematisk og langsiktig
  - Tema: gi elevane kunnskap og rettleiing på korleis god ernæring og dagleg fysisk aktivitet fremmar god helse, gjennom faga kroppsøving og mat og helse i skulen
  - Tema på foreldremøte, rådsorgana og personalmøte
  - Sunn mat og uteaktivitet på SFO

## 4.6 KOSTRA-tal på området

KOSTRA tal - skule, SFO m.m.	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Nto. Utgifter grunnskule, pr. innb	12 646	13 251	12 893	12 291	13 458	10 986	14 961
Nto. Utg grunnskule, pr innb 6-15 år *	108 014	107 407	104 666	104 205	108 406	94 415	114 481
Nto. Utg SFO pr innbyggjar 6 - 9 år	8 253	3 512	3 599	341	2 399	2 306	4 791
Nto. Utg skuleskyss pr innb. 6-15 år	3 035	2 392	2 197	4 455	1 861	1 382	3 594
Elevar pr kommunale skule	177	174	221	142	115	237	152
Gjennomsnittleg gruppestørrelse	12,3	12,9	13,4	13,2	11,5	15,0	13,3
Andel elevar som får spes. undervisning	9,0	8,6	7,8	7,0	9,3	9,0	8,2
Andel timar spes. underv. av total timar	18,7	18,8	17,5	18,0	20,0	19,4	14,6
Gj. Snitt grunnskulepoeng	37,4	41,0	41,1	40,9	40,1	42,3	39,2
Dr. utg til undervisningsmatr. Pr. elev	1 910	1 582	1 510	2 160	1 653	1 112	1 880
Dr. utg til inventar og utstyr Pr. elev	370	1 111	1 043	667	1 689	494	2 451
Andel lærarar som er 40 år og yngre	35,7	40,8	42,2	31,2	37,8	44,2	42,3
Andel lærarar som er 60 år og eldre	19,1	14,1	11,6	11,6	14,7	13,6	18,1
Andel lærarar m/ universitets/høgskutd og pedagogisk utdanning	81,7	85,7	86,8	88,4	88,1	85,8	82,6

- Kostnad pr. elev er om lag som fylkesgjennomsnittet og litt høgre enn landsgjennomsnitt.
- SFO utgiftene er betydeleg høgre enn gjennomsnitt både i fylke og i landet. Vi har også ligge høgre tidlegare år, men i 2016 auka utgiftene ved alle skulane og spesielt mykje ved Helland skule.
- Elevar pr skule er om lag som fylkessnittet, men betydeleg lågare enn landssnittet.
- Vi har ein forholdsvis stor andel lærarar som er over 60 år.
- Det vi spesielt merkar oss er lågt snitt på grunnskulepoeng, godt under landsgjennomsnitt og nabokommunar.



Foto: Marianne Nordvik

Uteleik/ringleik barneskulen

## Utvikling 2011 – 2016

							Endring i %
- skule, SFO m.m.	2011	2012	2013	2014	2015	2016	11 - 16
Nto. utgifter grunnskule, pr. innb	11 445	11 496	11 823	11 938	12 141	12 646	10,5
Nto. utg grunnskule, pr innb 6-15 år	92 507	95 696	102 235	103 465	103 032	108 014	16,8
Nto. utg SFO pr innbyggjar 6 - 9 år	5 020	5 319	4 305	4 765	4 224	8 253	64,4
Elevar pr kommunale skule	194	189	180	182	181	177	-8,8
Gj. snitt gruppestørrelse	14,1	12,5	12,7	12,7	12,3	12,3	-12,8
Andel elevar som får spesialunderv.	11,7	11,9	11,7	11,8	7,9	9,0	-23,1

- Utgiftene pr. elev har auka med 16,8 % i perioden. Det svarer om lag til løns- og prisauke i perioden når vi tek omsyn til at arbeidsgjevaravgifta er redusert.
- Elevtal pr. skule er redusert, som ein følgje av at totalt elevtal har gått mykje ned.
- Også gruppestørrelsen er redusert.
- Andel elevar som får spesialundervisning er redusert. Dette var eit satsingsområde i 2015 og då gjekk det mykje ned. Det auka noko att i 2016.

## Andre nøkkeltal

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	Endring
Elevtal ved dei kommunale skulane pr. 01.10	803	774	755	721	726	723	709	-11,7
Elevtal ved Vike Friskule pr. 01.10	40	47	54	49	60	60	67	67,5
Antal lærarar i dei kommunale skulane	95	91	82	81	85	85	87	-8,4
Arsverk lærarar	78,2	74,5	72,4	70,6	76,9	79	72	-7,9
Arsverk skuleassistentar	10,4	11,5	12,5	12,9	14	12	12,2	17,3
Tal på kontaktlærarar	49	51	46	50	51	50	45	-8,2
Tal på barn i SFO, kommunale skular	137	144	159	164	161	168	149	8,8
Årsverk i SFO	6,3	6,8	6,9	7,4	7	7,6	9,1	44,4

- Elevtalet i grunnskulen har gått ned frå 843 i 2010 til 776 hausten 2016.
- Det er dei kommunale skulane som har hatt nedgang med 94 elevar. Vike friskule derimot har auka frå 40 til 67 elevar.
- Nedgangen var forventa, grunna lågare fødselstal.
- Nedgangen er noko mindre enn det ein rekna med tidlegare, dette truleg grunna innvandring/busette flyktningar.
- Ant. lærarårsverk er redusert, om lag i takt med nedgang i elevtal.
- Ant. barn i SFO har variert litt gjennom perioden, med ein nedgang i 2016. Ant. tilsette har derimot auka, delvis grunna ekstra bemanning for barn som av helsemessige årsaker treng ekstra oppfølgjing.

## 4.7 Økonomisk resultat 2016

Eininger	Rekneskap		Rekneskap 2016			Budsjett 2016	Avvik 2016	
	2015	Utgifter	Inntekter	Netto	i kroner		og i %	
Fiksdal skule	5 827	6 683	1 134	5 549	5 778	-229	-4,0	
Tomrefjord skule	23 786	27 116	3 885	23 231	23 474	-243	-1,0	
Helland skule	32 025	41 571	7 986	33 585	32 623	962	2,9	
Tresfjord skule	5 541	6 019	625	5 394	5 373	21	0,4	
Fellesutg undervisning	7 000	9 773	1 723	8 050	7 414	636	8,6	
<b>Sum grunnskule</b>	<b>74 179</b>	<b>91 162</b>	<b>15 353</b>	<b>75 809</b>	<b>74 662</b>	<b>1 147</b>	<b>1,5</b>	

- Samla hadde grunnskulen eit meirforbruk på over 1,1 mill. kr. I 2015 var det eit meirforbruk på 2,0 mill. kr. Dette er mykje, og vi må prøve å få drift som er innanfor tildelt budsjettramme.
- Samla auka utgiftene innan grunnskulesektoren med vel 1,6 mill. kr. Det er ein auke på 2,2 %, tilsvrar nokolunde løns- og prisauke i 2016.
- Tomrefjord skule har hatt stort meirforbruk i mange år. Det er difor svært gledeleg at skulen i 2016 heldt budsjettet og hadde eit mindreforbruk på kr 243.000,-. Utgiftene gjekk også ned med over 0,5 mill. kr, eller 2,3 %.
- Helland skule hadde eit meirforbruk på knapt 1,0 mill. kr. Det er spesielt SFO som har stort meirforbruk. Ekstra bemanning grunna barn med helsemessige hjelpebehov, sjukefravær og mindreinntekt er årsak til dette.
- Kjøp av undervisningstenester for barn som er plassert i fosterheim i andre kommunar eller går på spesialskule (Tøndergård) utgjer 6,0 mill. kr; ein auke frå 4,7 mill. kr i 2015.
- Utgifter til skuleskyss er 2,3 mill. kr, ein liten nedgang frå 2015 då det var ca 2,5 mill. kr.

### Utvikling 2011 - 2016

Eininger							Endring 2011 - 2016	
	2011	2012	2013	2014	2015	2016	sum	i %
Fiksdal	4 534	4 852	5 450	5 678	5 827	5 549	1 015	22,4
Tomrefjord	21 531	22 566	22 763	22 264	23 786	23 231	1 700	7,9
Helland	26 351	28 873	30 194	31 175	32 025	33 585	7 234	27,5
Tresfjord	11 953	9 309	6 370	5 816	5 541	5 394	-6 559	-54,9
Fellesutgifter	5 291	5 492	6 963	6 187	7 000	8 050	2 759	52,1
<b>SUM</b>	<b>69 660</b>	<b>71 092</b>	<b>71 740</b>	<b>71 120</b>	<b>74 179</b>	<b>75 809</b>	<b>6 149</b>	<b>8,9</b>

- Samla auka utgiftene med vel 6,1 mill. kr, eller 8,9 %, i perioden.
- Det er spesielt kjøp av undervisningstenester til barn plassert i fosterheim eller som går på spesialskule som aukar mykje.
- Ungdomsskuleeleverne ved Tresfjord skule vart overflytta til Helland skule hausten 2012. Vi må sjå resultat for desse to skulane ilag. Dette tiltaket gav god spareeffekt.

### Elevkostnad (eks. skuleskyss og fellesutgifter)

	Vår 2016	Elevtal		Kostnad pr. elev 2016
		Haust 2016	Snitt	
Fiksdal	53	45	49,7	111 650
Tomrefjord	229	229	229,0	101 445
Helland	403	400	401,8	83 586
Tresfjord	38	35	36,8	146 576
	723	709	717,2	94 477

- Elevkostnaden er høgst på dei minste skulane, og lågast på dei to store skulane sjølv om det her også er ungdomsskule som krev meir kostnad enn barneskule.
- Husleiga ved Tresfjord skule er langt høgre enn ved Fiksdal skule, grunna ny og stor skule. Når vi korrigerer for det er elevkostnaden ved Tresfjord skule vel kr 19.000,- høgre enn ved Fiksdal skule.

### Utvikling 2011 – 2016

	Kostnad pr. elev						Endring 11 - 16	
	2011	2012	2013	2014	2015	2016	Sum	i %
Fiksdal	98 351	120 397	127 984	116 831	116 307	111 650	13 299	13,5
Tomrefjord	81 341	86 228	89 471	92 076	100 278	101 445	20 104	24,7
Helland	71 730	75 307	75 722	79 265	80 042	83 586	11 856	16,5
Tresfjord	105 966	115 353	141 294	147 989	148 155	146 576	40 610	38,3
	81 387	85 628	87 438	89 798	92 686	94 477	13 090	16,1

- Elevkostnaden auka med kr 1.791,- i 2016.
- I perioden er auken i snitt vel kr 13.000,-, tilsvarende vel 16,0 %. Det tilsvarer om lag løns- og prisauke i perioden. Det betyr at vi har greidd å redusere kostnadane i takt med redusert elevtal, og kanskje meir enn det når vi veit at lovpålagt undervisningstimetal har auka i perioden.
- Fiksdal skule og Helland skule har auka minst.
- Skal ein klare å redusere utgiftene i grunnskuledrifta meir, må det skje ved strukturendring. Generell reduksjon i rammene klarer vi ikkje å ta.

# Kap 5 BARNE-OG UNGDOMSTENESTENE

## 5.1 Oversikt over sektoren

Følgjande tenesteområde låg i eininga fram til oktober 2016:  
Barneverntenesta, Helsestasjonen, PPT, Omsorgstenester for barn og unge samt  
Vaksenopplæringa og Flyktingtenesta som blir omhandla i eige kapittel.



Ansvar, fordelt sjå nedanfor	Årsverk 2015	Årsverk 2016	Evt merknad
Adm. Leiing	1,0	1,0	Felles einingsleiar for Barne- og ungdomstenestene; Vaksenopplæringa og Flyktingtenesta
Barneverntenesta	6,6	6,6	Inkl. 1,8 statlege stillinger tildelt gjennom Statleg styrking av barnevern
Helsestasjonen	4,9	5,1	Asyl-helseteneste er inkludert i samla årsverk. Asylmottaket vart lagt ned frå 01.12.2016
Omsorgstenester for barn	2,2	0,2	Saksbehandlerressursen vart redusert i løpet av året og einingsleiar overtok i hovudsak oppfølgingsarbeidet
PP-tenesta	4,0 (5,0)	4,2 (5,2)	100 % psykolog i PPT har permisjon og arbeider i prosjektstilling som kommunepsykolog frå 01.08.2014
Spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder	1,5	1,5	Spesialpedagog/ logoped. Ligg under fagansvar PPT.
Logopedteneste til grunnskulen	0,5	0,5	Logoped. Ligg under fagansvar PPT.
Prosjektstilling	1,0	1,3	Psykolog i kommunale helse- og omsorgstenester Styrka skulehelseteneste i vid.gående skule – 30%

## 5.2 Resultatmål 2016

Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2016	Resultat 2016	Mål 2017
<b>Teknologi/IKT</b>	<p><b>Samla driftseining:</b> Hjelpetenestene har tilgang til fagsistema på skulane</p> <p><b>Barneverntenesta:</b> Ha tilgang til fagsystemet ute i teneste Gjennomføre fast årleg fagdag Familia i lag med Rauma</p> <p><b>Helsestasjonen:</b> Heilelektronisk kommunikasjon mellom 1. og 2. line Skulehelsetenesta har tilgang til Hspro på skulane Alle tilsette bruker outlook</p> <p><b>PPT:</b> Oppdaterte opplysningar i fagsystemet om rett/ ikkje rett til spesialundervisning Synkronisert programvare på førskulenivået Gi god rettleiing til skulane i Tempolex</p> <p><b>Omsorgstenester for barn og unge:</b> Tenestekontoret har ansvar for saksbehandling for barn</p>	100 %  100 %  100 % 100 % 100 %  100 % 100%  100 %	30 %  0 % 100 %  50 % 30 % 60 %  100 % 90%  100 %	100 %  100 % 100 %  100% 100 %  100 %
<b>Brukarrar – "opplevd kvalitet"</b>	<b>Overordna mål Barne- og ungdomstenestene:</b> Ei dør inn til samordna hjelpetenester, alle med rett til individuell plan har koordinator			
<b>Resultat Brukar undersøkingar</b>	<p><b>Barneverntenesta, skala frå 1 – 6 der 6 er best:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>I kva grad foreldre føler at dei blir behandla med respekt</li> <li>I kva grad foreldre synest det er lett å kome i kontakt med barnevernet</li> <li>I kva grad dei tilsette følgjer opp det vi har avtalt</li> <li>I kva grad hjelpen frå barnevernet gjer det lettare for meg å gi god omsorg</li> </ul> <p><b>Helsestasjonen, skala frå 1 – 6 der 6 er best:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Andel foreldre som meiner at dei tilsette er lydhøyre for deira ønskje og behov</li> <li>Andel foreldre som meiner at dei tilsette møter dei og barnet med venlegheit og respekt</li> <li>Andel foreldre er fornøgde med muligheita til å få kontakt med helsestasjonen</li> <li>Andel foreldre som meiner at dei tilsette gir informasjon som er forståeleg og tilstrekkeleg</li> <li>Respektfull behandling</li> <li>Brukarmedverknad</li> <li>Pålitelegheit og kompetanse</li> </ul> <p><b>PPT:</b> Ingen brukarundersøkingar er tilgjengeleg for PPT. Dette kan teljast lokalt: Andel av samla teneste som er systemsaker retta mot skular og barnehagar</p>	4,7  4,6 4,8 4,4  45 % svar  5,1 (5,1) 5,7 (5,6) 5,1 (5,4) 5,3 (5,3)  5,5 (5,3) 4,9 (4,8) 5,3 (5,2)	4,8  4,4 4,2 3,6  5,1 5,6 5,4 5,3  5,5 (5,3) 4,9 (4,8) 5,3 (5,2)	
<b>Teneste</b>	<b>Barneverntenesta:</b>	17	15	Lands gj. snitt
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Barn med undersøking eller tiltak pr årsverk</li> <li>Andel undersøkingar med behandlingstid over 3</li> </ul>			

<b>“objektiv kvalitet”</b>	mnd (2 av 5 var beslutta utvida undersøkingstid)	7	15	
	• Andel barn med hjelpe tiltak pr 31.12. med utarbeidd tiltaksplan	100 % 100	96,8 % 0	100 % 100
	• Gjennomføre treffetid på 1 grunnskule			
	<b>Helsestasjonen:</b>			
	1. Andel mødre som full-ammar ved 5 månader	30 %	Ikkje kartlagt i 2016	30 %
	2. Andel mødre som ammar delvis når barnet er 5 mnd	57 %		45 %
	3. Andel mødre som ammar delvis når barnet er 1 år	45 %		
	4. «Jordmor heim» som fast teneste	100%	90 %	100 %
	<b>PPT:</b>			
	• Andel henviste saker der sakkunnig vurdering er ferdigstilt innan 3 månader			60 %
<b>Organisasjon</b>	<b>Andel dagsverk med sjukefråver:</b>  <b>Samla sjukefråver 2016</b>  Gjeld for Barne- og ungdomstenestene, Vaksenopplæringa og Flyktningtenesta.	6,5	7,1	6,5
<b>Økonomi</b>	Overtid i eininga – barnevern i hovudsak(i tusen kr) *	191	337	191
	Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)	100	98	100

### 5.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

---

- Barne- og ungdomstenestene yter tverrfagleg konsultasjon til personalet i barnehage og skule i tillegg til samordna tenester til foreldra og familiær. Dei tverrfaglege teama har kompetanse på prioriterte tema og kan vere ein ressurs i implementeringsarbeid.
- Utvida samarbeid på tvers er høgt prioritert som vidareutvikling av dei tverrfaglege teama i Barne- og ungdomstenestene. Det er inngått forpliktande samarbeid mellom NAV, heimetenestene v/ psykiatriske sjukepleiarar, Bu- og habiliteringstenestene og BUP med tanke på faste rutinar for utvida samarbeid på tvers av driftseiningane.
- Tenester til barn, unge og familiær har fått ny organisering frå september 2016. PPT er lagt under kommunalsjef for oppvekst i lag med barnehagane og skulane, helsestasjonen og barnevernstenesta er lagt inn i ny eining for barn, unge og familie.

**PPT:**

- PPT skal vere tilgjengeleg og bidra til heilskap og samanheng, skal arbeide førebyggande og vere tett på, skal bidra til tidleg innsats i barnehage og skule, og vere ei fagleg kompetent teneste
- PPT har framleis høg tidsbruk på sakkunnige vurderinger, men tidsbruken er òg knytt til prosessprega drøftingar med skular og barnehagar underveis i arbeidet og i samsvar med utviklingsplanen for oppvekstsektoren
- PPT er i dialog med skular og barnehagar m.a. for å hjelpe dei med å gi barn forsvarleg utbytte av den ordinære opplæringa og betre tilrettelegging av spesialundervisning til dei som har rett til det, og på systemnivå rettleie skular og barnehagar for å oppnå god samanheng mellom tilråding i sakkunnig uttale, vedtak og IOP/ evaluering.

- 2016 var eit spesielt år for PPT med særslig låg bemanning gjennom året (sjukefråvær/permisjon).

**Helsestasjonen:**

- Andelen framandspråklege blant fødande er 24% i 2016. Av 71 nyfødde hadde 17 barn foreldre med utanlandsk bakgrunn (ein eller begge). Det er nedgang frå 48% i 2014 og 30% i 2015, noe ein kan sjå i samanheng med nedbygging av asylmottak og færre arbeidsinnvandrarar i kommunen. Arbeidet med utanlandske familiær er utfordrande både fagleg, språkleg og tidsmessig, jfr pliktig bruk av tolk.
- Skulehelsetenesta er styrka i tråd med nasjonale føringer. M.a. har Helland skule fått fast 40% skulehelseteneste frå 01.08.2016 noe som har medført auka kvalitet på tenesta og betre tilgang til helsesøster for barn/ unge som har eit aukande behov for slik helseoppfølging på lågterskelnivå.
- Helsestasjonen har mot slutten av året overtatt oppfølging av omsorgstenester for barn 0–18 år. Med auka administrasjonsoppgåver i tillegg til helsesøsteroppgåver 0-5 år, kjem sideeffekten med helsepersonell tilgjengeleg inne som kan ta i mot dropinn-saker noe som er viktig i eit lågterskelttilbod som helsestasjonen skal vere.

**Barnevernstenesta:**

- Staten byggjer ned tiltak og tenester innan barnevern. Kommunane blir pålagt å byggje opp tiltaksbank og drifte dette lokalt. Det er ei stor utfordring, og barnevernstenestene i Vestnes og Rauma samarbeider for å kunne gi ulike tiltak i familiær.
- Aukande omfang av saker med utgangspunkt i vald i nære relasjonar i både norske og utanlandske familiær. Dette er krevjande saker der ein må arbeide tett opp i mot Barnehuset og Politiet.
- Barnevernstenesta har over tid arbeidd systematisk med melderutinar til barnehagane, skulane og andre etatar, jfr arbeid med Handlingsplan mot vald i nære relasjonar.
- Det er store utfordringar med å ikkje vere knytt til barnevernsvakt på kveld og helg.
- Tenesta skal vere meir synleg og tilgjengeleg. Eit mål er å etablere treffetid i grunnskulen.

**Omsorgstenester for barn:**

- Tenesta er overført til Tenestekontoret som saksbehandlar søknadene og fattar vedtak og til helsestasjonen som effektuerer vedtaka; skaffar støttekontaktar og besøksheimar samt følgjer opp familiiane. Dette er ei organisering som samsvarar med lovverket og samordnar tenestene opp i mot barn, unge og deira foreldre på ein god måte. Organiseringa vil lette overgangen til vaksenlivet ved 18 år.

## 5.4 Kva har vi oppnådd i 2016?

---

- Tettare samarbeid på tvers; m.a. Barne- og ungdomstenestene, aktørane i 3-trinnsmodellen i bolig-sosial handlingsplan, samarbeid med 2. line BUP og DPS
- Fortsatt fokus på Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

- Gjennomført foreldrerettleiingsprogrammet «Foreldre i Norge» i samarbeid med Vestnes mottak, krisesenter/politi, barnehage og skule. Alle busette flyktningar deltok.
- Fikk vidareført kommunepsykologprosjektet og styrka skulehelseteneste i vidareg.skule.
- Naudsynt omorganisering vart vedtatt og gjennomført.

**PPT:**

- Elevar, føresette og barnehagen/skulen er samhandlingspart under sakkunnig arbeid og har høve til å gi tilbakemelding.
- Omlegging av rutinar for tilråding og iverksetting av logopedteneste
- Barnehagane og skulane tar større ansvar for kartlegging og utprøving av tiltak før tilvising til PPT

**Helsestasjonen:**

- Vestnes kommune fekk vidareført tilskot til 100 % kommunepsykolog og 30% til styrking av skulehelsetenesta i vidaregåande skule. Helsesøster og psykolog har arbeidd tett saman med PPT og skulens ressursteam og oppnådd stor forståing i personalet for at psykisk helsearbeid er viktig både på skulen og internatet.
- I samband med nedlegging av asylmottaket, vart det bestemt at helsestasjonen skal behalde ein stillingsressurs øyremerka oppfølging av flyktningfamiliar samt særskilt oppfølging ved familiegjenforening.
- Vestnes kommune har fått tilskot frå Fylkesmannen til «Prosjekt jordmor» som skal nyttast til førebygging av uønska svangerskap og abortstrategiar for betre seksuell helse blant busette flyktningar.
- Det blir arbeidd vidare med rutinar for flyktninghelsetenesta med oppgåve- og ansvarsdeling mellom helsestasjonen og legesenteret.

**Barnevernstestenesta:**

- Vidareføring av førebyggande tiltak «Kjør for livet» for barn i aldersgruppa 10 – 18 år.
- Gjennomført kompetanseheving for saksbehandlarar i Førebyggande foreldreintervasjon, FFI, saman med Rauma kommune. Totalt 8 personar deltok, og fylkesmannen dekte utgifter gjennom kompetanseutviklingsmidlar.
- Har bidrige til foreldrekurset til flyktningar på aktuelle tema, m.a. oppdragarvald.
- Har tilbakeført fleire omsorgsplasserte barn.
- Har etablert faste møte med Politiet.
- Netthets og trugslar på internett er ei aukande utfordring

## 5.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

---

- Kompetanseheving og utvikling av rutinar innanfor temaet Vald i nære relasjonar/arbeid med Handlingsplan mot vald i nære relasjonar
- Førebyggande arbeid i familiar gjennom familierettleiing
- Hjelpe skular og barnehagar med å utvikle eit godt fysisk og psyko-sosialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring

Tilsette:

- Arbeidsmiljøtema i quart felles personalmøte
- Medarbeidarsamtalar
- Velferdsrådet med ulike arbeidsmiljøfremmende tiltak

## 5.6 KOSTRA tal på området

KOSTRA tal	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fraena
<b>Barnevern</b>							
Nto driftsutgifter pr innbyggjar	1 966	1 694	1 931	1046	1 293	1457	2 215
Nto driftsutgifter pr innb 0 - 17 år	9 798	7 817	8 870	5 093	5 864	7 003	9 716
Nto driftsutgifer pr barn i barnevernet	124 356	98 224	113 168	69 451	79 768	98 916	134 037
Andel nro driftsutg til saksbehandling	27,8	33,2	31,0	43,7	40,9	25,7	28,6
Barn med undersøkelse/ tiltak pr årsvis	15	19	16	17,9	-	21,2	19
Andel barn med barnev tiltak pr innb 0-17 år	5,5	5,3	4,9	5,7	4,5	4,5	4,8
Andel undersøkelse som fører til tiltak	49,1	44,9	42,8	52,6	53,2	41,1	38,3
Stillinger m/fagutdanning pr. 1000 barn 0-17	4,4	3,9	4,6	3,9	-	3,0	3,4
Andel undersøkelser m/beh tid over 3 mnd	7,0	26,0	15,0	8,0	25,0	23,0	7,0
<b>Helsestasjon</b>							
Nto. driftsutg. Helsestasjon- og skulehelset. pr. innb. 0 - 20 år	3 210	2 240	2 312	1 990	1 948	2 824	2 136
Andel nyfødte med heimebesøk innan 14 dag	99	97	92	92	98	94	113
Andel fullført 4 - års kontroll	103	97	97	111	89	107	97
Arsverk helsesøstre pr 10 000 innb. 0-5 år	101,3	77	73,1	70,9	84,8	-	70,6
Arsverk jordmødre pr 10 00 fødte	147,1	73,6	66	135,1	91,7	-	88,5

- Vestnes har høge kostnadene til barnevern, sjølv om utgiftene gjekk ned i 2016. Ei av årsakene er nok at kommunen har omsorgsansvar for mange barn.
- Kostnaden pr. barn i barnevern er også høg.
- Vi bruker under snittet på saksbehandling. Behandlingstid på over 3 mnd er låg.
- Også på helsestasjon og skulehelsetenesta bruker vi godt over gjennomsnittet.
- Vi er godt bemanna både av helsesøstre og jordmor sett i forhold gjennomsnittet både i Møre og Romsdal og landet.

## Utvikling 2011 - 2016

Nokre KOSTRA tal - Barnevern							Endring i %
	2011	2012	2013	2014	2015	2016	
Nto driftsutgifter pr innbyggjar	1 670	1 808	2 108	2 244	2387	1966	17,7
Nto driftsutgifter pr innb 0 - 17 år	7 653	8 480	10 110	10 941	11 938	9 798	28,0
Nto driftsutgifer pr barn i barnevernet	113 760	103 293	117 160	119 484	138 439	124 356	9,3
Andel nto driftsut til saksbehandling	28,8	33,2	33,0	31,3	25,0	27,8	-3,5
Barn med undersøkelse/ tiltak pr årsvis	19,2	20,0	17,2	18,5	17,0	15	-21,9
Andel barn med barnev tiltak pr innb 0-17 år	5,1	6,4	6,8	6,9	6,4	5,5	7,8
Andel undersøkelse som fører til tiltak	66,7	67,2	60,0	55,3	44,2	49,1	-26,4
Stillinger m/fagutd. pr 1000 barn 0-17	2,8	3,4	3,9	4,2	4,4	4,4	57,1
Andel undersøkelser m/bek tid over 3 mnd	27,5	25,0	20,0	13,0	12	7	-74,5

- Netto utgifter til barnevern auka mykje fram til 2015, i 2016 gjekk utgiftene mykje ned.
- Kostnaden pr. barn i barnevern varierer frå år til år, alt etter kva tilbod dei har.
- Det har vore auke i bemanning innan barnevern, det har ført til at andelen undersøkjingar med behandlingstid på over 3 månadar er kraftig redusert. Dette er positivt.

## 5.6 Økonomisk resultat 2016

Eining	Rekneskap		Rekneskap 2016			Budsjett 2016	Avvik i kroner	2016 og i %
	2015	Utgifter	Inntekter	Netto				
PPT m.m.	2 595	5 292	2 504	2 788	2 868	-80	-2,8	
Div. prosjekt	783	2 914	2 390	524	456	68	14,9	
Helsestasjon	2 754	2 874	41	2 833	2 982	-149	-5,0	
Jordmøteneste	262	359	90	269	286	-17	-5,9	
Barnevern	14 529	15 351	3 480	11 871	12 561	-690	-5,5	
Tilsyn barnevern	115	219	169	50	0	50		
Omsorgstenester barn/ungdom	1 925	2 979	23	2 956	1 252	1 704	136,1	
Komm tenester Vestnes mottak	1 174	1 738	3	1 735	1 314	421	32,0	
	24 137	31 726	8 700	23 026	21 719	1 307	6,0	

- Netto utgift gjekk med 1,1 mill. kr frå 2015. Eininga hadde likevel eit meirforbruk på 1,3 mill. kr, tilsvarande 6 %. Årsak er at ein i 2016 fekk ein ny ressurskrevjande brukar med institusjonstilbod. Delar av dette er dekka ved tilskott frå staten.

# Kap 6 VAKSENOPPLÆRINGA OG FLYKTNINGTENESTA

## 6.1 Oversikt over sektoren

Vaksenopplæringa og flyktningtenesta hørde organisatorisk til driftseininga Barne- og ungdomstenestene fram til oktober 2016. Ei ny eining for kvalifisering og integrering vart då oppretta, og Vaksenopplæringa og Flyktningtenesta inngår.

Ansvar, fordelt sjå nedanfor	Årsverk 2015	Årsverk 2016	Evt merknad
Felles driftsleiar for Barne- og ungdomstenestene, Vaksenopplæringa, Flyktningtenesta + sekretær for Vaksenopplæringa og Flyktningtenesta	1,6	1,5	
Vaksenopplæringa	6,5	6,5/5,1	Nedbygginga etter vedtak om nedlegging av asylmottaket starta 01.10.2016. Pr.31.12.2016: 5,1st
Flyktningtenesta	1,5	2,0/2,8	Personalressursen auka hausten-16 i samband med høg busetting og mange i introduksjonsprogram. I tillegg: styrka helsestasjon og styrking i skule

## 6.2 Resultatmål 2016

Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2016	Resultat 2016	Mål 2017
Teknologi/ IKT	<b>Vaksenopplæringa/ Flyktningtenesta:</b> Bli trygg på og implementere fagsystemet Visma voksenopplæring og flyktning i alt arbeid som gjeld deltakarar i norskopplæring og introduksjonsprogram.  <b>Vaksenopplæringa/ Flyktningtenesta:</b> Kvalitetssikre arkivreglar for fagsystemet og saksbehandlarsystemet ephorte  <b>Vaksenopplæringa/ Flyktningtenesta:</b> Deltakarar med rett og plikt (RP) som er busett i Vestnes er kompetente IKT-brukarar i dagleglivet (m.a. mail, nettbank, min ID)  Skulen har nødvendig datautstyr tilgjengeleg	100 %  90 %  100 %	80 %  90 %  90 %	100 %  100 %  100 %
Brukarar - “opplevd kvalitet”	<b>For Vaksenopplæringa og Flyktningtenesta</b> er ingen brukarundersøkingar tilgjengeleg. Mål: kvar busett flyktning i intro-program skal ha utpeika kontaktperson i Vaksenopplæringa og i Flyktningtenesta som saman har ansvar for utarbeiding av individuell plan og evaluering minimum kvart halvår i samarbeid med deltakaren og ha trekantsamtalar ved behov.		Høg busetting medførte resultat  100 %	
Teneste	<b>Vaksenopplæringa:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Innvandrarar som gjennomfører skriftleg norskprøve</li></ul>			

<b>“objektiv målt kvalitet”</b>	med resultat A2 eller høgare (lese, lytte, skrive)	95 %  100 %	89 %  100 %	95 %  95 %
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Innvandrarar som gjennomfører munnleg norskprøve med resultat A2 eller høgare</li> <li>Innvandrarar som gjennomfører prøven i samfunnskunnskap og består (Ørskog sine kandidatar er ikkje medrekna)</li> </ul>			
	<b>Flyktningtenesta:</b>			
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Andel av flyktningane som er i jobb eller utdanning når introduksjonsprogrammet blir avslutta</li> <li>Andel av flyktningane som er i jobb eller utdanning 1 år etter avslutta introduksjonsprogram</li> </ul>	60 %	62,5 %  75 %	62,5 %  75%
<b>Økonomi</b>	Omfang av overtid i eininga (i tusen kr) Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%) – Flyktningtenesta *) Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (i 1000 kr) – Vaksenopplæringa		0 99  100,6	0 100  100 %

\*) Flyktningtenesta gjeld totalt forbruk til målgruppa; innanfor busetting av flyktningar og introduksjonsordninga samt helsestasjonsteneste, barnevernteneste, tolketeneste og utbetaling av sosiale ytingar via nav.

- Vaksenopplæringa har høgare utgifter og inntekter enn budsjettet men har totalt sett eit lite meirforbruk. Årsaka er utfordingar i høve oppbygging av tenester til inntil 200 bebuarar i Vestnes mottak og nedlegging frå 01.12.2016.
- Inntektene vart 560 000 kr høgare enn budsjettet (6 566 000kr).
- Høgare utgifter enn budsjettet dreier seg i hovudsak om utgifter til ekstrahjelp, lærebøker samt døvetolking som ikkje var budsjettet som utgift i 2016.
- Overføring av statstilskot til andre kommunar står i 0 i 2016 då staten sørger for at overføring ved flytting blir korrigert før tilskota blir utbetalta til kommunane.
- Statstilskota går vesentleg ned i 2017 som følgje av at asylmottaket er nedlagt.

## 6.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

---

### Flyktningtenesta og Vaksenopplæringa:

- Kvar deltar skal til ei kvar tid ha individuelt tilrettelagt innhald i introduksjonsprogrammet og konkretisere det i den individuelle planen som blir utarbeidd av Vaksenopplæringa, Flyktningtenesta og deltakaren sjølv i lag. Programmet/ planen skal bidra til å styrke deltaking i yrkes- og samfunnsliv, samt økonomisk sjølvstende. Aktuelle samarbeidsaktørar blir kopla på undervegs i programmet.

### Flyktningtenesta:

- Flyktningarbeid har stort fokus i samfunnet grunna den store tilstrøyminga av flyktningar til Europa. Å lykkast i dette arbeidet har stor verdi lokalt og nasjonalt.
- Samarbeidsavtalar for tenesteyting til flyktningar i m.a. NAV, legesenter, helsestasjonen, eigedomsdrift er under utarbeiding eller på plass. Dette kvalitetssikrar tenestene, og bidrar til normalisering av tenesteyting til innbyggjarane totalt sett.

- Godt samarbeid med lag og organisasjonar er høgt prioritert for å få til kvardagsintegrering og sjølvstendig deltaking i ulike aktivitetstilbod.
- Legge til rette for naboskapsintegrering ved busetting i private bustader.
- Arbeide for at flyktningar overtar leigeforhold og kjøper privat bustad når rammene er på plass for det.
- Vere med å arbeide for å få på plass tilrettelagte tilbod for vaksne i vidaregåande skule og sikre god overgang.
- Viktig å rekruttere nye flyktningguidar kontinuerleg, - ei god ordning som støttar integreringsarbeidet på individnivå og overordna nivå.

#### **Vaksenopplæringa:**

- Kvalitetssikre at opplæringa i norsk og samfunnskunnskap til alle deltakarar blir individuelt tilrettelagt med bakgrunn i kartlegging av skulebakgrunn frå heimlandet (rett spor) og norsk-kunnskapar (rett nivå).
- Tilby grunnskule over 2 år der første året er på førebuande nivå og andre året er 10. klasse med standpunkt og grunnskuleeksamen tilsvarende 10. klasse i grunnskulen. Dei som har rask progresjon får tilbod om realkompetansevurdering i eit, fleire eller alle 5 faga slik at dei kan søkje seg inn i vidaregåande skule.
- Gje god rettleiing til dei vaksne i høve innsøking til vidaregåande skule.
- Bruke systematisk nettbaserte opplæringsprogram i tillegg til tradisjonell undervisning.
- Grunnleggjande ferdigheter; lesing, skriving, rekning, munnleg framstilling og digitale ferdigheter, har spesielt fokus i all opplæring.

## **6.4 Kva har vi oppnådd i 2016?**

---

#### **Flyktningtenesta:**

- Busett 17 flyktningar i 2016: 10 vedtatt busett i 2016 + 7 frå 2017-kvoten. Med det er Kommunestyret sitt første vedtak oppfylt med busetjing av 45 tilsaman i 2013, 2014, 2015 og 2016
- I tillegg busett 3 familiegjenforente i 2016; 1 voksen og 2 barn
- Alle har starta i introduksjonsprogram etter kort tid
- 8 har avslutta program og 6 er over i ordinært arbeid eller utdanning
- Godt samarbeid med private utleigarar av hus/ leilegheiter
- Utvikla samarbeidet internt i kommunen og med arbeidslivet i høve språkpraksis
- Fått på plass 18 flyktningguidar
- Fått tilgang til Røde Kors-bil for øvingskjøring med frivillige
- Busette flyktningar driv språkkafèen

#### **Vaksenopplæringa:**

- Tilbydd norskopplæring på alle spor og alle nivå
- Gjennomført grunnskule med avsluttande eksamen våren 2016 for 12 vaksne innvandrarar; 8 frå Vestnes kommune og 4 frå Ørskog kommune.
- Gjennomført lokalt prøver i norsk, skriftleg og munnleg, samt samfunnskunnskapsprøver med deltaking frå fleire av nabokommunane

- Gjennomført 50 timer samfunnskunnskapskurs med deltaking frå fleire kommunar
- Gjennomført norskurs for arbeidsinnvandrarar lagt til bedrift
- Starta opp mødregruppe for busette flyktningkvinner som er i fødselspermisjon i samarbeid med helsestasjonen – deltakarar frå fleire kommunar
- Tilbydd spesialundervisning etter søknad

## 6.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

---

- Stort fokus på å ta vare på fysisk og psykisk helse gjennom rettleiing i kosthald og mosjon/ trening. Ein legg òg opp til læring i praksis gjennom matlaging og turar i nærmiljøet, og ein vil starte lågterskeltilbod i fysisk aktivitet for innvandrarkvinner
- Opplæring gjennom kurset «Foreldre i Norge»
- Fokus på handlingsplan mot vald i nære relasjoner

Tilsette:

- Arbeidsmiljøtema i felles personalmøte i samla driftseininga
- Velferdskomite med ulike tiltak gjennom året



Elevane i Vaksenopplæringa på tur

## 6.6 Økonomisk resultat 2016

---

Eining Alle tal i 1000 kr	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016			Budsjett 2016	Avvik 2016 i kroner og i %	
		Utgifter	Inntekter	Netto		i kroner	%
Voksenopplæring	-307	6 742	6 566	176	41	135	329,3
Busette flyktninger	5 538	11 564	3 363	8 201	8 283	-82	-1,0
Sum	5 231	18 306	9 929	8 377	8 324	53	0,6

- Heldt budsjettramma.
- Utgiftene auka med knapt 3,0 mill. kr frå 2015. Det har sjølv sagt samanheng med at det er busett fleire flyktninger. Det er spesielt utgifter til introduksjonsstønad, fleire tilsette som har auka. Men også økonomisk sosialhjelp har auka.
- Vi må sjå auken i utgiftene her mot tilsvarende auke i integreringstilskott frå staten. Inntektene auka meir enn utgiftene.

# KAP 7 KULTUR OG FRITID

## 7.1 Oversikt over sektoren

Følgjande tenester vert omhandla i dette kapitlet:

Vestnes Kulturskule, allment kulturarbeid i sentraladministrasjonen, frivilligsentralen og biblioteket.

Teneste	Tal Årsverk 2015	Tal Årsverk 2016	Evt merknader
<b>Kulturskulen</b>	8,23	8,73	Tillegg: 0,20 årsverk – kjøp frå Operaen i Kristiansund. 0,35 årsverk- engasjement badevakt. 0,50 årsverk – prosjektstilling fordelt på ulike lærarar.
<b>Sentraladm.</b>	0,6	0,6	Allment kulturarbeid, friluftsliv, "barn og unge"
<b>Frivilligsentral</b>	1	1	Tillegg: 3 timer pr veke – reinhaldstenester.
<b>Biblioteket</b>	1,5	1,5	

## 7.2 Resultatmål - Kultur og fritid

Kultur i sentr.adm (60%)	Heimel	Type sak - resultatmål
<b>Kulturtemaplan</b>	Statlege retningsliner	Gjennomføre ei årleg, tilfredsstillande temaplanrulleringsprosess for adm,sjefen med vedtak i kommunestyret i desember.
<b>Spelemiddelordning. Idrett og friluftsliv Statleg sikring av friluftsområde</b>	Statlege retningsliner Årsbudsjett / Øk.plan	Utføre og koordinere ordningane tilfredsstillande. Årleg kommunesaksførebuing mot fylke og stat. Kommunepliktig ajourhald av det offentlege idrettsanleggsregisteret i spelemiddelordninga. Forvaltningsplanlegging, samarbeid med off. etatar, frivillige, friluftsråd og idrettsråd
<b>Stadnamnlov, kulturvern, bygdebok, museum, Idrettsanlegg, friluftsliv og folkehelse Tilskotsformidling, prosjektoppfølging</b>	Lovforvaltning Planoppfølging Årsbudsjett / Øk.plan	Møte frivillige lag og organisasjoner av ulike slag rundt om i kommunen. Utføre og koordinere ei tilfredsstillande saksførebuing for adm.sjefen, med tanke på årsbudsjett, økonomiplan og planoppfølging. Det blir oppstart planarbeid (lokal kulturminneplan) i 2017.
<b>Barnerepresentant Koordinator for Vestnes ungdomsråd Tema: Barn og unge</b>	Statlege og lokale retningsliner	Utøve oppgåva og ansvaret tilfredsstillande med tanke på statlege og lokale retningsliner
<b>TV-Aksjonen, kommunekomiteen</b>	TV-Aksjon i oktober	Tilfredsstillande førebuing og gjennomføring saman med ordførar og Frivilligsentral/ frivillige.
<b>Tusenårskomiteen / nyttårsmarkering 31/12, ved Sjøgata/Kataholmen.</b>	Ordførar inviterer. VVL gjennomførte i 2016 i samråd med Vestnes Brannvesen.	Tilfredsstillande førebuing/gjennomføring. Leige av Sjøbua/ båtbyggarmuseet.
<b>Kulturpris</b>	FSK - ordførar	Tilfredsstillande saksførebuing/gjennomføring
<b>Næringspris</b>	FSK - ordførar	Tilfredsstillande saksførebuing/gjennomføring

Vestnes Kulturskule				
Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2016	Resultat 2016	MÅL 2017
Teknologi IKT	Vurdere nytt bookingsystem Myra kulturygg.	Gjere Myra kulturygg meir brukarvennleg for leigetakrar	Har skaffa mobil bankterminal	Bookingsystem vil komme på plass i samband med ny heimeside
Brukarundersøkning "opplevd kvalitet"	Brukarundersøking -skala 1-6, der 6 er best.		Gjennomført annakvart år, ikkje 2016	Brukarundersøkinga i 2017 med score over 5 i alle spørsmåla.
Objektiv kvalitet/	Utvide fagtilboda ved kulturskulen.	Vidareføre kunstfaget som kurs. Starte kurs i teater.	Ikkje gjennomført	Startar nye kurs både i teater og kunst hausten 2017
	Kultertilbod for eldre. (kulturell spaserstokk)	Vedlikehalde konser tilboda for eldre.	Vi har 3 konserter i drift i tillegg Musikkarven i Vestnes	Vedlikehalde og vidareutvikle konser tilboda for eldre. Utvikle fleire kultertilbod for eldre på dagtid.
	Verkstader for grunnskulen. (kulturelle skulesekk)	Produsere ein ny verkstad. Vedlikehalde eksisterande.	Gjennomført: Vi har 4 verkstader i drift og den 5. er ferdig produsert og klar for sal.	Vedlikehalde og selje 5 verkstader
	Ny rammeplan "mangfold og fordypning"	Implementere rammeplanen i kulturskulen.	Arbeidet er i gang	Godkjenning av Rammeplan og lokal læreplan i kommunestyret
	Utarbeide lokale læreplaner	Alle fagtilbod skal ha læreplaner.	Dei fleste fagplanane er ferdigstilt	Revidere fagplanane i samsvar med nasjonale føringer
	Vidareutvikle UKM som ei mønstring med høg kvalitet og godt omdømme	Fleire deltakrar og større breidde.	Gjennomført. God effekt av UKM verkstad på førehand	Vidareføre UKM verkstad som fast tilbod
Organisasjon	Andel dagsverk med sjukefråver for heile eininga Kultur og Fritid <ul style="list-style-type: none"><li>• Eigenmeldt</li><li>• Legemeldt</li></ul>	Mål: under 5.	8,3  0,4 8,1	Mål: under 5.
Økonomi	Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%) for heile eininga Kultur og fritid, (med unntak av sentraladmin.)	100	103,22	100

<b>Vestnes Folkebibliotek</b>				
Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2016	Resultat 2016	MÅL 2017
<b>Brukarundersøkjing</b>	Brukarundersøking (6 er beste score)	Høgare svarprosent enn 2013 – målbart resultat	54 % deltaking Heilheitsvurdering: 5,4	5,5
<b>Objektiv kvalitet/ Produksjon av tenester</b>	Utlån pr innbyggjar	3,6	4,1	4,0
	Besøk pr innbyggjar	3,6	3,85	3,8
	Biblioteket som møteplass		12 arrangement i biblioteket sin regi	15 arrangement i biblioteket sin regi.
	Nye brukargrupper		Asylmottaket lagt ned i 2016. Arbeide for å kompensere tapet av denne brukargruppa.	Etablere arbeidsplassbibliotek i bedrift for å nå utanlandske arbeidrar.
<b>Strategi</b>	Arbeidsplan for biblioteksjef	Planen skal reviderast jamnleg.	Plan er utarbeidd.	Halde fram med å bruke planen som eit verktøy.

<b>Vestnes Frivilligsentral</b>				
Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2016	Resultat 2016	MÅL 2017
<b>Strategi</b>	Utarbeide 3-årig strategi for Vestnes Frivilligsentral.	Arbeide for å nå måla satt i strategien for 2014-2016. Utarbeide ny strategi for 2017- 2019	Gjennomført	Arbeide for å nå måla satt i strategien for 2017 - 2019
<b>Synleg</b>	Innbyggjarane i Vestnes kjenner til kva sentralen er og aktiviteten/tilboda til sentralen.	Vestnes Frivilligsentral er synleg i lokale media, kommunen sine heimesider og i sosiale media.	Gjennomført	Frivilligsentralen er synleg i lokale media, kommunen sine heimesider og i sosiale media.
<b>Forankring i frivilligheita</b>	Vestnes Frivilligsentral er ein aktiv støttespelar og kompetansebank for frivilligheita i Vestnes kommune.	Frivilligsentralen oppsøker frivilligheita aktivt, bidreg som koordinator i større prosjekt og tilbyr rettleiing i organisasjonsarbeid. og medrettleiing i arbeid med pengesøknader	Gjennomført. Har rettleia og arrangert kurs om rekruttering og motivering av frivillige, og kurs i bruk av tilskuddsportalen.no ( 57 deltakarar)	Frivilligsentralen oppsøker frivilligheita og tilbør støtte og rettleiing i organisasjonsarbeid/prosjekt, og er aktiv på Tilskuddsportalen.no
<b>Objektiv kvalitet/ Produksjon av tenester</b>	Ha gode møteplassar for innbyggjarane i Vestnes med aktivitetane:	1)Arbeide for å nå fleire grupper. 2) Involvere fleire organisasjonar i gjennomføring. 3)Nå breiare ut og auke antal deltakarar. 4) Starte opp att Seniorsurf i samarbeid med biblioteket. 5)Arbeidsinnvandrarar og kvinner deltek i større grad. Busette deltek i arbeidet med gjennomføringa. Sikre ei stabil gruppe frivillige 6)Gjenoppstart av Møteplassen haust 2016 i samarbeid med skulane/Ungdomsrådet. 7) Arrangere Frivilligdagen – føle kjekt i Vestnes!	1) Gjennomført, kvar onsdag 2) Har blitt arbeidd med utan resultat foreløpig 3) Gjennomført ,16 turar med bra oppmøte 4) Gjennomført i samarbeid med bibliotek og seniorakademiet (2 kurs) 5) Gjennomført,men må fortsette arb. med å inkludere fleire grupper. 6) Ikkje gjennomført 7) Gjennomført med 25 org., Kulturskulen og sentrumsforeininga	1) Oppretthalde ein gong i veka. 2)Arbeide for å inkludere fleire organisasjonar i gjennomføringa. 3)Arrangere 12 turar. 4)arrangere datakurs for eldre i samarbeid med biblioteket, og andre. 5) Utvide tilbodet på Språkkafeen.. 6) Ligg på is til ein eventuelt får til samarbeid med frivillige/org. 7) Arrangere Frivilligdagen 2017

	Frivilligentralen arrangerer temakveld om frivillighet, eller kurs i styre- og økonomiarbeid for lag og organisasjonar.	1 stk i 2016.	Gjennomført 2 kurs: rekruttering og motivering av frivillige, og kurs i bruk av tilskuddsportalen.	1 stk i 2017.
	Koordinere turkonkuransen Stikk Ut! i Vestnes kommune.	Koordinere Stikk Ut 2016	Gjennomført 13 turmål i 2016 med ei dobling av registreringar og brukarar.	Koordinere Stikk Ut! 2017, og koordinere fellesturar til dei ulike turmåla i samarbeid med frivilligheita.
	Drifte og vedlikehalde Utstyrssentralen.	Drifte Utstyrssentralen 2016.	Gjennomført.	Drifte utstyrssentralen 2017, søke samarbeid med andre.
<b>Organisasjon</b>	Det har vore tilsett dagleg leiar i 100% stilling. Styret har hatt 3 styremøter i tillegg til årsmøte. Vestnes kommune er eigar av sentralen.		Dagleg leiar har vore i permisjon til mars 2016. To vikarar har delt stillinga i perioden.	Arbeide for auka midlar i form av eksternt prosjektstøtte til ulike aktivitetar.

## 7.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

---

### Kultur i sentraladministrasjonen:

- Arbeidet med kultur, idrett og friluftsliv i sentraladministrasjonen femnar vidt, men er på same tid oversiktleg og resultatretta. For 2017 er ein framhaldande, minst nøgd med ressursmangel knytt til slutføring av bygdebokarbeidet "Gard og Slekt."

### Vestnes Kulturskule:

- Lokala er ikkje tilpassa bruken. Stadige utfordringar med lyd- og lysforhold, temperatur og fukt i kjellaren, gjer at kvart år er meir og meir krevjande for personalet. Dei trafikkale forholda ved Kulturskulebygget er nervepirrande.
- Ny rammeplan**  
Den nye rammeplanen "mangfold og fordypning" gir oss ein ny organiseringsmodell, og kategoriserer fagtilboda i tre ulike opplæringsprogram, som skal ivareta breiddeprogram, kjerneprogram og fordjuping. Vi har innført fordjupingsprogram for elevar med ekstra interesse og føresetnad for faget. Det vert stilt krav til høg og målretta arbeidsinnsats.

### Vestnes Frivilligentral:

- Vestnes Frivilligentral skal vere ein aktiv støttespelar og kompetansebank for frivilligheita i Vestnes kommune. Frivilligentralen må gjennom samarbeidsprosjekt og tilbod om rettleiing bli meir aktuell og synleg for frivilligheita i kommunen. Ein må arbeide for eit styrka samarbeid mellom kommunen, sentralen og det frivillige arbeidet elles. Frivilligentralen ønskjer å styrke rolla si som rettleiar



og støttespelar for lag og organisasjonar sitt arbeid med å utvikle prosjekt/aktivitet, og få økonomisk støtte til dette.

#### Vestnes folkebibliotek:

- Biblioteket skal i tilbodet sitt til born og vaksne legge vekt på kvalitet, mangfald og aktualitet og eit lavterskelttilbod til innbyggjarar både i og utanfor kommunen.
- Lokala våre er lite eigna til bibliotekdrift etter folkebiblioteklova. Vi har ikkje eige pauserom.
- Auka arbeidsmengd som følgje av nye arbeidsoppgåver og høgare aktivitet ved biblioteket (8,5 % auke i utlånet og 23 % auke i besøket over ein tiårsperiode) gjer behovet for auka årsverk stadig større. For 2017 har vi fått 0,2 årsverk auka stillingsressurs, men behovet er på minst 0,3 årsverk til.
- Asylmottaket i Vestnes vart lagt ned i 2016. Vi hadde mange brukarar derifrå, så vi må arbeide for å nå nye grupper som kompensasjon for dei vi har mista, sjå pkt. 7.2 om arbeidsplassbibliotek.

## 7.4 Kva har vi oppnådd i 2016?

---

#### Kultur i sentraladministrasjonen

- Arbeidet med almen kultur, idrett og friluftsliv i sentraladministrasjonen har innfridd dei oppgåveretta resultatmåla i 2016. Sjå og resultatmålformuleringar for 2017. Kommunesak med adressering og vegnamn er så å seie fullført i 2016. Kulturskule, Frivilligsentral, Folkebibliotek og kulturtenestene i sentraladministrasjon, har hatt eitt fast, månadleg timesmøte på leiarnivå i 2016. Slik fast «kultursamkome» kan gi både inspirasjon og resultat. Ulike prosjekt, felles mål for integrering og til dømes gjennomføring av Frivilligdagen i kommunesenteret, kan tene som døme. Ein er framhaldande nøgd med satsing på friluftsliv i kommunen. Lyssetting av helseløypa inn mot Kråkvika i kommunesenteret, samt fleire turvegprosjekt og lokale Stikk Ut turar i bygdelaga, kan tene som døme her. I sentraladministrasjonen vonar ein på framhaldande styrking av Frivilligsentralen også med tanke på tilskotshjelp til lokale lag og organisasjonar.

#### Kulturskulen

- Verkstader av god kvalitet ute i grunnskulane både i eigen kommune og i andre kommunar gjennom den kulturelle skulesekken.
- Eigne konsertproduksjonar i regi av den kulturelle spaserstokken
- Arrangert UKM verkstad i forkant av mönstringa. Det trengs kontinuerlig arbeid for å oppretthalde mönstringar med høg kvalitet og godt omdømme.
- Vi har styrka rekrytteringa til skulekorpsa ved oppretting av eit kommunalt aspirantkorps. Vi arrangerer årlege aspirantseminar. Det har resultert i ein auke i talet på aspirantar.




Foto: Sergey Podoprigora

- Månadlege huskonsertar på Myra og Kulturcafè på Frivilligsentralen i tillegg til andre konsertar. Danseforestillingane jul og sommar fyller Idahall til trengsel.
- Mange av elevane og lærarane i kulturskulen, er aktive i korpsa i kommunen. I alle konkurransar oppnår dei svært gode plasseringar.
- I samband med prosjektet «Musikkarven i Vestnes» blåste vi liv i Fellesorkesteret. Vi har digitalisert notar og opptak både i song- og musikkarven.
- Ungdomsgruppa ved Kulturskulen fekk fleire prisar i høve deltaking på Gapskratten.
- Aktiviteten i Myra Varmebasseng er aukande

### Vestnes Frivilligsentral

Vestnes Frivilligsentral har i hovudsak nådd sine mål for 2016. Vi vil trekke fram nokre ekstra gode resultat:

- Turregistreringa Stikk UT! vart vidareført i 2016. Stikk Ut! er ein suksess og tala har dobla seg sidan oppstart i 2015. I Vestnes kommune er det registrert heile 1.563 brukarar, og 9.800 turar fordelt på 13 turmål. Frivilligsentralen har koordinert arbeidet, og organisasjonar og enkeltpersonar har lagt ned ein stor innsats i å lage gode turskildringar og i merking av turløyper.



**Stikk UT Melen**

- Hausten 2016 vart det arrangert to kurs for lag og organisasjonar. Eitt om rekruttering og motivering av frivillige ( 25 deltagarar), og eitt kurs i bruk av Tilskuddsportalen. Tilskuddsportalen er ei søkarteneste for å finne tilskot til aktivitet. Kommunen har kjøpt abonnement for lag og organisasjonar i kommunen. 31 deltok på kurset.
- Friluftsdag for familiar på mottaket og elles i kommunen vart arrangert på Kråkneset med 2-300 deltagarar. Fleire organisasjonar og bibliotek bidrog med aktivitetar.
- Frivilligdagen 2016 – fole kjekt i Vestnes, vart arrangert i september. Dette vart gjort i samarbeid med Vestnes kommune, Kulturskulen og Sentrumsforeininga i tillegg til 26 frivillige lag og organisasjonar. Mange besøkte arrangementet.

#### **Vestnes folkebibliotek**

- Vi hadde ein auke i utlånet på 17 % i 2016. Utlånstalet på landsbasis går ned. Besøkstalet vårt auka med 11%. På grunn av ein feil , kjem ikkje auken i utlån fram i dei offisielle tala frå Nasjonalbiblioteket.
- Vi hadde 12 arrangement med ulike tema og for ulike målgrupper.
- Biblioteksjef hadde det faglege ansvar for datakurs, arrangert i samarbeid med Vestnes seniorakademi og Frivilligsentralen. Det vart halde to kursbolkar på à 5 kursøkter.
- I investeringsbudsjettet for 2016 vart det løyvd kr. 500 000,- til utbetring av lokala våre. Desse vart tekne bort, då det er planer om å bygge nytt bibliotek i det planlagte helsehuset. Vi fekk likevel opna opp inngangspartiet meir. For utviklingsmidlar frå Nasjonalbiblioteket fekk vi kjøpt inn nye hyller med hjul, så lokalet er noko betre eigna for å ha arrangement. Framleis står mykje att.

## **7.5 Tiltak for å fremme folkehelsa**

---

#### **Kultur i sentraladministrasjonen**

- Innan arbeidet med kultur, idrett og friluftsliv i sentraladministrasjonen vil ein særleg trekke fram samarbeidet og satsinga innan friluftsliv. Når det gjeld «Stikk Ut» har no Frivilligsentralen overtatt dei koordineringsoppgåvane som den tidlegare folkehelsekoordinatorstillinga (50%) gjennomførte. «Stikk Ut» er ei suksesshistorie, men byr også på utfordringar, for eksempel eit behov for dialog med grunneigarar.

#### **Kulturskulen**

- Det er naturleg å trekke fram dei fysiske tilboda som særskilt helsefremmande. For kulturskulen er dette dans og aktivitetar i bassenget.
- Forsking viser at alle som konsumerer kultur i ei eller anna form opplever betre helse, er meir tilfreds med livet sitt, og er mindre plaga av angst og depresjon, samanlikna med folk som ikkje er så opptatt av kultur. Med dette som utgangspunkt må ein kunne sei at all aktivitet som kulturskulen driv med, er helsefremmande.
- Vi har sangstund i fleire eldreinstitusjonar kvar veke.
- Vi sel dirigent-tenerester til lokale lag og organisasjonar, som igjen driv viktige helsefremmande aktivitetar (Korps-spelemannslag)

### **Vestnes Frivilligsentral**

I samarbeid med NAV Vestnes vart det i 2015 oppretta Utstyrssentral på Frivilligsentralen. Utstyrssentralen låner ut gratis utstyr til alle, det bidreg til at fleire får tilgang på utstyr for deltaking i fritidsaktivitetar og friluftsliv. Frivilligsentralen administrerer utlånet. I tillegg har Frivilligsentralen friluftsutstyr som lag og organisasjonar kan låne gratis. Vestnes kommune har også Turregistreringa StikkUT! Desse tiltaka ilag med Frivilligsentralen sine gåtar stimulerer til meir fysisk aktivitet og ei betra folkehelse.

Det er også mykje god folkehelse i ein sterkt frivillig sektor. Kultur og frivillighet står sentralt i det norske samfunnet, og fungerer som eit sosialt lim som bidreg til å styrke samhaldet mellom folk og tettleiken av sosiale nettverk. Deltaking i kultur, idrett og anna frivillighet er ei viktig kjelde til å finne identitet og kjensla av å høyre til. Kultur og frivilligheten har ein verdi i seg sjølv, men er også ein dør opnar til deltaking i lokalsamfunnet, og vert slik eit viktig arena for å skape trivsel og kjensla av å høyre til. Deltaking hindrar utanforsk, skapar trivsel og engasjement. Slike gode møteplassar gir god folkehelse. Frivilligsentralen hadde i 2016 mellom anna møteplassar for frivilligheita ( Frivilligdagen, kurs), integrering (Språkkafeen, Frilufts dagen), for foreldre i permisjon (Full Rulle) og for eldre (Kulturkafeen).

### **Vestnes folkebibliotek**

Vi er eit Bok til alle-bibliotek, som vil seie at vi rekrutterer leseombod. Dette er frivillige som les mellom anna på Vestnes sjukeheim og Mariebo. Vi har også eiga hylle med bøker som er særskilt tilrettelagt for dei som av ulike grunnar har vanskar med å tilegne seg tekst.

For dei som er nye i landet, og også «innfødde», er vi ein møteplass og arena for sosialt fellesskap.

## 7.6 KOSTRA-tal på området

Nokre KOSTRA tal	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
<b>Kultursektoren, samla</b>							
Nto dr. utgift kultur pr. innbyggjar	<u>1 722</u>	<u>1 726</u>	<u>2 088</u>	<u>1 888</u>	<u>1 552</u>	<u>1 962</u>	<u>968</u>
<b>Kulturskule</b>							
Nto. Utg. kulturskule, pr innb	683	397	294	489	323	278	337
Nto utg kulturskule, pr innb 6 - 15 år	5 834	3 215	2 385	4 147	2 601	2 385	2 580
Andel elevar i kulturskule, pr. innb. 6 - 15 år	36,8	21,1	14,2	19,1	14,5	22,1	15,3
<b>Kultur (pr. innbyggjar)</b>							
- idrettsbygg	356	394	483	431	132	638	165
- kulturbrygg	259	171	238	340	92	311	-
- idrett m.m.	34	126	197	113	309	4	67
- aktivitetstilbud, barn og unge	1	66	161	29	0	49	3
- museer	35	59	70	17	-	72	108
- andre kulturaktiviteter	158	198	254	257	377	86	101
<b>Kyrkje</b>							
Nto utg. kyrkje pr innbyggar	645	654	599	682	652	465	477
Medl. i Dnk i % av innbyggjarar	83,3	80,4	74,4	84,7	77,2	78,2	83,7
Døpte i prosent av antall fødte	69,1	68,4	59,9	64,9	61,5	53,9	88,5
Konfirmerte i % av 15-åringar	91,0	78,6	62,9	92,9	85,7	65,3	88,6
Gudstenester pr. 1000 innbyggjar	15,2	14,1	12,6	18,4	16,8	10,4	15,7
Konserter og kult. ar. pr 1000 innb.	5,9	3,0	2,6	1,3	3,5	2,7	2,3
Kirkeofring pr. medlem (kr)	127	97	83	40	129	115	70
<b>Bibliotek</b>							
Nto. Driftsutgift pr. innbyggjar	197	240	277	207	297	216	177

- Vestnes bruker som fylkesgjennomsnitt på kultursektoren, men noko mindre enn landsgjennomsnitt.
- Det er kulturskulen som er høgt prioritert i Vestnes. Her bruker vi meir enn både fylkes- og landsgjennomsnitt.
- Det gjev seg også utslag i at ein langt større andel av barna i kommunen får tilbod i kulturskulen. Dette er svært positivt.
- På dei fleste andre områder innan kultursektoren bruker vi mindre enn fylkes- og landsgjennomsnitt.

## Utvikling 2011 - 2016

KOSTRA tal							Endring i %
- utvikling siste 6 år	2011	2012	2013	2014	2015	2016	11 - 16
Nto. Utg. kultur pr. innbyggjar	1403	1419	1309	1590	1555	1722	22,7
Nto. Utgifter kulturskule, pr. innb	466	539	554	652	569	683	46,6
Nto. Utgifter bibliotek pr. innbyggjar	162	184	170	215	194	197	21,6
Nto. Utg kyrkje pr. innbyggjar	489	516	564	502	610	645	31,9
Nto utg kulturskule, pr innb 6 - 15 år	3 768	4 487	4 793	5 647	4831	5834	54,8
Andel elevar i kulturskule, pr. innb. 6 - 15 år	30,3	31,8	33,4	37,6	37,4	36,8	21,5
<b>Bibliotek</b>							
Utlån pr. innbyggjar	4,4	4,4	3,8	3,4	3,3	4,2	-4,5
Besøk pr. innbyggjar	3,5	3,3	3,3	3,7	3,5	3,9	11,4
Totale utlån	28 495	29 136	24 900	22 828	23 147	27 309	-4,2
Totale besøkstal	22 992	21 906	21 813	24 607	23 178	25 804	12,2

- Utgiftene til kulturtiltak har auka med 22,7 % i perioden. Det er spesielt kulturskulen som er prioritert.
- Utlån fra bibliotek gjekk mykje ned fram til 2014, men positiv utvikling siste 2 åra. Også besøk på biblioteket har auka.

## 7.7 Økonomisk resultat 2016

Alle tal i 1000 kr	Rekneskap	Rekneskap 2016			Budsjett	Avvik 2016	
	2015	Utgifter	Inntekter	Netto	2016	i kroner	og i %
Kultur	1 960	3 958	1 838	2 120	2 776	-656	-23,6
Kulturskulen	4 740	8 403	3 630	4 773	4 520	253	5,6
Bibliotek	1 277	1 583	338	1 245	1 319	-74	-5,6
Frivillighetssentral	406	985	421	564	537	27	5,0
Kyrkjelege føremål	4 290	4 447	6	4 441	4 489	-48	-1,1
<b>Sum</b>	<b>12 673</b>	<b>19 376</b>	<b>6 233</b>	<b>13 143</b>	<b>13 641</b>	<b>-498</b>	<b>-3,7</b>

- Kultur har mindreforbruk, her er nok budsjettet sett litt høgt. Forbruket er nokolunde i tråd med tidlegare år. Elles er det ikkje store avvik her.

## Utvikling 2011 - 2016

Alle tal i 1000 kr	2011	2012	2013	2014	2015	2016	Endring 2 011 - 2016 i kroner %	
							kroner	%
Kultur	2 672	2 649	1 889	1 949	1960	2 120	-552	-20,7
Kulturskulen	3 575	4 281	4 244	4 760	4740	4 773	1 198	33,5
Bibliotek	992	1 145	1 105	1 292	1277	1 245	253	25,5
Frivillighetssentral	336	342	178	480	406	564	228	67,9
Kyrkjelege føremål	3 312	3 736	3 971	3 617	4290	4 441	1 129	34,1
<b>Sum</b>	<b>10 887</b>	<b>12 153</b>	<b>11 387</b>	<b>12 098</b>	<b>12 673</b>	<b>13 143</b>	<b>2 256</b>	<b>20,7</b>

KAP 8 HELSE, OMSORG OG VELFERD

## 8.1 Oversikt over sektoren

Kapitlet omhandler einingane Heimetenestene, Vestnes sjukeheim, Tresfjord trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet, Legesenter og NAV kommune.

Teneste	Årsverk 2015	Årsverk 2016	Ev. merknad
Heimesjukepleie	30,5	31	
Rehabilitering, fysioterapi, ergoterapi, fotterapi, psykisk helse, praktisk bistand, heimehjelp, støttekontakt, omsorgsløn, Dagtilbod til heimebuande, heimevaktmeister, tryggleiksalarm	16,2	14,2	Pr 31.12.16 etter omorganisering 01.10.2016. 2,5 årsverk psykisk helse over i ny eining.
Tresfjord trygdeheim	22,5	22,5	inkl. reinhald (byrå)
Sentralkjøkken	7,7	7,7	
Vestnes sjukeheim	45,7	44,8	*inkl. einingsleiar og merkantil *red. årv. i samband med red. tal på rom
Mariebo	10,2	9,6	
Oppigarden	10,3	9,7	
Igartun	14,9	14,9	Inkl.einingsleiar,merkantil,reinhald
Vestnes legesenter	7,7	7,5	
NAV kommune	6,6	4,6	Pr 31.12.16 etter omorganisering fra 01.10.16

## 8.2 Resultatmål – Helse, omsorg og velferd

	seng- og fall-alarmar)			
<b>Brukarar “opplevd kvalitet”</b>	<p><b>Brukarundersøking (partalsår)-skala 1-6, der 6 er best.</b> <b>Vestnes sjukeheim og Hellandtunet (Påørande)</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Grad av tilfredsheit med legeletsyn ut i frå behov</li> <li>• Grad av tilfredsheit i høve tilbod i institusjon</li> </ul> <p><b>Heimetenestene: Brukarundersøking</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• I kva grad tilsette har kjennskap til kva oppgåver dei skal utføre hos brukar</li> <li>• I kva grad brukar får medisin til rett tid.</li> </ul> <p><b>Legetenesta – brukarundersøkjing – totalresultat</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Andel som meiner at time/reseptbestilling på sms fungerer godt</li> <li>• Andel som er fornøgde med generell tilgjenge</li> <li>• Andel som er fornøgde med tlf. tilgjenge</li> </ul> <p><b>NAV – eiga brukarundersøkjing</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eg får den hjelp eg treng frå NAV-kontoret (skala frå 1-6, der 6 er best)</li> <li>• </li> </ul>	4,9 5	5,1 5	5,1 5
<b>Teneste “objektiv kvalitet”</b>	<p><b>Institutionane:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Andel bebuarar med kartlagt ernæringsstatus:</li> </ul> <p><b>Dekningsgrad institusjon:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tresfjord trygdeheim</li> <li>• Vestnes sjukeheim</li> <li>• Oppigarden</li> <li>• Ivartun</li> <li>• Mariebo</li> </ul> <p><b>Heimetenestene:</b> Bruk av direkte “ansikt-til-ansikt-tid” Bruk av Logistikk prosjekt for å forbedre tenesta</p> <p><b>Legetenesta:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tal på SMS kontakter gj.snitt/dag</li> <li>• Hjerte- og karsykdom (antall/1000)</li> <li>• Røyking kvinner (gravide) i %</li> </ul> <p><b>NAV:</b> Andel arbeidssøkjarar / personar med nedsatt arbeidsevne med oppfølging siste 3 månadar</p>	95 % 99 % 94 % 85 % 94 %	98 96 96 88 94	98 98 98 95 95
<b>Organisasjon</b>	<p>Andel (%) dagsverk med sjukefråver</p> <p><b>Hellandtunet:</b> Eigenmeldt: Sjukemeldt:</p> <p><b>Sjukeheim/Trygdeheim/sentralkjøkken:</b> Eigenmeldt: Sjukemeldt:</p> <p><b>Heimetenestene:</b> Eigenmeldt: Sjukemeldt:</p>	0,7 11,0	1,2 10,0	0,7 10,0

	<b>Legetenesta:</b> Eigenmeldt: Sjukemeldt:  <b>NAV:</b> Totalt sjukefråver ( kommunalt tilsette ):	0,5 3,5  6,5	0,5 3,2  8,5	0,5 3,2  6,3
<b>Økonomi</b>	<u>Omfang av overtid i eininga (i tusen kr)</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Heimetenestene</li> <li>• Sjukeheim/trygdeheim</li> <li>• Hellandtunet</li> </ul> <u>Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Heimetenestene</li> <li>• Sjukeheim/trygdeheim</li> <li>• Hellandtunet</li> <li>• NAV</li> <li>• Helsetenester</li> </ul>	600 600 250  100 % 100 % 100 % 100 % 100 %	852 807 302  103,0 101,8 93,8 106,0 103,7	600 600 250  100 100 100 100 100

## 8.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

---

**Felles/Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet og Heimetenestene:**

### Tenestetilbodet

- I tråd med nasjonale føringar og kommunen sine visjonar har vi i større grad satsa på korttidsplassar i institusjon. Dette gir stor utskifting av pasientar.
- Auka tilbod om avlastning/ rulleringsopphald. Avlastar pårørande som står i ein krevjande omsorgssituasjon, og kan halde brukarane i eigen heim lengre.
- Vidareutvikle dagtilbod innafor økonomisk ramme. Skape meiningsfulle opplevingar og ein aktiv kvardag for den einskilde. Vil også vere del av avlastningstilbod for pårørande. Merker at utfordringane kanskje er størst i høve grupper av demente.
- Vi ser at vi får brukarar med meir samansette behov og diagnosekompleksitet i høve tenestetilbodet. Ressurskrevjande brukarar.
- Det er eit aukande behov for oppfølging av yngre brukarar. Pasientgrupper som tidlegare ikkje har vore i vår teneste.
- Ofte har dei som no kjem frå sjukehuset behov for direkte behandling i heimen/eller på institusjon. Medfører auka krav til kompetanse.
- Utfordringane innan rus/psykisk helse er aukande.
- Behov for meir differensiert teneste- og butilbod for yngre vaksne med ulike funksjonshemminger og samansette behov/Omsorgsplan 2020
- Auke tidsbruken i direkte brukarretta tid. Logostikkbehov i heimetenesta. Utvikle metodikk og verktøy. Interkommunalt prosjekt.
- Korleis skal institusjonsdrifta i kommunen vere i framtida? Store avdelingar kontra mindre bueiningar. Omsorgsplan 2020 / Arbeidet omkring nytt helse- og velferdssenter.
- Digitalisering/velferdsteknologi

## **Elektronisk kommunikasjon**

- Mellom kommune, fastlege og spesialisthelsetenesta
- Etablert system i stadig utvikling
- Forenklar samhandling
- Sikrar auka dokumentasjon direkte inn i pasientjournal
- Kontinuerleg prosess på utvikling/oppdatering av prosedyrar og samordning av rutinar mellom partane
- Oppdatering/informasjon om endringar må formidlast internt i kommunen
- Mobilt journalsystem
- Integrasjon mellom ulike fagsystem/programvarer i kommunen

Utfordringar :

- Sikre at informasjon når ut
- Felles forståing mellom partane
- Kontinuerleg systemovervaking, slik at feil vert varsle i tide

## **Konsekvensar av vidare implementering av samhandlingsreforma**

- Krav til auka IT kompetanse til den einskilde arbeidstakar.
- Fortsatt diskusjon omkring spesialistrehabilitering (HF) og kommunalrehabilitering.
- Samarbeid opp mot interkommunal øyeblikkeleg hjelp døgntilbod og legevakt.
- Psykiatri/rus - krav om nye tenestetilbod i kommunen, m.a. øyeblikkelig hjelp døgntilbod
- Samhandlingsarenaer i regi av ROR nettverksgruppe og HF.
- Behov for interkommunalt samarbeid på fleire arenaer.

## **Kompetanse**

- Strategisk kompetanseplan - viktig å sette standard for kva utdanningar kommunen vil ha, og kva kommunen gir støtte til.
- Kompetansebehov aukar, og dette gir behov for bakvakt då avdelingar manglar spesielt høgskuleutdanna.
- Bruke kompetanse rett – spesialkompetanse/høgskuleutdanna personell må nyttast på tvers, eventuelt team for heile kommunen, samt interkommunalt samarbeid .
- Tenestene må vere opne for nye arbeidstidsordningar, og få nytta kompetansen på ein betre måte. Dette vil redusere talet på deltidsstillingar

## **Rekruttering**

- Eigne rekrutteringstiltak, t.d. løn, arbeidstidsordningar
- Vestnes har inngått rammeavtale i lag med fleire kommunar på Sunnmøre ved rørande bruk av vikarbyrå, når det er naudsynt pga kompetansebehov og krav om forsvarleg drift.

## **Velferdsteknologi**

- bidra til at brukarane vert gitt høve til å meistre eige liv og helse betre, basert på eigne premisser
- bidra til at brukarane med behov for helse og omsorgstenester kan bu heime lengre, og dermed utsette tidspunktet dei elles ville måtte flytte på institusjon
- kvalitativ gevinst for brukar og deira pårørande
- auke kompetanse og ressursar

- samarbeidsavtale med ALV (Arena for Læring om Velferdsteknologi)
- ROR samarbeidet, prosjekt og faggrupper
- sjå eigne behov opp mot tekniske moglegheiter og løysingar / ut frå nasjonale anbefalinger
  - Varslings- og lokaliseringsteknologi
  - Elektronisk medisineringsstøtte
  - Elektroniske dørlåser
  - Digital tilsyn
  - Oppgraderte pasientvarslingssystem
  - Logistikkloysingar for meir optimale køyreruter og betre kvalitet på tenester

**Sentralkjøkkenet :**

Har etablert eit HACCP-basert IK-Mat system (Mattilsynet innførte nytt Hygienereglement 01.03.2010). Lovpålagt merking av all mat som vert servert gir utfordringar. Skal kunne gi opp kva maten inneheld (nye felles merkeregler i EU og Norge, f.o.m. desember 2014).

Databasert program. Ikkje på plass. Er teke opp som sak i ROR IKT. Samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunar. Ikkje ferdigstilt i 2016.

**Vestnes legesenter :**

**Interkommunal legevakt**

Den interkommunale legevakta har no vore i drift i 2 år. Norddal kommune tok del frå 2016. Det er stor spenning i høve skjebnen til den noverande legevaktordninga, i og med at Ørskog kommune frå 2020 blir ein del av Ålesund kommune.

Inntrykket er at kommunen sine innbyggjarar er tilfredse med legevaktordninga. Legevakta har ikkje motteke melding om avvik som følgje av lengre reiseveg. Fleire tek kontakt på dagtid med akutte helseplager i staden for å kontakte legevakta.

**Fysikalsk behandling**

Det er for lang ventetid på behandling ved fysioterapeut med driftsavtale. Dette kan i verste fall bety at helsetilstanden kan forverre seg i ventetida , og at ei eventuell sjukefråværperiode vert unødvendig forlenga.

**Tilbod til pasientar med livsstilssjukdomar**

Utover individretta oppfølging hos fastlegen, er det få tilbod til personer med livsstilssjukdomar. LHL driv ei trimgruppe for hjarte-lungesjuke . Dette er svært positivt. For 2017 planlegg Lærings- og mestringssenteret i Helse Møre og Romsdal i samarbeid med LHL og Vestnes Legesenter , eit opplæringskurs for personar med KOLS.

**NAV- kommune:**

**Økonomisk sosialhjelp**

Utgiftene til økonomisk stønad (sosialhjelp) steig med 0,8 mill frå 2015 til 2016. Då viser vi samstundes til det som var sagt i årsmeldinga for 2015 der det var årsaker til at utgiftene var særskilt låge i 2015. Antall søkjarar og mottakarar av økonomisk stønad steig ein god del frå 2015 til 2016. Dette er det grunn til å tru og heng saman med ei relativt høg arbeidsløyse i Vestnes i 2016.

## **Arbeidsløyse**

Etter at arbeidsløysa hadde vore «rekordhøg» i november og desember 2015, sakk den dei første månadane av 2016 og låg då under snittet for fylket og landet. Frå april 2016 og ut året steig arbeidsløyse og var i desember 2016 på 4,1% i Vestnes. Dette er godt over snittet for fylket og landet. I byrjinga av 2017 er det teikn som tyder på at arbeidsløysa er på vei ned igjen. Arbeidsløysa i Vestnes er særlig kjenslevar for aktiviteten i verftsindustrien og redusert aktivitet her gir og store ringverknader til underleverandørar og andre.

## **Framandspråklege innbyggjarar**

Kommunen har etter kvart fått ein betydeleg del framandspråklege innbyggjarar. Dette både i form av arbeidsinnvandrarar og flyktningar. NAV- kontoret har fortsatt i 2016 stor pågang frå framandspråklege brukarar. På grunn av språkutfordringar er det krevjande å kunne rettleie desse på ein god måte og det krevjer mykje ressursar og mykje bruk av tolketenester.

## **Låginntektsfamiliar**

Vestnes kommune har diverre ein stor del born og unge som lever i familiar med vedvarande låg inntekt. Noko usikkerheit om nedlegginga av asylmottaket vil verke positivt inn på desse tala. NAV Vestnes har sidan 2014 hatt eit prosjekt med finansiering frå Fylkesmannen vedkomande arbeid mot barnefattigdom. Dette har ein tidlegare orientert kommunestyret og vi arbeider med ein handlingsplan for kommunen som er berekna ferdig våren 2017.

## **Tenester til personar med rusutfordringar/psykiske utfordringar og/eller samansette problem**

Kommunen omorganiserte frå 1. oktober 2016 sine tenester innan rus og psykisk helsearbeid. Tidlegare har det vore to årsverk tilsette i NAV- kontoret med ansvar for rustenester, samt at ein har hatt ansvar for Myra Aktivitetssenter med to årsverk. Desse tenester og dei tilsette er no overført til ny eining. Etter dette tilbyr NAV no berre kommunale tenester heimla i lov om sosiale tenester i NAV

## **Brukarar under 30 år**

NAV Vestnes har en stor del brukarar under 30 år som slit med å få innpass i arbeidslivet og/eller varig tilknyting til arbeidslivet. Dette kan skuldast fleire forhold som til dømes fråfall i vidaregåande skule, helseutfordringar eller sosial arv. NAV Vestnes vil i 2017 særleg prioritere brukarar under 30 år i høve oppfølging og arbeidsretta tiltak. Frå og med 2017 vert det og innført aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar under 30 år.

## **8.4 Kva har vi oppnådd i 2016?**

---

### **Felles/Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet og Heimetenestene:**

- Norsk helsenett: I bruk som planlagt. Kontinuerleg opplæring og kvalitetssikring
- Teneste/forvaltningskontor i funksjon. Saksbehandling utvida til også å gjelde for barn/unge. Tilført eit halvt årsverk.
- Betre kompetanse/Kontinuerleg arbeid. Oppfølging gjennom Kompetanseløftet 2020
- Praksisplass for elevar og studentar innan helsefagarbeidar og sjukleiarutdanning.

- Praksis og fagprøvearena for lærlingordninga / helsefagarbeidar
- Gjennomført fleire fagprøver (helsefagarbeid) for arbeidstakarar frå ulike einingar.
- Gjennomført fleire vellukka arrangement for tenestemottakarane våre, som fellesturar, basar, sommarfest, juletrefest og ulike underhaldningstilbod.
- Brukarundersøking gjennomført for Heimetenesta og institusjonane, med bra resultat.
- Vidareført bruk av E-læring – Legemiddelhandtering (ulike kurs for assistentar, helsefagpersonell og høgskuleutdanna).
- Teke del i nettverksarbeid gjennom ALV i høve velferdsteknologi (prosessarbeid/ behovsfokus).
- Betre dagsentertilbod til heimebuande demente, gjennom tilskot frå Helsedirektoratet.
- Fokus på ernæring gjennom internt innovasjonsprosjekt i Kompetanseløftet 2020.
- Tannhelseprosjekt , samarbeid mellom Heimetenesta og Fylkestannhelsetenesta.
- Arbeidsmiljøprosjekt Mariebo og Oppigarden, i samarbeid med Arbeidslivsenteret.

### **Vestnes Legesenter:**

#### **Elektronisk kommunikasjon**

Det foregår stadig utbygging av den elektroniske kommunikasjonen. Samarbeidet med andre kommunale helseetatarar er blitt enklare, betre og tryggare når det gjeld å ivareta kommunen sine innbyggjarar best mogleg.

Kjernejournal vart innført i 2016. Våren 2017 vil den elektroniske pasientjournalen ved legesenteret bli oppgradert, slik at det er mogleg å sende digital post til den einskilde pasienten.

#### **Tilgjengelighet**

Legesenteret har som mål at det skal vere enkelt å komme i kontakt med legesenteret via SMS eller pr. telefon. Det skal vere kort eller ingen ventetid og pasienten skal møte sin fastlege. Time- og reseptbestilling på SMS og nett, gjer at telefonen ikkje vert blokkert i same grad som tidlegare.

#### **Kommunepsykolog**

Fastlegane har eit godt samarbeid med kommunepsykologen. Stillinga er pr i dag eit prosjekt, med tilskot frå Helsedirektoratet. Det er etter legane si meining viktig at denne stillinga ved slutten av prosjektet, vert gjort om til ei fast stilling.

#### **Elektronisk kommunikasjon**

Elektronisk kommunikasjon med samarbeidspartnerar vert stadig utvida. Legesenteret kommuniserer no elektronisk også med helsetenesta i andre kommunar som Rauma og Molde. Nyleg er det også oppretta linje med NAV. Det styrkar heilt klart kvaliteten på samarbeidet og helsetenesta, samtidig som personvernnet for den einskilde pasient vert ivareteke.

## **NAV- kommune:**

### **Marknadsarbeid**

NAV Vestnes har og i 2016 hatt stort fokus på kontakt med bedrifter og næringsliv. Kontakten med lokale og regionale bedrifter er viktig relasjonelt arbeid i høve målsettingar om å få fleire personar ut i arbeid og aktivitet.

### **Barnefattigdomsprosjekt**

Vi viser til det som er sagt i førre punkt vedkomande andel barn og unge i låginntektsfamiliar. NAV Vestnes starta i 2014 eit prosjekt med spesielt fokus på desse familiene. Dette arbeidet har vore vidareført og i 2016. Samarbeid med andre hjelpeinstansar i kommunen er viktig for å lukkast i arbeidet med den enskilde brukar/familie.

### **Busette flyktningar**

NAV Vestnes inngikk i 2015 eit formelt samarbeid med Flyktningstenesta i kommunen i høve busette flyktningar. Arbeidet har særleg hatt fokus på arbeid og aktivitet. I midlertid har dei busette flyktningane hatt større behov for sosiale tenester også under introduksjonsprogrammet enn det vi hadde sett føre oss. Dette utfordrar ressurssituasjonen i kontoret noko.

### **Økonomi- og gjeldsrådgjeving**

Frå 2015 har NAV Vestnes hatt eigen stillingsandel knytt til økonomi- og gjeldsrådgjeving. Dette har auka både kapasitet og kvalitet i arbeidet. Likeeins har ein gjennom dette fått auka kunnskap og kvalitet kring fagfeltet bland rettleiarane elles i kontoret.

### **Prosjekt «3 trinnsmodellen»**

NAV Vestnes har prosjektleiinga for eit kommunalt prosjekt som har til hensikt å prøve ut ulike tenestemodellar for brukarar i målgruppa som er nemnd i førre punkt med samansette behov og utfordringar, t.d. knytt til rus/psykiatri/buevne. Utprøvinga er knytt til «Bustadsosial handlingsplan for Vestnes kommune» frå 2010. Her er det beskreve korleis ein ser føre seg å yte tenester til brukarar på tre ulike trinn. Prosjektet er finansiert med midlar frå Fylkesmannen og vil bli vidareført i 2017.

## **8.5 Tiltak for fremme folkehelsa**

---

### **Felles/Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet og Heimetenestene:**

- Kommunen har fokus på utvikling av dagsentertilbod. Dette skaper meiningsfulle opplevelingar og ein aktiv kvardag.
- Fokus på ernæring og aktivitet.
- Kulturtilbod.
- Risikovurderinger.
- Opplysning/ informasjon via frivillige lag og organisasjonar/brukarorganisasjonar.

## Vestnes legesenter

- Personalalet ved legesenteret har i alt sitt arbeid, ein høg fokus på helsefremmande tiltak. Gjennom:
  - å informere om helsefremjande tiltak retta mot den enkelte. T.d. kosthald og fysisk aktivitet.
  - vaksinasjon mot influensa, lungebetennelse.
  - å gi råd om gode helsetiltak via informasjonsskjerm og brosjyrar på venterommet.

## 8.6 KOSTRA-tal på området

KOSTRA - sosial, helse, pleie- og omsorg	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
<b>Sosialtenesta</b>							
Nto driftsutgifter pr innbyggjar	1 502	1 594	2 142	1 471	1 406	2 198	1 302
Nto driftsutg sosialtenesta pr innb 20 - 66 år	2 494	2 676	3 540	2 542	2 408	3 629	2 208
Nto utg økonomisk sosialhjelp pr innbyggjar 20 - 66 år	1 078	941	1 717	519	525	1 075	1 051
Andel sosialhjelp mottakere i forh. til innb.	2,3		2,6	1,8	1,4	2,0	2,0
Gj. snitt utbet. pr månad	5 562			5 213	10 102	6 719	6 272
<b>Kommunehelse</b>							
Nto. driftsutg. pr. innbyggjar	2 745	2 425	2 540	2 545	2 919	2 489	2 168
Lege årsverk pr 10 000 innbyggjarar	12,6	11,4	10,7	11,6	11,1	10,8	11,2
Fysioterapi årv. pr. 10 000 innb	6,4	6,8	7,2	10,1	6,4	8,5	5,6
Ergoterapeut årv. pr 10.000 innb	1,9	3,1	3,9	2,7	1,1	3,2	1,0
Gj. Snittleg listelengde legar (korrigert for kommunale timer)	890	1 246	1 271	972	1 300	1 402	1 664
<b>Pleie- og omsorg</b>							
Plasser i institusjon i % av innb. over 80 år	25,8	18,2	18	20,8	17	18,3	20,2
Utg. pr døgn i institusjon	3 066	3 025	3 286	2 467	2 996	3 176	3 116
Brukarar av heimeteneste pr 1000 innb over 80 år	324	347	325	356	329	300	397
Andel innb. over 80 år som bur på institusjon	19,4	13,7	13	17,6	14	12,9	12,7
Andel i heimetenesta over 80 år med omfattande hjelpebehov	15,9	15,2	13,3	12,8	13,6	11,3	14,5
Andel på institusjon med omfattande hjelpebehov	84,3	85,3	84,4	88,8	93,2	91,7	79,2
Andel plasser for personar med demens	16,2	23	27,8	33,3	16,5	17,2	17,1
Andel pl. m/ brukartilpassa einerom og bad/WC	46,5	87,4	85,3	100	98,8	85,3	92,7
Legetime pr veke pr bebuar sjukeheim	0,4	0,45	0,55	0,35	0,41	0,42	0,73
Fysioterapitimar pr veke pr brukar i sjukeheim	0,08	0,32	0,4	0,34	0,15	0,46	0,03

- Utgiftene til sosialtenesta ligg om lag som snittet i fylket og ein del under landsgjennomsnitt.
- Utgiftene til kommunehelsetenesta ligg litt over gjennomsnitt.
- Vi har god dekning med legar, noko dårligare med fysioterapeut og langt under snittet med ergoterapeut.
- For pleie- og omsorg er det vanskelegare å samanlikne KOSTRA tal med andre kommunar då vi har unormalt stor PO sektor grunna ansvarsreforma.
- Vi har høg institusjonsdekning, kostnaden pr. plass omlag som snittet.
- Andel inst. plassar som har eige bad/WC er låg hos oss.
- Det er høg andel av innbyggjarane over 80 år som bur på institusjon, det er likevel mange som bruker heimetenestene. Det kan tyde på at ein større andel av eldre over 80 år enn i andre kommunar, får teneste frå kommunen, enten frå heimetenestene eller på institusjon.

### Utvikling 2011 - 2016

Nokre KOSTRA tal - sosial, helse, pleie- og omsorg							Endring i %
	2011	2012	2013	2014	2015	2016	
<b>Sosialtenesta</b>							
Nto driftsutgifter pr innbyggjar	695	724	1 150	1 298	1 206	1 502	116,1
Nto driftsutg sosialtenesta pr innb 20 - 66 år	1 146	1 196	1 902	2 140	1 994	2 494	117,6
Nto utg økonomisk sosialhjelp pr innbyggjar 20 - 66 år	367	293	828	759	666	1 078	193,7
Gj. snitt utbet. pr månad	3 838	4 584	5 511	4 673	4 613	5 562	44,9
<b>Kommunehelse</b>							
Nto driftsutg pr innbyggjar	2 008	2 003	2 386	2 350	2 330	2 745	36,7
Lege årsverk pr 10 000 innbyggjarar	11,3	11,7	12,3	12,1	12,5	12,6	11,5
Fysioterapi årv. Pr 10 000 innb	6,9	7,5	7,6	7,5	6,8	6,4	-7,2
<b>Pleie- og omsorg</b>							
Plasser i institusjon i % av innb. over 80 år	25,5	25,2		27,2	26,4	25,8	1,2
Brukantar av heimeteneste pr 1 000 innb. over 80 år	291	320	304	278	289	324	11,3
Andel innb. over 80 år som bur på institusjon	13,6	19,2	18,1	20	19,3	19,4	42,6
Legetime pr uke pr bebuar sjukeheim	0,21	0,29	0,34	0,32	0,41	0,40	90,5
Fyioterapitimar pr veke pr brukar i sjukeheim	0,26	0,19	0,21	0,1	0,05	0,08	-69,2

- Sosialteneste utgiftene har auka svært mykje i perioden, meir enn dobla.
- Også økonomisk sosialhjelp auka mykje. Samla auka utgiftene til økonomisk sosialhjelp frå 2,5 mill. kr i 2015 til 4,2 mill. kr i 2016. Av denne auken gjeld vel 0,8 mill. kr økonomisk sosialhjelp til flyktningar.
- I perioden har vi greidd å auke legetimar på institusjon og er no nesten oppe på gjennomsnitt. Men det er no nesten ikkje fysioterapidekning på institusjonane.

## 8.7 Økonomisk resultat 2016

Alle tal i 1000 kr	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016			Budsjett 2016	Avvik i kroner	2016 og i %
		Utgifter	Inntekter	Netto			
Heimetenestene	36 222	41 240	3 569	37 671	36 583	1 088	3,0
Sjukeheim	34 501	42 475	6 623	35 852	36 938	-1 086	-2,9
Trygdeheim	15 138	20 663	4 923	15 740	13 800	1 940	14,1
Sentralkjøkken	-516	10 506	10 714	-208	-243	35	
Hellandtunet	24 354	30 406	5 776	24 630	26 248	-1 618	-6,2
Fellesutgifter PO	1 620	2 618	1 237	1 381	2 941	-1 560	-53,0
NAV-kommune	7 164	9 943	1 349	8 594	8 110	484	6,0
Helse- og legegenester	9 235	14 191	4 601	9 590	9 247	343	3,7
<b>Sum</b>	<b>127 718</b>	<b>172 042</b>	<b>38 792</b>	<b>133 250</b>	<b>133 624</b>	<b>-374</b>	<b>-0,3</b>

- Samla greidde sektoren å holde budsjettet.
- Utgiftene auka med 5,5 mill. kr, eller 4,3%, frå 2015 til 2016. Auken var spesielt stor på NAV-kommune med, 0,9 mill. kr av auken skuldast auka økonomisk sosialhjelp.
- Då kommunestyret vedtok budsjett for 2016 var eit av sparetiltaka ei innsparing på 2,5 mill. kr innan denne sektoren. Summen vart lagt inn som eit sparetiltak på Tresfjord trygdeheim og det er årsak til det store meirforbruket her, var vel føresett at ein skulle stenge delar av institusjonen i løpet av året.  
Dette greidde ein ikkje, men andre tiltak som vart gjennomført i sektoren gjorde at ein likevel greidde å holde budsjettetramma.
- I 2016 betalte vi kr 122.000,- for utskrivingsklare pasientar, det tilsvarer 27 døgn.

### Utvikling 2011 - 2015

Eining	Netto driftsutgifter						Endring sum	11 - 16 i %
	2011	2012	2013	2014	2015	2016		
Heimetenestene	29 848	35 773	36 971	35 473	36 222	37 671	7 823	26,2
Sjukeheim/sentralkj.	28 279	29 613	31 962	35 634	34 501	35 644	7 365	26,0
Trygdeheim	12 843	14 306	15 143	15 610	15 138	15 740	2 897	22,6
Hellandtunet	22 971	25 936	25 321	24 466	24 354	24 630	1 659	7,2
Fellesutgifter PO	3 313	10 131	10 609	11 757	1 620	1 381	-1 932	-58,3
NAV - kommune	5 210	6 014	7 803	7 508	7 164	8 594	3 384	65,0
Helse og legegenester	8 309	8 986	8 918	9 211	9 235	9 590	1 281	15,4
	110 773	130 759	136 727	139 659	128 234	133 250	22 477	20,3

- Medfinansiering av pasientar som får behandling på sjukehus (samhandlingsreforma) starta i 2012 og siste året var i 2014, det er årsak til den store variasjonen i fellesutgiftene i perioden.

### Opphaldsdøgn, utnyttingsgrad og kostnad pr. døgn

	Tal inst. plassar	Opphalds- døgn	Utnyttings- grad	Kostnad pr. brukt plass
Vestnes sjukeheim	43	15 113	96,3	865 876
Tresfjord trygdeheim	26	9 294	97,9	618 151
Oppigarden	8	2 816	96,4	949 181
Mariebo	8	2 755	94,3	1 022 927
Ivantun	12	3 854	88,0	907 859
	<b>97</b>	<b>33832</b>	<b>95,6</b>	

- Samla var det ein utnyttingsgrad på 95,6 %. Det var 200 opphaldsdøgn mindre på institusjonane i 2016 enn i 2015.
- Eit av sparetiltaka i 2016 var at 5 plassar på sjukeheimen skulle stå ubrukt . Det greidde vi ikkje å gjennomføre, i delar av året var det rom som var ubrukt.

# KAP 9 Bu- og habiliteringstenestene

## 9.1 Oversikt over sektoren

Vestnes kommune er framleis ein av landets største vertskommunar etter gjennomføring av HVPU reforma. Pr 31.12.2016 budde 50 vertskommunebebuarar, i alderen 51 til 92 år att i kommunen. 9 av desse fekk tenester frå Ivertun, som er sjukeheim for personar med utviklingshemming og organisatorisk lagt under Hellandtunet. Vidare var det i 2016 meldt inn til Helsedirektoratet 29 personar over 16 år med diagnosen psykisk utviklinghemming med Vestnes som heimkommune. Bu- og habiliteringstenestene yter tenester til personar over 18 år. I 2016 vart det ytt tenester i ulikt omfang til 80 personar. 8 av desse har andre diognosar enn psykisk utviklingshemming. I løpet av 2016 er det også gitt fast avlastning til to personar i avlastningsbustad. Vertskommuneinnbyggjarane vert i større grad ei aldringsprega gruppe, men berre eitt dødsfall i denne gruppa i 2016. Andre unge med varierande hjelpebehov og andre diognosar enn utviklingshemming har kome til. Dette utfordrar tenesteytinga med omsyn til fagkompetanse og samarbeid med samfunnet elles.

1 2016 var det 9 personar som hadde deltenester frå «inn-på tunet» verksemder.

### Bueiningane:

12 samlokaliserte bustader. Staben har koordinerande ansvar for bueinigane. I tillegg har kvar bueing ein person som har tillegg i arbeidsoppgåver. Dei har i variert grad "frikjøpt" tid for å ha ansvar for delar av den daglege drifta.

Bueiningane	Årsverk 2015	Årsverk 2016	Evt merknader	Tal på tenestemottakarar	
Vestneshaugen	5,8	6,2		6	
Plassen	6,9	7,1		4	
Myrateigen	8,2	8,48		4	
Skogheim	11,4	11,4		8	
Skogvegen/Myratoppen	9,0	7,10/2,75		9	
Solstua	9,0	10,17		6	
Skogly	6,7	6,8		4	
Liaråket	10,6	14,32		6	
Bakketun	18,0	20,4		10	
Karilassen A og B	41,0	42,5		10	
Furulia	7,0	7,1		4	
Avlastning	1,3	1,3		2	
BPA/omsorgsløn/st.kont	4,0	4,6		2/4/13	

Dagsenter Strandbo	12,0	12,0			
Adm og leiing	5	5	økonomi, personaloppfølging, plan og strategi, samt felles oppgåver og saksbehandling for heile tenesteområdet.		

Det har gjennom 2016 vore fatta eller fornya tvangsvedtak med heimel i HOL kap.9 overfor 17 personar. Mange personar som får tenester frå Bu- og habiliteringstenestene kjem inn under kategorien ressurskrevjande tenestemottakarar.

Skogvegen fekk i april 2016 ansvar for å yte tenester til tenestemottakarane ved nyoppstarta bustad Myratoppen. Ein ser i dag at felles drift av tenesteytinga frå Skogvegen til alle tenestemottakarane gjev ein gevinst med tanke på fagleg oppdekking ved til dømes sjukdom, då dei fleste tilsette kjenner alle tenestemottakarane. Ein jobbar no aktivt med å få byggje om personalbasen ved Skogvegen for å tilfredsstille krav til kontorlokale og felles rom til overlapping, møter og liknande.

## 9.2 Resultatmål 2016

---

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2016	Resultat 2016	MÅL 2017
Teknologi/IKT	Vidareføre bruken av elektronisk journalsystem - CosDoc  Opplæring av "superbrukarar" i CosDoc  Kurs i grunnleggjande databehandling  Investere i fleire datamaskiner ute i bueiningane, samt oppgradering av nett-tilgang	Alle tilsette må kunne: - opprette/avslutte PRB - registrere tiltak etter kap.9 - avviksregistrering  Gjennomføre ekstra opplæring av 1-2 tilsette i kvar bustad i løpet av 2016  Gjennomføre 2 kurs i 2016	Kontinuerleg oppdatering av tilsette /nytilsette  Etablert særskilt opplæring for fagansvarlege i eininga  Gjennomført	Vidareføre arbeidet i 2017  Vidareføre styrking av bruken i elektronisk pasientjournal-systemet hjå dei fagansvarlege  Dei bueiningane som har behov for fleire datamaskiner får dette installert, samt at nett-tilgang vert oppgradert
Brukarar - "opplevd kvalitet"	Brukarundersøking Indikatorar:  • Selvbestemmelse • Trivsel • Trygghet • Brukermedvirkning • Respektfull behandling • Informasjon	Annakvart år ikkje i 2016		Gjennomføre brukarundersøking hausten 2017 med måloppnåelse etter landsgjennomsnittet

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Helhetsvurdering</li> </ul> <p>Satsingsområde Koordinator, individuell plan og ansvarsgruppe</p> <p>Vedtak om tenestetilbod</p> <p>Svømming for beuarane Aktiviserings- opplæring i vatn.</p> <p>Spenningskurset</p>			100% av tenestemottakarar med vedtak etter hol kap.9 har koordinator, IP, samt ansvarsgruppe etter lovkrava
				Sikre medverking og evaluering av tenestevedtaka etter behov og ved faste prosedyrar
		<i>5 bueinigar opprettheld tilbodet</i>	5 bueiningar nyttar tilbodet	Vidareføre tilbodet
		<i>Vidareføring av tilbodet</i>	8 bueiningar deltok	Vidareføre tilbodet
Teneste “objektiv kvalitet”	<p>A-meldingar (bruk av tvang i naudsituasjonar) til fylkesmannen</p> <p>Halde saksbehandlingsfristar opp i mot vedtak etter hol kap.9.</p> <p>Refleksjonskort kap.9</p> <p>Lukke avvik etter tilsyn fra Fylkesmannen i 2011</p> <p>Alle helga stillingar/vikarar skal gjennomføre kurs/opplæring i grunnleggjande kunnskap om psykisk utviklingshemming og aktuelt lovverk</p> <p>Ny tilsette og tilsette skal</p>	<p><i>Halde fristen for fornying</i></p> <p><i>Vidareføre bruken av refleksjonskortet i alle bueiningane</i></p> <p><i>Ein sendt brev til Fylkesmannen i april om å få lukke avviket.</i></p> <p><i>Gjennomføre nye kurs vår/haust 2016</i></p> <p><i>I løpet av 2016</i></p>	<p>Målet vart nesten innfridd</p> <p>Nedprioritert pga av mange nye fokusområde</p> <p>I oktober avventande brev fra Fylkesmannen</p> <p>Gjennomført</p> <p>Gjennomført</p>	<p>Implementere rutine for å identifisere tvangBrukt i naudsituasjonar. Sikre forsvarleg og rett saksbehandling</p> <p>Kvalitetssikre saksbehandlinga ytterlegare i eiga prosedyre</p> <p>Halde fokuset på bruk av tvang og makt</p> <p>Lukke avviket i løpet av 2017</p> <p>Vidareføre halvårlege kurs/førlesningar om emnet</p> <p>Vidareføre</p>

	<p>gjennomføre SOR kurs, samt lese kap.2 og 3 i nytt rundskriv IS-10/2015</p> <p>Retningslinjer/rettleiar til retningslinjer ved seksuelle overgrep mot vaksne med utviklingshemming</p> <p>Alle tilsette skal gjennomføre e-læringskurset «ingen hemmeligheter»</p> <p>Alle miljøterapeutar får kurs i saksbehandling kap.9</p>		<p>av alle tilsette og nyttilsette</p> <p><i>Implementere rutinar i kvar bueining.</i></p> <p><i>Implementere rutinar i kvar bueining innan februar 2017</i></p>	<p>gjennomføring av pålagte SOR-kurs</p>
		<p><i>Alle ny tilsette miljøterapeutar gjennomgår saksbehandlingskurs</i></p>	Gjennomført	Vidareføre
Organisasjon	<p>Andel dagsverk med sjukefråvær:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eigenmeldt</li> <li>• Legemeldt</li> </ul> <p>Prosjekt i samarbeid med BHT: Sjukefråvær/-nærvær</p> <p>Kompetanseheving i eininga</p> <p>Etisk refleksjon</p> <p>Grunnkurs i legemiddelhandtering for assistenter</p> <p>Oppfriskingskurs i legemiddelhandtering til helsefagarbeidarar</p> <p>Kurs i legemiddelhandtering til høgskuleutdanna helsepersonell</p>	<p>0,8 % 10 %</p> <p>Planlegg relasjonsprosjekt</p> <p>Tilsette 7 miljøterapeutar</p> <p>Innføring av refleksjonskort</p> <p>50 assistenter skal ha gjennomført opplæringa</p> <p>30 tilsette gjennomføre kurs</p> <p>10 tilsette med høgskule kompetanse skal gjennomføre kurs</p>	<p>1,1 13,2</p> <p>Starta prosjektet hausten 2016</p> <p>Har tilsett 5 miljø-terapeutar i 2016</p> <p>Gjennomført</p> <p>20 tilsette gjennomførte kurs</p> <p>20 tilsette gjennomførte kurs</p> <p>18 tilsette gjennomførte kurs</p>	<p>0,8 % 10 %</p> <p>Redusere sjukefråværet med 5%</p> <p>Vidareføre bruken av refleksjonskort</p> <p>20 tilsette skal ha gjennomført kurs</p> <p>10 tilsette skal ha gjennomført kurs</p> <p>5 tilsette skal ha gjennomført kurs</p>

	Ergonomikurs	Tilsette i aktuelle bueiningar får tilbod om kurs innan november 2016.	Gjennomført i ei bueining	Gjennomføre kurs i 2017 til aktuelle bueiningar.
<b>Økonomi</b>	Omfang av overtid i eininga (i tusen kr) <ul style="list-style-type: none"> <li>• Totalt</li> </ul> Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)	2000 100	1952 100	1500 100

### 9.3 Sektoren sine utfordringar

---

Fylkesmannen gjennomførte i november 2011 tilsyn ved Bu- og habiliteringstenestene der det vart avdekt alvorleg svikt i internkontroll og styringssystemet til kommunen. Tilsynet konkluderte med følgjande tre avvik:

Avvik 1: Vestnes kommune sikrar ikkje at alle tenestemottakarane får tenester i samsvar med sosialtenestelova § 4-3, jf. § 4-2 a-d

Avvik 2: Vestnes kommune har sett i verk tiltak som inneholder bruk av ulovleg bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming

Avvik 3: Vestnes kommune sikrar ikkje at alle tenesteytarane får tilstrekkeleg opplæring i sosialtenestelova kap. 4

I arbeidet med å lukke avvika har Bu- og habiliteringstenestene gjennomført fleire samarbeidsmøte med Fylkesmannen. Møta har tatt utgangspunkt i internkontroll, organisering og styringssystem. Ein har arbeidd særleg med fokusområdet kap. 9, rettstryggleik ved bruk av tvang og makt ovanfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming, kompetanseheving, ansvarslinje, ajourføre vedtak om tenester og vedtak etter kap.9. Ein har arbeidd med å rekruttere personar med 3-årig høgskule utdanning for å fylle krava til kompetanse. Fokus har vore systematisk og målretta arbeidd for å lukke avviket frå 2011.

I brev til Fylkesmannen datert 14.04.2016 bad Vestnes kommune om å få lukke avvika som vart avdekt i 2011. Den 01.09.2016 fekk ein førebels melding, der Fylkesmannen beklaga manglande tilbakemelding. Den 03.10.2016 fekk ein nytt brev, der Fylkesmannen skreiv at dei ser at Vestnes kommunen både gjennom dokumentasjon og i møter har gjennomført eit omfattande arbeid med å lukke avvika. Fylkesmannen vil ikkje konkludere før dei hadde motteke ytterlegare opplysningar og vurderingar frå Vestnes kommune. Den 28.10.2016 sendte Vestnes kommune brev der ein svara på spørsmåla til Fylkesmannen. Ved utgangen av 2016 hadde ein ikkje fått tilbakemelding vedrørande lukking av avviket.

## **Stadlege tilsyn**

I 2016 gjennomførte Fylkesmannen to stadlege tilsyn ved Bu- og habiliteringstenestene. Det eine tilsynet vart gjennomført ved bueininga Liaråket i Tomrefjord den 26. oktober. Det vart ikkje avdekt avvik som følgje av tilsynet, og Fylkesmannen ga uttrykk for at han var svært nøgd med tenestetilbodet som var etablert ved Liaråket. Den 27. oktober vert det også gjennomført stadleg tilsyn ved bueininga Plassen ved Vikebukt. Tilsynet avdekkja to mindre avvik som vart lukka den 08.03.2017. Fylkesmannen uttrykte også her at han ser at Vestnes kommune har lagt ned mykje arbeid med å kvalitetssikre tenesta.

## **Faglege utfordringar:**

Det er ei utfordring å rekruttere fagutdanna personell og på den måten sikre best mogleg kvalitet på tenestene. Vi har framleis høg representasjon av ufaglært personale som yter tenester til våre tenestemottakarar. Dei siste 10 åra er det fleire tilsette som har gjennomført helsefagutdanning. Gledeleg at 5 tilsette i Bu- og habiliteringstenestene starta med deltidsutdanning i vernepleie hausten 2016.

Bu-og habiliteringstenestene har arbeidd kontinuerleg med å lyse ut stillingar som miljøterapeut gjennom året. Ein får ikkje ønska sokjarmasse til stillingane og det er særleg vanskeleg å rekruttere vernepleiarar. Ein del av dei som tek imot tenester har krav på slik kompetanse også på grunn av vedtak om bruk av tvang i enkelte situasjonar. Somme av bueiningane har ikkje personell med høgskuleutdanning, og til dels også mange ufaglærte. Dette medfører eit stort behov for dispensasjonar frå utdanningskravet som ligg i Helse- og omsorgstenestelova kap.9. Fylkesmannen har i mal for søknad om dispensasjon frå utdanningskravet tydeleggjort kravet til dokumentasjon av rekrutteringsrutinar og kva som blir gjort for å sikre den rette kompetansen.



Foto: Anne Balstad

**Besøk til Høgskulen i Molde i samband med rekruttering  
Ass.einingsleiar Elly Christine V. Slettvoll**

I 2016 tok ein derfor kontakt med Høgskulen i Molde for å etablere eit samarbeid om korleis ein kunne få representert kommunen og knytte til seg aktuelle søkerar til stillingane som krev 3-årig høgskuleutdanning. Den 1. desember hadde vi eigen stand i fellesarealet ved Høgskulen i Molde der ein delte ut flyers og snakka med studentane ved skulen. Eininga ønskjer å vere innovativ og nyskapande for korleis møte utfordringane i framtida, derfor er vi oppteken av korleis ein heile vegen kan tenke nytt rundt rekrutteringa og fagkompetanse.

Vi tek også imot vernepleiestudentar og i det høve arrangere eit fellesmøte for studentane der ein presenterer eininga, fortel om rekrutteringsrutinane til kommunen, opplæring som vert gitt og rolla som miljøterapeutane har i bueiningane.

Med bakgrunn i behovet for å auke realkompetansen, vart det hausten 2014 bestemt at alle assistenter måtte gjennomføre SOR sitt e-læringsprogram "arbeid i andres hjem". Kurset dannar grunnlag i den kunnskapen ein bør ha når ein arbeider for personar med utviklingshemming. Ein får innsikt i kva utviklingshemming er, lover og rettar, konflikt handtering, historiske og etiske perspektiv.

I 2015 vart det bestemt at alle tilsette måtte gjennomføre e-læringsprogrammet "utfordrande adferd" med hovudvekt på tvang og makt. Kurset tek for seg moment som kan medverke til om menneske med utviklingshemming utviklar åferd som blir oppfatta som utfordrande. Ein ser på kva som kan medverke til at denne åferda varer ved eller blir redusert, og korleis ein som tenesteytar kan være i forkant og leggje til rette slik at behovet for tvang minimaliserast. Vi har fått kompetansemidlar som dekkjer lønsutgifter i samband med gjennomføringa av desse e-læringsprogramma. Vi ser ei positiv utvikling hos dei tilsette som har gjennomført fleire av e-læringskursa.

I 2016 starta ein arbeidet med at tilsette også skulle gjennomføre SOR e-læringskurset «ingen hemmeligheter» i lys av retningslinjer for seksuelle overgrep mot vaksne personer med psykisk utviklingshemming.

For 17 tenestemottakarar er det nødvendig med tiltak med bruk av tvang etter kap.9 det siste året. Vi arbeider jamleg med å redusere behovet for tvang ved å bruke andre løysingar. Rundskriv IS-10/ 2015 har som hovudformål å gje rettleiing i prosessen der ein må gjennomføre tiltak for å unngå risiko/skade. Dette har klargjort ein del moment som skal leggast vekt på i vurderinga/gjenkjenninga av tvang og makt. Skillet mellom tvang md heimel i Pbrl §4A og HOL kap 9 er også tydeleggjort. Dette har også medført at enkelte tilretteleggingstiltak som tidlegare har falle inn under forståinga av tvang, no på visse vilkår fell utanfor tvangsomgrepene. Det har medført at Vestnes kommune no ikkje lenger treng fatte vedtak for nokre av tiltaka. Ein held likevel fram med tiltaka, men det treng ikkje overprøvast av Fylkesmannen.

Aldringsprosessen hos personar med psykisk utviklingshemming er uforutsigbar og endringar kan oppstå brått. Utfordringane er store når det gjeld å kunne skilje mellom demens-symptom og symptom på vanleg aldring/sjukdom/slitasje og opprinnelege vanskar /redusert nivå i forståing og prestasjonar. Dei som frå før har vore bra sjølvhjelpte har i utgangspunktet liten tilgang på personalressurs, og ein ser utfordingar med tanke på bemanningssituasjon når dei vert eldre og får auka tenestebehov. Ein ser no at mange av dei eldre har behov for å redusere arbeidstilbodet sitt og trappe ned med rolegarar syslar i heimen. Kompleksiteten av aldersforandringar, psykisk sjukdom, somatiske lidningar og graden av utviklingshemming er ofte svært utfordrande og krev tett personaloppfølging for å trygge, behandle og redusere ytterlegare sjukdomsutvikling. Ein ser no at majoriteten av vertskommunebebuarane vert godt vaksne noko som utfordra oss i forhold til uforusette hendingar. Blant anna korleis skal ein tenke rundt fleire av bustadane når det gjeld aktiv/passiv nattevakter og kravet til forsvarlege tenester.

Det er behov for mange små stillingar for å fylle opp turnus på helg. Det er stadig vanskeleg å få tilsett fast personell i desse stillingane.

Kommunestyret fatta 17.12.2015 vedtak der dei bad administrasjonssjefen om å leggje fram ei sak hausten 2016 om gjennomgang av organisasjonen til Vestnes kommune. Mai 2016 sende administrasjonssjefen ut eit skriv der ein vart beden om å få innspel til korleis vedtaket skulle gjennomførast. Einingsleiar i Bu- og habiliteringstenestene sendte tilbakemelding til administrasjonssjefen i juni, der ein formidla at ein såg behovet for endring i organiseringa. I september vart det sett ned ei arbeidsgruppe, som etter fleire møte konkluderte med at ein auka staben med 2 stillingar.

#### **Dagtilbod/tilrettelagt arbeid:**

Tenesta har eit dagsenter der 54 tenestemottakarar nyttar tilboden. Det har vore ei auke med tre tenestemottakarar sidan 2015. Ein tilbyr ulike formar for arbeid og sysselsetting, deriblant kantinedrift, vev- og tekstilavdeling. I tillegg disponerer ein 6 plassar på gartneri/ved produksjon og 12 plassar på Tremek.

Vev og tekstilavdelinga står for den største produksjonen av varer som vert seld i butikken og på ulike messer. Kantina har i tillegg til kantinedrift levering av mat til kommunale møter. Ein lagar og heimlaga middag to dagar i veka, noko som er populært for kundane. Besøkande frå nabokommunar kjem fast innom kantina når dei er på tur.

Dagsentret har matutkøyring til institusjonar og heimebuande i kommunen. Ein dekker tre soner kvar dag med middagslevering. Det å vere med på å levere ut mat er eit populært tilbod til tenestemottakarane våre.

Tenestemottakarane som tek i mot arbeidstilbod er i endring. Det blir kontinuerlig arbeidd med at tilboden skal vere tilrettelagt for kvar einskild, og eit attraktivt tilbod også for dei unge som ikkje mestrar ein tradisjonell kvardag. Ein ser at dei eldste tenestemottakarane har behov for eit redusert og tilpassa arbeidstilbod ut i frå føresetnadane sine.

Det er planlagt innkjøp av papp-presse saman med tekniske tenester og eining for eigedom. Dette vil bli ein ny arbeidsaktivitet.

## **9.4 Kva har vi oppnådd i 2016?**

---

- Gjennomført arbeidsmiljøundersøking
- Dagleg fagleg ansvarlege har gjennomført kurs i regi av Fylkesmannen i saksbehandling i Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.
- Vikarar/tilkallingsvikarar og helgevikarar har gjennomført internt innføringskurs om psykisk utviklingshemming og rettsvern til gruppa ein yter tenester til.
- Implementert Risk Manager -rutinar for avvikshandtering i alle bueiningane.
- Karipllassen A starta opp med arbeidsmiljøprosjektet «arbeidsplasskultur».
- Alle nye tenesteytarar har gjennomført e-læringskurs i SOR “arbeid i andres hjem” og/eller “utfordrende adferd”.

- Arbeide vidare med å nyttiggjere seg det elektronikse pasientjournalsystemet CosDoc
- 4 tilsette starta desentralisert vernepleiarutdanning
- 2 leiarar starta vidareutdanning i saksbehandling og tenesteyting i Helse- og omsorgstenestelova
- 3 starta helsefagarbeidarutdanning
- 1 tilsett starta vidareutdanning i Psykisk helsearbeid
- 46 tilsette har gjennomført e-læringskurs i legemiddelhandtering
- Gjennomført medarbeidarsamtalar på Plassen, Furulia, Skogvegen, Dagsenteret, Vetneshaugen, Bakketun, Skogly og Solstua.
- Arrangert julefest
- Arrangert julemesse

## 9.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

---

I Helse- og omsorgstenestelova § 3-3 heiter det at ein skal arbeide for at det vert sett i verk velferds- aktivitetstiltak for funksjonshemma personar. Bu- og habiliteringstenestene legg vekt på at ein skal ivareta både den fysiske, psykiske, sosiale og åndelege dimensjonen hjå tenestemottakarane.

Eit mål er at alle tenestemottakarane som har føresetnad for å gå til eit arbeid, får eit til rette-lagt tilbod. Dei har tilbod om å delta på ulike fritidsaktivitetar som til dømes spenningskurs, ungdomsgruppa, «Klem i veg», aktivitetsdag, julefest, møte, gudstenester, sitteddans, treningsstudio, «Sprek og glad», rettleiingssamtalar, hyggekveldar, «Danse fylket rundt».



Julefesten 2016: Jan og julenissen

For dei tilsette fokuserer ein på det psykososiale arbeidsmiljøet ved ulike tilstellingar. Framhevar «blåturen» som nokre bueiningar gjennomfører. Dei tilsette gjev tilbakemeldingar på at denne aktiviteten har stor innverknad på trivselen og samarbeidet i personalgruppene.

Sjølv om ein prøver å ha ulike tilstellingar, er det viktigaste tiltaket at kvar enkelt tilsett vert sett og verdsatt i kvardagen av kollegane og leiinga. Leiinga har fokus på at det skal vere lav terskel for å ta kontakt, samt at dei tilsette vert godt mottekte. Alle skal ha eit samarbeid som er bygd på respekt og likeverd.

**Blåtur 2016. Galleri Milda**



Foto: Anna Balstad

Vi arbeider systematisk og målretta med oppfølging av sjukmeldte og legg særleg vekt på dei tilsette si medverknadsplikt til å redusere, samt førebyggje sjukefråvær. Vi har intern rutine om oppfølging og førebygging som fast tema på alle personalmøte.

Bu- og habiliteringstenestene har 175 årsverk fordelt på ca. 290 tilsette. Leiinga består av ein driftsleiar, tre koordinatorar og ein saksbehandlar utan personalansvar. Ein ser ei klar utfordring i forhold til den massive delen av tilsette fordelt på fire personar med personalansvar i dette arbeidet. Ein koordinator har gjennomsnittleg ansvar for ca. 90 tilsette. Totalt ligg sjukefråværsprosenten på 14,1 %, men ein har bueiningar med sjukefråværsprosent på 1,4 %.

## 9.6 Økonomiske resultat 2016

---

Driftseining	Rekneskap		Rekneskap 2016		Budsjett 2016	Avvik 2016	
	2015	Utgifter	Inntekter	Netto		i kroner	og i %
<b>Avlastning PU &gt;18 år</b>	1 870	2 958	28	<b>2 930</b>	<b>3 681</b>	-751	-20,4
Vestneshaugen	4 240	4 867	468	<b>4 399</b>	<b>4 453</b>	-54	-1,2
Brugata	2 364	0	0	0	0	0	0
Dagtilbud PU	7 115	8 070	1 447	<b>6 623</b>	<b>6 854</b>	-231	-3,4
Plassen	4 831	5 084	12	<b>5 072</b>	<b>5 037</b>	35	0,7
Myrateigen	5 770	6 298	864	<b>5 434</b>	<b>5 952</b>	-518	-8,7
Skogheim	8 198	9 272	848	<b>8 424</b>	<b>8 367</b>	57	0,7
Skogvegen	5 755	6 844	177	<b>6 667</b>	<b>6 977</b>	-310	-4,4
Solstua	6 701	7 056	456	<b>6 600</b>	<b>6 939</b>	-339	-4,9
Skogly	4 368	4 983	424	<b>4 559</b>	<b>4 882</b>	-323	-6,6
Liaråket	8 079	11 726	923	<b>10 803</b>	<b>10 059</b>	744	7,4
Bakketun	13 399	13 536	692	<b>12 844</b>	<b>14 514</b>	-1 670	-11,5
Kariplassen	28 199	32 329	2 454	<b>29 875</b>	<b>30 879</b>	-1 004	-3,3
Furulia	5 092	5 187	138	<b>5 049</b>	<b>5 180</b>	-131	-2,5
Administrasjon	3 669	3 957	60	<b>3 897</b>	<b>2 404</b>	1 493	62,1
<b>Sum Bu- og hab. Teneste</b>	<b>109 650</b>	<b>122 167</b>	<b>8 991</b>	<b>113 176</b>	<b>116 178</b>	-3 002	-2,6

- Bu- og habiliteringstenestene hadde eit mindreforbruk på 3,0 mill. kr. I 2015 hadde dei eit mindreforbruk på 1,0 mill. kr.
- Dette er svært positivt og resultatet her var med å dekke inn meirforbruk i andre sektorar. Budsjetta til sektoren er realistisk og sett opp på same måte som for resten av driftseiningsane så det har vore ei reell sparing her.

I 2013 auka ein del av dei variable lønsutgiftene i driftseininga mykje. Det er i utgangspunktet desse utgiftene ein lettast/raskast kan redusere ved sparetiltak. Eininga tok fatt i dette og sette i verk tiltak for å redusere desse utgiftene, og det greidde dei. Sett over perioden 2012 – 2016 er det liten auke i desse utgiftene.

Overtida auka mykje i 2016. Det har delvis samanheng med at nokre brukarar, av helsemessige årsaker, måtte har ekstra bemanning.

Alle tal i 1000 kr	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Endring i %
	2012	2013	2014	2015	2016	2012 - 2015
Avtalefesta tillegg	13 709	15 883	15 296	15 383	15 833	15,5
Sjukevikarar	6 343	6 242	6 050	6 070	6 386	0,7
Ferievikarar	3 590	3 815	3 630	3 527	3 646	1,6
Ekstrahjelp	2 286	2 101	1 717	1 524	1 073	-53,1
Overtid	1 920	2 674	1 952	1 937	2 649	38,0
<b>Sum</b>	<b>27 848</b>	<b>30 715</b>	<b>28 645</b>	<b>28 441</b>	<b>29 587</b>	<b>6,2</b>

# KAP 10 TEKNISKE TENESTER

---

## 10.1 Oversikt over sektoren

---

### Eininga har ansvar for desse tenestene:

- Oppmåling, matrikkelføring, adressering, konsesjonsfritak, grunnforhandlingar.
- GIS (geografisk informasjonssystem) og kartlegging. Eigedomsskatt.
- Drift/vedlikehald/nyanlegg av avløpsnett, avløpsreinsing.
- Drift/vedlikehald/nyanlegg av kommunale vegar/trafikktrygging/gatelys.
- Parkvesen og produksjon av ved/tilbod til medarbeidarar med behov for tilrettelegging.
- Kyrkjegardsgraving.
- Utbygging av kommunale bustad- og industriområde.
- Behandling av byggesaker, delingssaker og seksjonering.
- Ansvarleg for kommuneplan og reguleringsplaner.
- Kommunen sin representant i større plansaker i regi av for eksempel Statens vegvesen.
- Kommunen sin representant i fylkeskommunale saker innan samferdsel; buss, båt, fergje.
- Behandling av jord-, skog- og konsesjonslovssaker.
- Motorferdsel i utmark og forureining.
- Vilt- og fiskeforvaltning.
- Rettleiing av bønder og andre om off. støtteordningar (BU, Innovasjon Norge m.fl.).
- Tildeling av tilskotsmidlar, og kontroll av tilskotsmottakarar.
- Feiing og bustadtillsyn.
- Branntilsyn på § 13-bygg (skular, barnehagar, institusjonar, overnattingsstader m.m.)
- Brannberedskap (befals- og sjåførvakt, deltidsmannskap ved 3 stasjonar)
- Anna bistand ved krisesituasjonar (for eksempel ekstremvær)
- Brannøvingar for offentleg og privat verksemd.
- Opplæring og haldningsskapande arbeid (barn, unge og vaksne).

Tenester	Tal Årsverk 2015	Tal Årsverk 2016	Ev. merknader
1201 Plan/byggesak Landbruk/miljø	5,0	5,0	
6000-6017 Drift/anlegg Oppmåling	12,61	12,61	Manglar fortsatt 1 person på kart/GIS
6011- 6012 Brann, redning og feiing	2,7	2,7	0,1 er tilsett på Eigedomstrift

## 10.2 Resultatmål – Tekniske tenester

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2016	Resultat 2016	MÅL 2017
Teknologi/ IKT	<p>Utvide bruken av «Riskmanager»</p> <p><u>Drift og anlegg:</u> Innføre FDV-system for VA-området og veg-området.</p> <p><u>Oppmåling, kart/GIS:</u> Oppgradere webløysing for kart – tilpassa bruk av mobiltelefon og nettbrett</p> <p><u>Brann, redning og feiing:</u> Komtek-programvare for § 13-tilsyn og for rapportgenerering-feitenester</p> <p><u>Plan/byggesak:</u> Kursing/opplæring arealplan</p> <p><u>Landbruk/miljø:</u> Digitalisere jaktvalda og skogsvegar i kommunen</p>	Innføre for veg  Innført des 15  Alle	Ikkje oppnådd  Ikkje oppnådd	I løpet av året. Innføre for veg  I drift i løpet av året  1 tilsett  Fullføre
“opplevd kvalitet”	<p><u>Brukundersøking byggesak:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Resultat for brukarane</li> <li>Respektfull behandling</li> <li>Påliteleg åtferd</li> <li>Tilgjenge</li> <li>Informasjon</li> <li>Heilskapsvurdering</li> </ul>			Neste undersøk 2017: Like godt resultat som 2015  MÅL: Svar Prosent 50
Teneste “objektiv kvalitet”	<p><u>Drift og anlegg:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Antal km grøfterensk langs kommunal veg</li> <li>Registrere kommunalt OV-system langs veg</li> </ul> <p><u>Oppmåling, kart/GIS:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Andel oppmålingsforretninger utført innan 16 — vekers frist</li> <li>Ferdigstille adressering for Fiksdal, Rekdal, Skorgen, Tresfjord, Daugstad og Vikebukt. Saksbehandling av vegnamn og skrivemåte har teke lenger tid enn forventa</li> <li>Oppdatering av leidningskartverket</li> </ul> <p><u>Brann, redning og feiing:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Implementere NY Forskrift om brannforebygging</li> <li>Behalde og rekruttere nok deltidsmannsk</li> <li>Gjennomføre kursing/opplæring i høve til “Plan for brannvernet 2016”</li> </ul> <p><u>Plan/byggesak:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Andel byggesaker med behandlingstid innan fristane , jfr. Pbl., byggesak</li> <li>Andel mangelfulle saker – kommunen må be om tilleggs-opplysningar.</li> <li>Andel arealsaker behandla innan pbl sine fristar</li> </ul>	1 km 25 %  100 %  Des 16  100 %  Des 16  100 %  100 %  100 %	0,6 km Ikkje oppnådd  96 %  70 %  I gang  oppnådd Minus 1 stk  Gj.ført  90 %  20 %  100 %	1 km 25 %  100 %  I løpet av 2017  50 %  100 %  Des. 17  100 %  10 %  100 %

	<b>Landbruk/miljø:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Andel bønder som søker produksjonstilskot og RMP (regionalt miljøprogram) elektronisk</li><li>• Andel kartlagte friluftsområde i kommunen</li></ul> .	100 % 100 %	Ca 95 % Ikkje oppnådd	100 % 100 %
<b>Organisasjon</b>	<b>Andel dagsverk med sjukefråver</b>	<b>2,5%</b>	<b>3,2 %</b>	<b>2,5%</b>
<b>Økonomi</b>	<b>Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)</b>	<b>100</b>	<b>110</b>	<b>100</b>

## 10.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

---

Framleis har vi totalt sett større etterspørsel etter tenester enn kva vi har kapasitet til. Dette gjeld mange av fagområda våre. Men vi ser også at gjennomføringskrafta har blitt betra dei siste åra innafor veg og avløp. Alle fagområda krev framleis kompetanseutvikling for å møte endra og nye behov.

Den andre viktige faktoren som er avgjerande for resultatet, i tillegg til mannskapsressursar, er tilgangen på budsjettmidlar. Dette kjem godt til syne i driftsbudsjettet for vegvedlikehald der det framleis er store udekte behov. Utan betydeleg auke her vil vi aldri komme opp på eit ønska nivå.

Brannvesenet manglar fortsatt 1 stk befat til i vaktordninga, dette er grunna i for liten kapasitet på brannskolen.

Innafor fleire av fagfelta våre vil vi framleis ha behov for konsulenttenester. Dette gjeld m.a. konsulentinnleige på oppmålingssaker for å få avslutta adresseprosjektet, prosjektering/planlegging av nye avløps - og utbyggingsprosjekt, arealplanlegging m.m.

## 10.4 Kva har vi oppnådd i 2016?

---

### Generelt:

Vi har framleis stor etterspørsel etter tenester og mange søknader innan dei ulike ansvarsområda. På tross av dette har vi i stor grad innfridd på saksbehandlingstid, og har greidd å halde drifta i gang. All honnør til dei tilsette for arbeidet som er utført.

### Landbruk/miljø:

På tross av noko redusert kapasitet har ein i stor grad kunna innfri på saksbehandlingstid. Det er framleis miljø-/forureiningssaker som ikkje er tilfredsstilande løyst, og må jobbast vidare med i 2017.

**Plan/bygg:**

Har behandla saker i forhold til fristane. Fortsatt arbeidd med reguleringsplan for Helland sentrum saman med utbyggingsplan for Sjøgata/Kataholmen. Det vart gjort vedtak på 9 detaljreguleringsplaner i 2015. Gebyrinntekter som budsjettert.

**Brann/redning/feiing:**

Har gjennomført planlagt opplæring så langt som kapasiteten på NBSK. Har gjennomført planlagte tilsyn og øvingar. Har brukt mykje tid på kursing forebyggende på risikoutsette grupper.

**Park/grønt:**

Har fortsett med jobben å ta att det forsørte vedlikehaldet. Elles utført planlagt arbeid, og gjeve eit godt tilbod til personar med hjelpebehov.

**Drift og anlegg - VA/veg:**

Investeringsprosjekta er gjennomført som planlagt med unntak av:

- Fullføring av utskifting - gatelys til LED

- Utbetring av Gamlebrua over Straumen
- Byggefelt i Åslia
- Utbetring av Tomrefjord brannstasjon
- Helland sentrum – Sjøfronten



Foto: Tobias Hay Sløning  
Sikring parkeringsplass  
Risbrua



Foto: Tobias Hay Sløning

Nytt avløpsnett Fonna

Innanfor avløpsområdet har dei største investeringane vore etablering av pumpestasjon i Skorgevika med avskjerande leidning, renovering av del av avløpsnettet i Fonna (Tomrefjord), etablering av avløp til Ramberget bustadfelt/Villabyen og avløp Misfjordskogen industriområde.

Elles har det vore planlagt og prosjektert nye prosjekt for utførelse i 2017. Utvidingsprosjektet på Trohaugen industriområde er i ferdig, asfaltering er utsett til i 2017.

Vegvedlikehald: Asfaltered der behovet har vore størst – så langt midlane rakk. Etablering av gangvegen frå Myrateigen til Ramberget/Villabyen. Grøfterenska om lag 600 m. Elles vanleg drift.

#### **Oppmåling/GIS:**

93 nye oppmålingssaker rekvisert og inntektsmålet meir enn oppfylt med god hjelp av innleigde landmålarar.

Fortsatt arbeidet med kvalitetsheving av Matrikkelen. Saksbehandla bortimot alle konsesjonsfritak “på dagen”.

Bortimot alt grunnlagsarbeid for sluttføring av adresseringsprosjeket utført. Nokre vedtak om skrivemåte av adressenamn må gjerast av Statens kartverk. Sluttføring av prosjektet vert i løpet av 2017.

Delteke i geovekst-prosjekta som gjeld vår kommune. Fortsatt arbeidd med ny kartportal (web) – saman med andre Romsdalskommunar.

## **10.5 Tiltak for å fremme folkehelsa**

---

Både innanfor planlegging/prosjektering og utbygging skal folkehelseperspektivet vere framme. Dette kan til dømes vere tilrettelegging av parkeringsplassar ved utfartsområde, tilgang til badeplassar og andre friluftsområde og etablere toalettløysingar til desse. Arbeide for bygging av gang-/sykkelvegar som motiverer til aktivitet. Syte for gate-/vegbelysning slik at aktiviteten kan oppretthaldast også i den mørke årstida. m.m. Elles vil naturlegvis det generelle vegvedlikehaldet med snøbrøyting og sandstrøying vere ein vesentleg faktor.

## 10.6 KOSTRA-tal på området

KOSTRA - tal - teknisk	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Nto. Utgifter kommunale veier pr. innb	1 363	1 138	983	1 600	938	1 029	1 314
Nto. utgifter pr. km kommunal veg	112 025	102 380	117 964	93 070	75 310	145 974	91 450
Nto. Utg til brannvern pr. innbyggjar	883	941	804	997	853	836	654
Nto. Utg. tilplansakbeh. Pr. innbyggjar	206	222	228	398	149	125	192
Andel kommune vegar utan fast dekke	8,8	31,7	34,2	29,5	14,7	11,1	100 (?)
Årsgebyr for feiling og tilsyn	376	462	463	555	292	396	370
Årsgebyr avløp	2 788	3 168	3 782	2 998	2 620	2 105	2 930
Årsgebyr slamtømming	1 227	1 263	1 500	908	1 180	1 438	1 128
Årsgebyr avfall	2 020	2 521	2 656	3 033	2 743	2 300	3 504

- Vi ligg forholdsvis høgt på utgifter til kommunale vegar, men det har nok delvis samanheng med at utgifter til drift av gatelys i år 2014 og 2015 først vart utgiftsført i 2016, sjå kommentarar nedanfor.
- På gebyra ligg vi under både fylkes- og landsgjennomsnitt.

### Utvikling 2011 – 2016

KOSTRA - tal - Utvikling siste 6 år							Endring i %
	2011	2012	2013	2014	2015	2016	
Nto. utgifter kommunale veier pr. innb.	838	689	855	954	1 031	1 363	62,6
Nto. utgifter pr. km kommunal veg	70 244	58 513	71 620	81 013	85 262	112 025	59,5
Nto. utg til brannvern pr. innbyggjar	693	789	766	796	810	883	27,4
Årsgebyr for feiling og tilsyn	340	350	378	394	360	376	10,6
Årsgebyr avløp	2 611	2 611	2 611	2 862	3 041	2 788	6,8
Årsgebyr slamtømming	989	990	990	1 087	1 168	1 227	24,1
Årsgebyr avfall	2 650	2 650	2 650	2 456	2 240	2 020	-23,8

- Det vi spesielt merkar oss at det har vore forholdsvis liten auke på gebyra. Dei fleste langt under auken i løns- og prisauke.
- Utgifter til drift av kommunale vegar har auka forholdsvis mykje, spesielt siste åra.

## 10.7 Økonomisk resultat 2016

Eining	Rekneskap		Rekneskap 2016			Budsjett	Avvik i kroner	2016 og i %
	2015	Utgifter	Inntekter	Netto	2016			
Administrasjon	702	794	0	794	735	59	8,0	
Vassforsyning		200	0	200	200			
Oppmåling	-71	994	1 150	-156	30	-186	-620,0	
Plan- og bygning	487	2 632	1 616	1 016	668	348	52,1	
Landbruk	1 117	1 392	509	883	1 473	-590	-40,1	
Renovasjon, kloakk,felng	434	20 909	20 312	597	81	516	637,0	
Brannvern	5 144	6 100	949	5 151	5 688	-537	-9,4	
Hamnevesen	0	157	157	0	0	0	0	
Parkvesen	910	1 930	820	1 110	1 260	-150	-11,9	
Kommunale vegar	4 470	9 579	3 468	6 111	4 109	2 002	48,7	
<b>Sum teknisk sektor</b>	<b>13 193</b>	<b>44 687</b>	<b>28 981</b>	<b>15 706</b>	<b>14 244</b>	<b>1 462</b>	<b>10,3</b>	

- Eininga har eit meirforbruk på knapt 1,5 mill. kr, tilsvarende var det i 2015 eit mindreforbruk på vel 0,2 mill. kr.
- Nto. utgiftene auka med 2,5 mill. kr frå 2015 til 2016, tilsvarende 19,0%. Her må nemnast at ei inntekt på kr 922.000,- som gjeld kalkulatoriske føringar vedk. avgiftskapittela er ført på ansvar 9003 – kalkulatoriske posteringar. Denne inntekta må vi sjå ilag med resultatet på tekniske tenester.
- Det er spesielt utgiftene på kommunale vegar som aukar mykje. Men her må nemnast at vedlikehald og drift av gatelys for 2014 og 2015 først er betalt i 2016, utgjer kr 470.000,- dette skulle vore utgiftsført tidlegare år.
- Utgifter til innleigd snøbrøyting auka frå kr 1.380.000,- i 2015 til kr kr 1.741.000,- i 2016. Dette er også noko av grunnen til meirforbruk.
- Fødselspermisjon og sjukefråvær (utan inntak av vikar) gjev mindreforbruk på landbruk.

### Utvikling 2011 - 2015

Tal i 1000 kr	Netto driftsutgifter						Endring 11 - 16	
	2011	2012	2013	2014	2015	2016	sum	i %
Oppmåling	237	339	437	281	-71	-156	-393	-165,8
Plan- og bygning	290	457	854	722	487	1 015	725	250,0
Brannvern	4 455	4 968	4 931	5 134	5 144	5 151	696	15,6
Parkvesen	617	941	692	801	910	1 110	493	79,9
Kommunale vegar	4 050	2 995	3 722	4 259	4 470	6 111	2 061	50,9

# KAP 11 Eining for eigedomsdrift

## 11.1 Oversikt over sektoren

Driftseininga har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar. Samla bruttoareal for kommunale bygg er om lag 72 000 m<sup>2</sup>. Dei kommunale bygga er kommunalt disponerte bustader og ei rekke formålsbygg – skular, sjukeheimar, barnehagar, rådhus/administrasjonsbygg og kultur/idrett.

Ansvaret for sal av kommunale bustad- og næringstomter ligg til denne eininga. Det vert gjennomført kjøp av strategisk tomteareal som f.eks. sikring av areal til friluftsformål, kjøp av nye felt for bustad- og næringsformål, nødvendig veggrunn, samt sal av diverse kommunalt tilleggsareal til både private og næringsdrivande. Kjøp/sal av kommunale bygg/bustader vert og utført av denne eininga.

Kommunen har eit bevisst forhold til regelverket om offentlege anskaffingar. Eininger administrerer og innehar kompetanse på dette fagfeltet.

### Forvalting av bustader:

Pr. 31.12.2016 hadde kommunen ansvar for forvaltninga av i alt 156 bueiningar fordelt slik:

Type bustad	Tal bueiningar	Eventuelle merknader
Omsorgsbustader	38	Senior Plaza og Aktivitetssentreret
Bustader innan Bu- og habiliteringstenestene	67	
Bustader for vankelegstilte	51	Stiftelsen Vestnes Trygdebustader eig 16 av desse bustadene, men kommunen har ansvaret for forvaltning og utleige av desse.

Saman med kommunen sin flyktingteneste har eininga i tillegg eit ansvar for innleige av om lag 25 bueiningar frå private huseigarar til busetting av flyktingar.

### Tilsette i eininga:

Ansvar	Tal Årsverk 2015	Tal Årsverk 2015	Ev. merknader
5000 – 5550 Eigedomsdrift	15,32	14,56	<p>Med leiar har avdelinga 16 tilsette.</p> <p>I alt 3,82 av desse årsverka blir brukt i andre einingar. (Prosjekt, reinhold, bistand med alarmar vaktmeister heimeteneste, utleige til Vestnes Bioenergi AS, og branntilsyn)</p>

## 11.2 Resultatmål – Eigedomsdrift

---

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2016	Resultat 2016	MÅL 2017
Teknologi IKT	Eigedomsdrift: Tal på meldte avvik og andre aktivitar i elektronisk system for forvaltning, drift og vedlikehald (FamacWeb). 2016 er første år med nytt system	3000	2701	2800
“opplevd kvalitet”	Ingen brukarundersøking på området førebels			
Teneste “objektiv kvalitet”	1. Andel søknader om leige av kommunal bustad som blir svart på innan 3 veker. 2. Talet på klagesaker i samband med offentlege anskaffelsar. 3. Andel vaktmeisterbestillingar som blir behandla innan 2 veker.	95 % 0 100 %	100 % 0 100 %	100 % 0 100 %
Organisasjon	Andel dagsverk med sjukefråvær	2,2 %	1,9 %	1,9 %
Økonomi	Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)	100 %	?	100 %

## 11.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

---

Fleire kommunale bygg har eit betydeleg vedlikehaldsetterslep, både innvendig og utvendig. Kommunen har mange bygg så dette er ei krevjande oppgåve både med omsyn til tid og ressursar. Vi har fått investeringsmidlar til fleire tiltak, og gjennomføring av desse krev at vi må leige inn ekstern firma med nødvendig kompetanse og kapasitet. Vi har og erfart at eit tiltak som gjeld formålsbygg kan være uaktuelt både for lokale firma (for stort) og regionale firma (at det er for lite). Vi må få utarbeidd tilstandsanalyser, vedlikehaldsplanar og ROS-analysar for bygga. Brukaravtalane må reviderast.

- Formålsbygg: Fleire bygg treng oppgradering og rehabilitering. Det er t.d. fleire bygg der betongen har sprekker, bygget treng overflatebehandling, vindauge må skiftast.
- Utleigebustader: Det er eit stor behov for utvendig vedlikehald så som maling, skifte verandarekkverk, vindauge m.m. Nokre bygg har ein del råteskade. Fleire bustader treng og innvendig vedlikehald – slitt kjøkken, bad, generell oppussing. Dette gjeld i all hovudsak bustader til «vanskelegstilte» og bustader innanfor bu- og habiliteringstenesta.

- Energiforbruk og -kostnader: Dette gjeld alle formålsbygga. Vi har no konsentrert oss om nokre formålsbygg på Myra. Dei har unødvendig stort energiforbruk grunna trekkfulle vindauge, utdatert teknisk anlegg, og lite fokus på ENØK. I løpet av 2017 vil vi skifte ut fleire vindauge. I 2016 starta vi med å installere eigne straummålarar og fjernvarmemålar i nokre bygg. Dette arbeidet vil halde fram i 2017.
- Anna:
  - Kartlegge kommunalt eigde friområde/leikeplassområde rundt om i kommunen. Vi må få ein oversikt over tilstanden på leikeapparat/installasjonar.
  - Overflatebehandling av leikeplassapparat/installasjonar, uteområde skule og barnehage.
  - Vedlikehald av kommunalt uteareal elles.
  - Oppfølging av serviceavtalar og kostnader ved desse.
- Offentlege anskaffingar: Vi har eit interkommunalt samarbeid med Ålesund kommune, som gjennomfører mange av dei innkjøpsavtalene Vestnes er part i. Vi ser at tida som går med til eigne anskaffingar har auka dei siste åra. Kommunen vil ha større anskaffingar i tida som kjem.

## 11.4 Kva har vi oppnådd i 2016?

---

- Kommunale utlegebustader:
  - Gode rutine for å redusere tomgangsleige, og å sikre inntekter (unngå misleghald, oppjustere husleige når vi kan).
  - Ved utflytting, tettare på for å sjekke behov for vedlikehald/oppussing før neste leidgetakar flyttar inn. Har pussa opp 11 leilegheiter, der t.d. har 5 fått nytt kjøkken.
  - Kjøpt to nye bustader til vanskelegstilte.
- Uteområde/leikeplassar, skule og barnehage.
  - Faste intervall for tilsyn; dagleg visuelt tilsyn og periodisk tilsyn kvart halvår.
  - Nytt leikeplassutstyr ved Tomrefjord skule – klatrepyramide og svingstenger.
  - Tomrefjord barnehage ny sklie, erstatning for tidlegare apparat.
  - Tresfjord skule nytt huskestativ, erstatning for tidlegare apparat.
  - Gardstunet barnehage har fallmatter som fargar av. Har erstatta om lag 130 m<sup>2</sup> (storbarnsavd.) med nye fallmatter.
  - Fylt på/skifta ut sandkassesand/fallsand, i alt 64 tonn. Gardstunet barnehage -16 tonn, Tomrefjord barnehage - 16 tonn, Tomrefjord skule - 32 tonn.
- Sannert Kirkebøen. Etter riving er området lagt til rette for å sette opp eit tidlegare innkjøpt klatrestativ til barnehagen.
- Helland Barnehage Øvre:
  - Innreidd den 4. avdelinga og satt opp ei stor utvendig bod med overbygd oppholdsareal.
- Helland skule:
  - Installert 4 nye mobile lydveggar ved skulen. Desse er lettare å betene enn dei eldre foldedørane. I tillegg er dei nye veggane utstyrt med automatisk låsing.

- Ved ungdomsskulen på Helland hadde vi ei større vasslekkasje hausten 2016. Her måtte mykje av golvbelegget skiftast, og i samband med å tørke vegg- og etasjeskilje måtte det og utførast ein større jobb på bygget. (Forsikringssak.)
- Tomrefjord Skule:
  - Skifta ut 11 vindauge i underetasjen.
  - Pussa opp eit toalett.
- Vestneshallen:
  - Montert 2 nye heiskiljeveggar i hallen. Dei nye veggane har også ein viss lyddempande effekt.
  - Renovert inngangsparti og kjøkken.
- Ivar tun:
  - Utskifting av ein del vindauge
  - Etterisolering og ny bordkledning på 1 ½ fasade
  - Ny solskjerming
  - Ny terrasse
  - Nytt ventilasjonsaggregat for fløy-B og midtfløy
- Myraområdet:
  - Utskifting og oppgradering av ein del varmeanlegg, dette som eit ledd i Vestnes Energi AS si oppgradering og omlegging av fjernvarmenettet
  - Sterkt involvert i Vestnes Energi AS si utskifting og omlegging av fjernvarmenettet
  - Satt inn varmepumpe i gult adm.bygg og begge barnehagane på Myra.
- Etablert to ladepunkt til el-bilar, kommunen sine tenestebilar.
- Satt i drift nytt anlegg for naudstraum; Senior Plaza, Aktivitetssenter og Brannstasjon.
- Tilstandsanalyse Knausenbygget (lokala til kulturskulen)
- Innkjøp: Fleire nye avtalar er inngått i innkjøpssamarbeidet med Ålesund. Kommunen har kommunen sjølv nye anskaffingar innan reinhald kommunale bygg, rammeavtale leikeplassutstyr til skular/barnehagar, ny bil til brannvesenet, diverse konsulenttenester m.m.
- Etablert nye faste rutinar for lovpålagte eigenkontrollar i FamacWeb. Desse dukkar opp med korrekt intervall, og tilsynsmyndighetene har fullt innsyn i vårt IK-system.



Ivar tun - før renovering

## 11.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

---

- Vedlikehald og utbetring av uteområde på skular og barnehagar.
- Nytt leikeplassutstyr ved Tomrefjord skule.



Nytt leikeplassutstyr Tomrefjord skule

## 11.6 KOSTRA-tal på området

---

- egedomsdrift	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Nto. utg. Komm. Egedomsforv. pr innb.	2 582	4 439	4 835	4 471	2 842	4 862	3 645
Areal i m2 pr. innbyggjar	6	5,1	4,8	6,5	5,6	5,3	4,3
Netto driftsutgift pr. innbyggjar							
- administrasjonslokaler	43	349	347	224	200	502	463
- barnehagar	391	421	498	343	295	402	241
- grunnskule	984	2 065	2 114	1 992	1 785	1 950	1 980
- institusjonslokalar	542	873	889	876	338	860	614
- idrettsbygg	356	394	483	431	132	638	165
- kulturbygg	259	171	238	340	92	311	-
Komm disp. bustadar pr 1000 innb.	28	22	21	14	16	22	15
Komm. energikostmnadar pr. innb. (kr)	883	558	541	798	375 (?)	598	451
Energikostnad pr m2 (kroner)	146	109	109	122	67	113	105

- Vi bruker mindre på egedomsdrifta enn fylkes- og landsgjennomsnitt.
- Vi har har fleire kommunale bustader enn gjennomsnitt og det nabokommunane har. Det har nok samanheng med at vi har mange utleigebustadar som vart bygd i samanheng med ansvarsreforma.
- Energikostnaden pr. m2i kommunale bygg er høg.

## 11.7 Økonomisk resultat 2016

---

Tal i 1000 kr	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016			Budsjett 2016	Avvik og i %	
		Utgifter	Inntekter	Netto		i kroner	%
Administrativ leiing	840	896	0	896	855	41	4,8
Kommunale bygningar	18 155	37 697	20 096	17 601	17 629	-28	-0,2
Kommunale utleigebygg	588	3 127	2 293	834	568	266	46,8
Kommunale utlegebygg PU	370	6 220	6 175	45	23	22	95,7
Kommunale omsorgsbustadar	932	4 653	3 782	871	909	-38	-4,2
Drift Myra området	4 203	9 743	2 891	6 852	7 113	-261	-3,7
Felleskostnadar vaktmester m.m.	1 185	2 927	4 268	-1 341	-2 012	671	-33,3
Bustad og industriområder	856	1 213	224	989	1 054	-65	-6,2
<b>Sum egedomsdrift</b>	<b>27 129</b>	<b>66 476</b>	<b>39 729</b>	<b>26 747</b>	<b>26 139</b>	<b>608</b>	<b>2,3</b>

- Eininga hadde eit meirforbruk på vel 0,6 mill. kr.
- Netto driftsutgifter er imidlertid redusert med knapt 0,4 mill. kr frå 2015.
- Av utgiftene er ca 26,0 mill. kr kapitalkostnad (rente og avdag) som vert belasta eigedomsdrift. Dette er kun ei intern føring, det bør vurderast om vi skal avslutte denne føringa.
- Eigedomsdrift har stor omsetning, det meste (eks. kapitalkostnad) vert dekka av husleigeinntekter, både eksterne og interne.

### Utvikling 2014 – 2016

Tal i 1000 kr	Rekneskap			Endring 14 – 16	
	2014	2015	2016	sum	i %
Administrativ leiing	5	840	896	891	
Kommunale bygningar	17 995	18 155	17 601	-394	-2,2
Kommunale utleigebygg	241	588	834	593	246,1
Kommunale utlegebygg PU	-82	370	45	127	-154,9
Kommunale omsorgsbustadar	1 162	932	871	-291	-25,0
Drift Myra området	4 493	4 203	6 852	2 359	52,5
Felleskostnadar vaktmester m.m.	726	1 185	-1 341	-2 067	-284,7
Bustad og industriområder	1 070	856	989	-81	-7,6
	25 610	27 129	26 747	1 137	4,4

- Drift av kommunale utleigebygg PU er sjølvfinansiert, husleigeinntektene dekker både driftsutgifter og kapitalkostnad.
- I ordinære kommunale utleigehusvære og omsorgsbustadar (senior Plaza) dekker husleigeinntektene ikkje alle utgiftene.

# KAP 12 Økonomi og rekneskap

---

## 12.1 Innleiing

---

Rekneskapen for 2016 er ferdig avslutta og vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning i eiga sak. Viser til denne for utfyllande informasjon, den saka har også vedlagt mange detaljerte oversikter.

Administrasjonssjefen vil i årsmeldinga kommentere ein del forhold rundt drifta i 2016 og vise utviklinga på ein del område siste åra. Det vert også knytta ein del kommentarar til område der det er større avvik mellom budsjett og endleg resultat.

## 12.2 Resultat 2016

---

### Netto driftsresultat

Dette er resultat før bruk/avsetning til fond. Dette er det offisielle resultatmålet når ein vurderer økonomisk resultat for kommunesektoren.

**Netto driftsresultat 2016 vart:**

**Kr 1 508 629,43**

**Det utgjer 0,25 % av driftsinntektene. Dette er for lite. Teknisk beregningsutval rår til at overskott bør være minst 1,75 %.**

**Resultatet er likevel bedre enn for 2015 då det var eit negativt resultat på knapt 4,9 mill. kr.**

### Resultat samanlikna mot budsjett

Når vi ser på rekneskapsresultatet etter bruk/avsetning til fond m.m. får vi det resultatet som gjev rettast biletet av drifta i 2016 sett opp mot kommunestyret sitt budsjettvedtak.

**Rekneskapen viser eit overskott (mindreforbruk) på**

**Kr 3.309.031,39**

**Det er svært positivt at vi fekk eit overskott i 2016. Spesielt med tanke på av vi grunna nedgang i folketalet ikkje fekk så stor auke i skatteinntektene slik som mange andre kommunar, og at vi avskreiv uteståande fordringar som ikkje lenger var reell.**

Dei største avvika mellom rekneskap og budsjett er:

- Skatt- og inntektsutjamning	2 730
- Rammeoverføring	-365
- Tilskott til ressurskr. Brukarar	-657
- Integreringstilskott	1 297
- Ymse eksterne inntekter	-725
<b>Meir inntekt</b>	<b>2 280</b>
<b>Utgifter</b>	
- Driftsutgifter	1 824
- Renter og avdrag	-2 853
<b>Mindre forbruk</b>	<b>-1 029</b>
<b>"Overskott "</b>	<b>3 309</b>

- Skatt- og inntektsutjamning vart 2,7 mill. kr høgre enn budsjettet, sjå nærmere omtale seinare under kap. 12.5 inntekter.
- Integreringstilskott vart også høgre enn budsjettet, 1,3 mill. kr.
- Ein del andre inntekter vart mindre enn budsjettet, men samla vart dei eksterne inntektene knapt 2,3 mill. kr høgre enn budsjettet.
- Sjølve drifta hadde eit meirforbruk på 1,8 mill. kr. Det gjev likevel eit feil bilet av situasjonen då det er utgiftsført 3,7 mill. kr i «tapsføringar», sjå nærmere kommentarar nedanfor.
- Renter og avdrag vart knapt 2,9 mill. kr mindre enn budsjettet. Det er utgiftsført minimumsavdrag.
- Utgiftene vart vel 1,0 mill. kr mindre enn budsjettet og det i lag med meirinntektene på 2,3 mill. kr vart det eit samla «overskott» på 3,3 mill. kr.

#### **Avskriving av «tap på krav» m.m.**

I 2016 er det gjennomført ei vurdering av balansepostane, spesielt uteslåande fordringar, for å sjå om det er krav som ikkje lenger er reell.

Ein del fordringar var ikkje reell. Dette er krav som er inntektsført tidlegare år. Det er difor utgiftsført (tilbakeført tidlegare års inntektsføring) tilsaman vel 3,6 mill. kr som tap på krav i 2016 rekneskapen.


Dette gjeld m.a.:

- Trygderefusjonar NAV, for mykje inntektsført tidlegare år kr 1.700.000,-
- Premieavvik, for mykje inntektsført i 2008 kr 692.000,-
- Kommunalt viltfond, for mykje inntektsført tidl. år kr 124.000,-
- Tap kundefordringar, kredinor vurdert som tapt kr 287.000,-
- Bruk av VISA kort tidl. år, ikkje utgiftsført kr 238.000,-
- Andre krav/inntekter som ikkje er reell kr 122.000,-
- Andre krav ført tidlegare år kr 444.000,-

## 12.3 Netto driftsresultat siste åra

År	Netto driftsresultat
2007	-4 617 000
2008	-51 758 000
2009	11 450 000
2010	16 430 000
2011	-8 320 000
2012	32 406 000
2013	-870 000
2014	6 631 000
2015	-4 894 000
2016	1 508 000

Årsak til det "gode" resultatet i 2012 var at i samband med inndecking av tidlegare års underskott kjøpte Vestnes kommune aksjar for 32,0 mill. kr i VEAS. Som motyting fekk vi utbetalt tilsvarende sum i ekstraordinært utbytte. Dette er årsak til høgt netto driftsresultat, reelt sett var resultatet berre 0,4 mill. kr.



Figur nr 1: Netto driftsresultat 2005 – 2016 (korrigert resultat 2012)

- Netto driftsresultat har variert mykje frå år til år. Årsak til dette kan m.a. være:
  - Vestnes hadde i mange år midlar plassert i aksjefond og då hadde utviklinga på børsen innverknad.
  - Kor godt vi klarer å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene, og at vi klarer å holde drifta innanfor vedtatt budsjett er sjølvsagt viktig
  - Politiske prioriteringar frå sentralt hald har også stor innverknad då størstedelen av inntektene vert bestemt av Stortinget.
- I 2008 var det eit negativt driftsresultat på 51,8 mill. kr. Det vert ofte vist til at det skuldast børsfall det året. Det faktiske forholdet er at 28,0 mill. kr skuldast børsen, medan resten nær 24,0 mill. kr gjaldt drifta elles, spesielt meirforbruk på drifta inkl. renter og avdrag.
- Netto driftsresultat har vore altfor lavt seinare år, det er ikkje bærekraftig i lengda.

## 12.4 Inntekter

alle tal i 1000 kr	2 015	Rekneskap	Budsjett	Avvik
<b>Statlege overføringer</b>				
Skatt og inntektsutjamning	167 988	179 224	176 500	2 724
Rammeoverføring	144 939	148 541	148 900	-359
Vertskommunetilskott	102 000	102 945	103 000	-55
Tilskott ressurskr. brukarar	22 617	20 343	21 000	-657
Integreringstilskott	10 256	13 797	12 500	1 297
Komp. Eldreutb./skule/kyrkje m.m.	2 892	2 547	3 000	-453
<b>Statlege overføringer</b>	<b>450 692</b>	<b>467 397</b>	<b>464 900</b>	<b>2 497</b>
<b>Andre eksterne inntekter</b>				
Avkastning kraftfondet	-447			0
Utbytte VEAS	4 800	5 300	5 300	0
Eigedomsskatt	9 112	9 283	9 500	-217
<b>Sum andre inntekter</b>	<b>13 465</b>	<b>14 583</b>	<b>14 800</b>	<b>-217</b>
<b>Sum eksterne inntekter</b>	<b>464 157</b>	<b>481 980</b>	<b>479 700</b>	<b>2 280</b>

### Rammeoverføring og ekstra skjønsmidlar

Vart noko mindre enn budsjettet, sjølv om vi fekk 1,6 mill. kr i ekstra skjønsmidlar frå Fylkesmannen. Årsak til ekstra skjønsmidlar er at vi har høge utgifter til ressurskrevjande brukarar. Men ekstra skjønsmidlar er redusert siste åra, i 2014 fekk vi 3,3 mill. kr og 2,45 mill. kr i 2015.

### Skatt og inntektsutjamning

Skatteinntektene var budsjettet som oppgitt i statsbudsjettet, føresett auke på 10,0 mill kr frå 2016. Grunna nedgang i folketallet i 2016 (97 stykker) vart prognosan frå sentralt hald for skatt og inntektsutjamning i 2016 redusert i forhold til det som låg til grunn når budsjettet vart utarbeidd.

I rekneskapsrapport pr. 1. halvår 2016 vart skatteanslaget redusert med 1,5 mill. kr.

Skatteinngangen på landsbasis auka mykje meir enn rekna med i statsbudsjettet. Men i Vestnes vart det ikkje auke i skatteinntektene frå 2015 til 2016. Grunna at vi er minsteinntektskommune, skatteinntekt pr. innbyggjar mindre enn landsgjennomsnitt fekk vi kompensert delar av dette ved inntektsutjamning.

### Skatteinntekt og inntektsutjamning viser følgjande tal:

	2015	2016	Endring
Skatteinntekt	156 759 000	156 952 000	193 000
Inntektsutjamning	11 223 000	22 271 000	11 048 000
<b>Sum skatt- og innt. utj.</b>	<b>167 982 000</b>	<b>179 223 000</b>	<b>11 241 000</b>

### Skatteinntekter

- Skatteinntektene utgjer kr 23.741- pr. innbyggjar. Ein auke på berre 1,6% frå 2015, på landsbasis var auken 8,7 %.
- Skatteinntektene i Vestnes utgjer 82,6 % av landsgjennomsnittet som er kr 28.733,- Tilsvarande tal for 2012 83,5%, 2013 83,5%, 2014 88,8% og 2015 88,4%.
- Sjølv om det var ein liten prosentvis auke i skatteinntektene pr. innbyggjar i 2016 vart det, grunna nedgang i folketalet, ingen auke i innbetalt skatteinntekt i 2016.
- Grunna at vi har lågare skatteinngang enn landsgjennomsnittet får vi kompensert delar av dette tapet gjennom inntektsutjamningstilskott. Vi fekk vel 22,2 mill. kr i slik inntektsutjamning i 2016, ei dobling frå 2015. Årsak til det er at skatteinntektene på landsbasis auka mykje, men ikkje i Vestnes.
- Skatt- og inntektsutjamning utgjer då til saman kr 27.110,- pr. innbyggjar som tilsvarer 94,4 % av landsgjennomsnittet.
- Hadde skatt- og inntektsutjamning i Vestnes vore lik landsgjennomsnitt ville vi hatt ca. 10,7 mill. kr meir i inntekt.
- Tilsvarande ville inntektene vore over 2,6 mill. kr dersom innbyggjartalet ikkje hadde gått ned i 2015.

### **Tilskott ressurskrevjande brukarar**

Inntekta er knapt 0,7 mill. kr mindre enn budsjettet. Det har samanheng med at det var inntektsført 1,2 mill. kr for mykje i 2015 som måtte tilbakeførast i 2016.

Kravet for 2016 er kr 21.530.000,-.

### **Utbytte VEAS**

Det var i utgangspunktet budsjettet med eit utbytte på 4,0 mill. kr. Når det vart kjent at utbytte vart 5,3 mill. kr vart budsjettet også korrigert. I tilvarande var utbytte i 2015 4,8 mill. kr.

### **Asyl og integreringstilskott**

Statleg tilskott vi får som grunntilskott for dei plassane som var ved Vestnes mottak i 2016 før det vart avvikla. I tillegg tilskott til dei flyktingane som er busett i Vestnes kommune sidan 2013.

Tilskottet skal dekke dei utgiftene kommunen har. Asyl- og integreringstilskott vart 1,3 mill. kr høgre enn budsjettet. Det skuldast at det vart busett fleire flyktingar enn det som var føresett når budsjettet vart utarbeidd.

## Eigedomsskatt

2016 er femte året med eigedomsskatt. Det er slik skatt både på næringseigedommar, bustadar og fritidseigedommar. Skattesats var 2 promille, og har vore lik i alle åra. Frå 2017 er den auka til 4 promille.

Det er utskrive følgjande eigedomsskatt:

- Næringseigedommar kr 1.894.000,-
- Bustader og fritidseigedommar kr 7.389.000,-
- Sum eigedomsskatt kr 9.283.000,-

Eigedomsskatten auka med vel kr 171.000,- frå 2015.


## Eigeninntekter

Tal i mill. kr	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Trygderefusjon ved sjukefråvær *	15,8	13,9	18	16,2	19,7	18,6
Refusjon fødselspengar	1,3	2,4	2,9	1,9	4,2	3,9
Leigeinntekter bustadar	9,6	9,6	9,6	10,3	10,6	11,9
Betaling pasienter på institusjon	11,0	12,2	12,5	12,3	13,8	12,8
Årsavgift kloakk	6,1	6,3	6,5	6,7	7,4	8
Renovasjonsavgift	5,9	6,7	6,9	6,9	6,4	6,7
Betaling frå foreldre(barnehage, SFO m.m.)	9,0	9,4	10	10,7	11,2	10,6
Eigedomsskatt		8,6	8,6	9	9,1	9,3

\* I 2016 vart det "tapsført" 1,7 mill kr i trygderefusjonar, inntekt som var for mykje ført tidlegare år. Dei reelle inntektene i 2016 er såleis tilsvarende høgre.

## 12.5 Renter og avdrag

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Netto renteutg.	8 044	13 301	23 539	12 308	11 521	12 839	13 738	14 386	18 260	17 910	7 805
Avdrag *	11 415	11 500	12 944	13 875	15 708	15 662	15 566	15 803	16 886	17 867	13 356
<b>Sum</b>	<b>19 459</b>	<b>24 801</b>	<b>36 483</b>	<b>26 183</b>	<b>27 229</b>	<b>28 501</b>	<b>29 304</b>	<b>30 189</b>	<b>35 146</b>	<b>35 777</b>	<b>21 161</b>



Figur nr 2: Renter og avdrag 2006 – 2016

- I 2007 auka renta kraftig og fortsette med det i 1. halvår 2008, etter den tid gjekk renta ned att når finanskrisa kom.
- I 2014 auka renteutgiftene grunna høgre fastrente og mykje bruk av kassekredittlån.
- I desember 2015/januar 2016 innløyste vi kraftfondet, tilsaman 165,9 mill. kr. Summen vart brukt til ekstra nedbetaling av lån, 112,1 mill. kr og resten 53,8 mill. kr vart brukt til nedbetaling av kassekreditt.
- Det gjer at både renter og avdrag vart mykje redusert i 2016.
- I tillegg gjekk fastrenteavtalen vår ut i slutten av første kvartal 2016. Vi hadde fastrente på 250,0 mill. kr av låna, rentesats 4,7 %. No er det inngått fastrenteavtale på langt lågare rente (sjå under), det sparte vi også rente på.

## 12.6 Finans- og gjeldsrapport

Iflg. Finans- og gjelsreglementet, som vart vedteke av kommunestyret 15. september 2016, sak KST 79/16, skal administrasjonen rapportere status for finans- og gjeldsforvaltninga til kommunestyret minst to gonger i året i tillegg til rapportering i årsmeldinga.

Nedanfor følgjer ein oversikt over låna våre pr. 31.12.16:

Långjevar	Lånenr.	Opprinnelig beløp	Restgjeld	Rente	Rentevilkår	Bindingstid	Nedbetalt
Kommunalbanken	20160317	109 836 000	69 345 590	1,70	Fast rente	30.06.2021	2041
Kommunalbanken	20160318	71 940 000	65 950 300	1,97	Fast rente	11.08.2023	2040
Kommunalbanken	20140358	19 063 000	17 156 700	2,69	Fast rente	20.06.2019	2039
Kommunalbanken	20150041	29 550 000	27 777 000	1,30	Fast rente	29.01.2018	2040
Kommunalbanken	20120500	16 725 000	14 495 000	1,77	P.t. rente		2042
Kommunalbanken	20160342	64 649 000	64 649 000	1,75	P.t. rente		2046
KLP kommunekreditt	46847		5 527 000	1,87	Nibor-3 mnd		2024
KLP kommunekreditt	28032		70 875 000	1,84	Nibor-3mnd		2042
Husbanken	14603322	1 029 000	125 350	1,51	Flytande		2019
Husbanken	14608740	6 450 000	2 108 238	1,51	Flytande		2024
Husbanken	14612696	1 205 000	475 671	1,51	Flytande		2024
Husbanken	14615064	32 869 940	9 203 576	0,51	Flytande		2023
Husbanken	Startlån	1 000 000	462 913	1,51	Flytande		2028
Husbanken	Startlån	1 000 000	791 126	1,51	Flytande		2035
Husbanken	Startlån	6 000 000	5 978 501	1,51	Flytande		2037
Husbanken	Startlån	10 000 000	9 461 479	1,51	Flytande		2038
Husbanken	Startlån	4 000 000	3 926 982	1,51	Flytande		2039
Husbanken	Startlån	2 000 000	2 000 000	1,51	Flytande		2046
Husbanken	Startlån	8 000 000	8 000 000	1,51	Flytande		2046
			378 309 426				

- 47,6 % av låna våre er knytt til fast rente med attståande løpetid på mellom 1 år og 6,5 år.
- Gjennomsnittleg bindingstid (vekta rentebinding) for alle låna er 2,15, og snitt bindingstid for låna med fastrente er 4,5 år.
- Snitt rente pr 31.12.16 var 1,76 %. Det var ei svak auke i 2016, pr. 1. halvår var det 1,71%.
- Startlån utgjer 30,6 mill. kr.
- Alle låna er ordinære lån, dei fleste serielån. Det er ikkje lån i sertifikat- eller obligasjonsmarkedet.
- Vi har ingen lån som må refinansierast i løpet av dei neste 12 månadane.
- I sak FSK 71/16 vedtok Formannskapet at vi skulle binde renta på ca 150,0 mill. kr av lånegjelda vår, fordeling på 5 og 7 år. Samtidig slo vi saman mange lån til to. Eit på 70,8 mill. kr fastrente på 1,7% i 5 år, det andre 66,0 mill. kr fastrente på 1,97% i 7 år.


### Låna er fordelt på følgjande bankar:

Bank	Lånesum
Kommunalbanken	259 373 590
KLP Kommunekreditt	76 402 000
Husbanken	42 533 836
	378 309 426

## Utvikling i lånegjeld

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Oppnak av lån	23,3	50,9	1	21	16,8	26	26	31,5	72,6
Avdrag	12,4	13,9	18,4	15,7	16,9	15,8	16,9	130,1	13,3
Endring	10,9	37	17,4	5,3	-0,1	10,2	9,1	98,6	59,3
Lånegjeld	373,6	410,6	393,2	398,5	398,4	408,6	417,7	319,1	378,4

- I tillegg brukte vi ved årsskiftet 59,2 mill kr av kassekreditten, innvilga ramme 120,0 mill. kr. Ved utgangen av 2014 tilsvarande tal 84,7 mill. kr og 2015 69,4 mill. kr. Nedgangen har samanheng med at vi brukte delar av kraftfondet til å nedbetale kassekreditt.
- Unytta låneopptak ved utgangen av året er 28,5 mill. kr i ubrukt låneopptak, det har samanheng med at fleire store investeringsprosjekt som det var teke opp lån til i 2016 enno ikkje er starta/eller ferdig. Ved utgangen av 2015 var tilsvarande unytta låneopptak 5,2 mill. kr.



Figur nr 3: Lånegjeld 2005 – 2016


- Lånegjelta 31.12.16 var 378,4 mill. kr, det er ein auke på 59,3 mill. kr frå året før.
- I 2015 var det ein reduksjon på 98,6 mill. kr, dette grunna ekstra nedbetaling når vi avvikla fondsplassering.
- Netto lånegjeld pr. innbyggjar (Kostra tal) er kr 51.754,-. Fylkesgjennomsnitt er kr 83.741,- og landsgjennomsnitt kr 65.562,-.

## 12.7 Resultat på einingsnivå

	Rekneskap 2015	2016		Avvik 2016	
		Rekeskap	Budsjett	i kroner	og i %
Politisk styring	<b>6 279</b>	<b>6 330</b>	<b>6 229</b>	<b>101</b>	<b>1,6</b>
Sentraladministrasjonen	10 041	10 799	10 761	38	0,4
Servicekontor	2 977	<b>2 848</b>	<b>3 395</b>	-547	-16,1
Fellesutgifter	4 368	14 698	12 837	<b>1 861</b>	<b>14,5</b>
<b>Sum sentraladm. m.m.</b>	<b>17 386</b>	<b>28 345</b>	<b>26 993</b>	<b>1 352</b>	<b>5,0</b>
Fiksdal skule	5 827	5 549	5 778	-229	-4,0
Tomrefjord skule	23 787	23 231	23 474	-243	-1,0
Helland skule	32 025	33 585	32 623	962	2,9
Tresfjord skule	5 541	5 394	5 373	21	0,4
Fellesutg undervisning	7 031	8 050	7 414	636	8,6
<b>Sum grunnskule</b>	<b>74 211</b>	<b>75 809</b>	<b>74 662</b>	<b>1 147</b>	<b>1,5</b>
Tomrefjord barnehage	3 594	3 269	3 210	59	1,8
Tresfjord barnehage	2 717	2 858	2 999	-141	-4,7
Helland barnehage	12 134	12 766	12 976	-210	-1,6
Fiksdal barnehage	2 567	2 480	2 576	-96	
Gardstunet barnehage	3 997	4 325	4 316	9	0,2
Skorgen barnehage	2 955	1 373	1 381	-8	-0,6
Fellesutgifter barnehagar	3 648	3 582	3 559	23	0,6
Private barnehagar	8 342	8 972	8 957	15	0,2
<b>Sum barnehagar</b>	<b>39 954</b>	<b>39 625</b>	<b>39 974</b>	<b>-349</b>	<b>-0,9</b>
Vestnes kulturskule	4 672	4 773	4 520	253	5,6
Kultur	1 960	2 120	2 776	-656	-23,6
Bibliotek	1 277	1 245	1 319	-74	-5,6
Frivilligsentral	420	564	537	27	5,0
Kyrkjelege formål	4 290	4 441	4 489	-48	-1,1
<b>Sum Kultur</b>	<b>12 619</b>	<b>13 143</b>	<b>13 641</b>	<b>-498</b>	
Barne- og ungdomst.	25 512	23 026	21 719	<b>1 307</b>	<b>6,0</b>
Vaksenoppl. og flyktningetenesta	3 856	8 377	8 324	53	0,6
Heimetenestene	36 222	37 671	36 583	<b>1 088</b>	<b>3,0</b>
Vestnes sjukeheim	49 123	51 384	50 495	889	1,8
Hellandtunet	24 354	24 630	26 248	-1 618	-6,2
Fellesutg. Plei- og omsorg	1 620	1 381	2 941	-1 560	-53,0
Helsevern	9 234	9 590	9 247	343	3,7
NAV - sosial kommune	7 164	8 594	8 110	484	6,0
<b>Sum helse, omsorg, velferd</b>	<b>127 717</b>	<b>133 250</b>	<b>133 624</b>	<b>-374</b>	<b>-0,3</b>
Bu- og habiliteringstenesta	109 949	113 176	116 178	-3 002	-2,6
Eigedomsdrift	27 129	26 747	26 139	608	2,3
Tekniske tenester	13 194	15 706	14 244	<b>1 462</b>	<b>10,3</b>
Kjøp tenester Tremek	2 720	2 612	2 600	12	0,5
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>460 526</b>	<b>486 146</b>	<b>484 327</b>	<b>1 819</b>	<b>0,4</b>

## 12.8 Kvar brukar vi pengane

Rammeområde	Tal i 1000 kr Rekneskap 2016	i % av totalforbruket
Politisk verksemd	6 330	1,3
Sentraladm/servicektr/fellesutg	28 345	5,8
Grunnskule	75 809	15,6
Barnehage	39 625	8,2
Kulturskulen, almen kultur og fritid	13 143	2,7
Barne- og ungdomstenestene	23 026	4,7
Vaksenoppl. Og flyktingengetenesta	8 377	1,7
Helse, omsorg og velferd	133 250	27,4
Bu- og habiliteringstenestene	113 176	23,3
Teknisk sektor	15 706	3,2
Eigedomsdrift	26 747	5,5
Kjøp tenester Tremek as	2 612	0,5
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>486 146</b>	<b>100,0</b>




Figur nr 4: Her bruker vi pengane

- Pleie- og omsorg (helse, omsorg og velferd og Bu- og habiliteringstenestene) er dei klart største sektorane i kommunen med nesten 51 % av kommunen sitt netto forbruk.
- Grunnskule og barnehage er dei andre store sektorane med nesen 24 % av forbruket.
- Samla bruker dei sektorane som er nemnt ovanfor 74,5 % av netto driftsutgifter.

## Utvikling siste åra

Rammeområder	Tal i 1000 kr	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Endring i % 2013 - 2016
Politisk verksemd	5 057	5 297	6 279	6 330		25,2
Sentraladm/servicektr/fellesutg	23 060	23 976	17 386	28 345		22,9
Grunnskule	72 162	71 083	74 211	75 809		5,1
Barnehage	36 560	38 112	39 954	39 625		8,4
Kulturskulen, almen kultur og fritid	11 386	12 010	12 619	13 143		15,4
Barne- og ungdomstenestene	21 815	27 396	29 368	31 403		44,0
Helse, omsorg og velferd	136 726	139 659	127 717	133 250		-2,5
Bu- og habiliteringstenestene	111 516	108 754	109 949	113 176		1,5
Eigedomsdrift	26 986	25 611	27 129	26 746		-0,9
Teknisk sektor	10 000	12 552	13 194	15 706		57,1
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>455 268</b>	<b>464 450</b>	<b>457 806</b>	<b>483 533</b>		<b>6,2</b>



Figur nr 5: Utvikling i kostnadane siste åra

- Auken i teknisk sektor gjeld for det meste auka utgiftene til drift av kommunale vegar inkl. gatelys. Utgiftene er spesielt høge i 2016 grunna at det er belasta for straum i gatelysa for 3 år (2014-2016).
- BUT aukar også mykje dette grunna at dei har fått ansvar for kommunen si asyl- og flyktningeteneste.
- Dei store sektorane har liten eller ingen auke i utgiftene i perioden, og mindre enn det løns- og prisauken er i perioden.

## 12.9 Kva bruker vi pengane til

- Lønsutgifter og sosiale kostnader er den klart største utgiftsposten til kommunen og utgjer over 72 % av samla driftsutgifter.
- For mange sektorar utgjer løn og sosiale utgifter langt høgre del av utgiftene, nemner barnehage og skule med 90 %, og Bu- og habiliteringstenestene 95 %.

### Ein del av det vi bruker pengane til:

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	Endring i % 2010 - 2015
Løn faste stillinger	184,6	193,8	208,0	216,5	227,3	229,2	24,2
Arbeidsgjeveravgift	41,8	46,4	49,2	43,2	38,6	39,5	-5,5
Pensjonspremie	32,5	34,8	40,0	43,7	45,1	48,0	47,7
Avtalefesta tillegg	26,6	29,7	33,4	33,0	32,3	32,7	22,9
Sjukevikarar	19,1	20,3	20,4	18,0	17,7	18,6	-2,6
Ferievikarar	7,8	8,4	8,4	8,3	8,1	8,4	7,7
Overtid	3,2	5,4	6,5	5,3	5,0	5,8	81,3
Løn/godtgjersle fosterheimar	4,0	3,7	3,9	5,2	6,8	5,8	45,0
Brensel/ elektrisk energi	9,2	7,8	10,1	9,6	10,6	9,6	4,3
Matvarer	4,2	4,6	4,6	4,8	4,8	4,9	16,7
Inventar og utstyr	2,9	4,3	3,5	3,9	2,6	3,5	20,7
Private barnehagar	9,4	11,2	10,3	8,3	8,6	9,1	-3,2
Kjøp reinhaldstenester	3,0	2,7	3,4	3,3	3,5	3,5	16,7
Skuleskyss	2,2	2,7	2,7	2,6	2,6	2,4	9,1

- Pensjonsutgiftene har auka mykje i perioden, meir enn auken i lønsutgiftene.
- Arbeidsgjeveravgifta er redusert, og det har sjølv sagt samanheng med at vi fekk redusert arbeidsgjeveravgiftsone frå 01.07.14. Likevel betalte vi i 2016 tilbake 39,5 mill. kr til staten.
- Overtidsbruken auka kraftig i mange år. Vi har siste åra sett sterk fokus på at den skal reduserast og ser effekt av dette arbeidet i 2014 og 2015, men den auka noko att i 2016.
- Sjukevikarutgiftene har auka lite siste åra. Korrigert for lønsauken i perioden så er det nok ein reell reduksjon. Det har nok også samanheng med bevisst sparetiltak. Trygderefusjonane har derimot ikkje gått ned siste åra. Det tyder på at det, truleg grunna sparetiltak, vert tatt inn mindre vikarar ved sjukdom.
- Utgiftene til løn/godtgjersle fosterheimar har auka mykje i perioden, men vart redusert i 2016. Det har samanheng med at vi har mange barn plassert i fosterheim.

## 12.10 Investergsrekneskap

---

Det var godkjent følgjande sum til investeringar i 2016:

• KST 111/15 – Investeringsrekneskap 2016	kr 65.950.000,-
• KST 3 /16 - Overført unytta løyving tidlegare år	kr 50.280.000,-
• KST 67 /16 - Auka aksjekapital Ørskogfjell skisenter as	kr 600.000,-
Sum investeringsbudsjett 2016	<u>kr 116.830.000,-</u>

Rekneskapen viser følgjande utgifter:

• Investeringar i anleggsmidlar	kr 50.663.570,08
• Utlån og forskotteringar	kr 2.825.476,50
• Kjøp av aksjar og andelar *	kr 3.067.167,00
• Avdrag på utlån	kr 531.465,00
• Dekking av tidlegare års udekka finansiering	kr 6.099.047,47
• Avdrag på utlån	<u>kr 2.773.239,00</u>
Sum investeringsutgifter 2016	<u>kr 65.959.965,05</u>

\* Aksjekjøp gjeld:

• Eigenkapitalinskott KLP	kr 2.362.167,-
• Innskottskapital Møre og Romsdal Revisjon IKS	kr 105.000,-
• Ørskogfjell skisenter as	kr 600.000,-

Det er investeringar i anleggsmidlar (prosjekt løyvd av kommunestyret) som er langt lågare enn budsjetter.

Årsak til dette er at ein del prosjekt det er gitt løyving til ikkje vart starta opp/eller vart ferdig i 2016.

Nemner store prosjekt som hadde att unytta løyving

• Sjøfronten	25,65 mill. kr
• Sjögata	4,8 mill. kr
• Buktavegen	6,2 mill. kr
• Planlegging av helsehus	3,9 mill. kr
• Planlegging ny ungdomsskule	3,8 mill. kr
• Kjøp bustadar til vansklegstilte	6,5 mill. kr

Viser til sak om årsrekneskap 2016, der vedlagte rekneskapshefte har med meir informasjon om investeringsrekneskapen, m.a. note 2B som gjev oversikt over alle investeringsprosjekta.

